

RF



FOLK i Ryfylke 1/86

FOLK 1/86 i Ryfylke

Tidsskrift for Ryfylkemuseet

Redaktør: Målfrid Snørteland



Utgitt av Ryfylkemuseet

Innhold

- | | |
|--|---|
| 3 Redaksjonelt | 52 Industrien på bygda –
Tre næringstiltak i Hjelmeland
Av Njål Tjeltveit |
| 5 Pionerane er borte
Av Roy Høibo | 60 Enighedens Kobber Verk –
Ryfylkes første industriforetak
Av Trygve Brandal |
| 7 Ståverk på Jørpeland
Av Lars Gaute Jøssang | 70 Årsmøte 1986 |
| 25 Jærstolar – eit tradisjonsrikt
hjelmelandsprodukt
Av Njål Tjeltveit | 71 Årsmelding 1985 |
| 45 Sigmundstad Sagbruk
og Kassafabrikk
Av Målfrid Snørteland | 89 Rekneskap 1985 |

FOLK i Ryfylke

Tidsskrift for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Utgivar: Ryfylkemuseet

4230 Sand

Telefon 047 - 97 377

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem med to nummer i året.

Abonnementsprisen for 1986 er kr 85,-.

og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet.

Postgirokonto 5 66 29 11

Bankgirokonto 3202.07.01527

Tekst til bilde på framsida:

Stolane fra møbelverkstaden til Hetlelid skal kjørast til kaien i Tøtlandsvik.

Fotografert i 1930-åra.

Sats, repro, trykk og innbinding:

Allservice A.s, Stavanger

Tilrettelagt av Dreyer Bok, Stavanger

ISSN 0800-4692 FOLK I RYFYLKE

Redaksjonelt

I årsmeldinga for 1985 har me oppsummert at Ryfylkemuseet dette året har auka engasjementet sitt utanom vertskommunen og såleis styrka si rolle som regionmuseum. Gjennom utstillinga «Frukt og bær i Hjelmeland» og ei omfattande fotoinsamling har me særleg klart å utvida aktiviteten vår i Hjelmeland.

Ryfylkemuseet har likevel ei overordna målsetjing om å fylla rolla som regionmueum for heile Ryfylke. Men museet kan vanskeleg ta på seg nye store oppgåver før ein får nye stillingar og vesentleg auke i driftstilkottet.

Gjennom tidsskriftet vårt ynskjer me likevel å nå fleire folk i Ryfylke. Me vil gjerne ha meir stoff frå dei andre kommunane i regionen. Difor tar me med glede imot forslag på artiklar eller tema for seinare nummer.

Hjelmeland og Jørpeland pregar dette nummeret av tidsskriftet. Og me har freista samla stoffet kring temaet «industrien på bygda». Sjølv om dei fleste arbeidsplassane i Ryfylke har hatt tilknytning til primærnæringane jordbruk og fiske, har det og funnest dei som laut skaffa seg ein annan leveveg.

I seinare år har yrkesmönsteret blitt meir samansett. Talet på industriarbeidarar auka mykje i 1970-åra, og ei rad nye arbeidsplassar i tenesteytande næringar har komme til. Men kva utvegar utanom primærnæringane fannst det i bygdesamfunnet tidlegare?

I dette heftet presenterer me nokre av desse utvegane. Njål Tjeltveit skriv først om jærstolproduksjonen i Hjelmeland. I ein annan artikkel går han nærmare inn på tre mindre industriføretak som brusfabrikken på Jøneset, pukkverket på Fister og kiselgurdrifta i Årdal. Målfrid Snørteland har sett på Sigmundstad Sag og Kassefabrikk på Fister, og Trygve Brandal har leita opp stoff om «Enigheden Kobber Verk» i Hjelmelandsvågen.


Industrien i Hjelmelandsbygdene var mindre verksemder som ikkje førte til særlege sosiale omskifte i bygdesamfunnet. I nabokommunen Strand kan me studera korleis storindustrien gjorde sitt inntog på bygda. Lars Gaute Jøssang skriv nemleg om etableringa av stålverket på Jørpeland og dei endringane dette førte til i bygdesamfunnet.

For 1986 ber me dykk betala 85 kroner i medlemspengar. Desse inntektene går til å dekka kostnadene ved tidsskriftet. Men enno treng me fleire abonnentar om føretaket skal bera seg økonomisk. Likevel kan me også i år notera ein fin auke i medlemstalet. Meir stoff om museet si verksemd det siste året finn de i årsmeldinga bakerst i heftet. Der finn de og dei sakene som skal behandlast på årsmøte 3. april.

Vel møtt!



Johan Veka fotografert av Inge Bruland på Kolbeinstveit i 1983.



Peder Heskestad fotografert av Stavanger Aftenblad i 1971.

Pionerane er borte

AV ROY HØIBO

I det 50. arbeidsåret til museet har dei siste av grunnleggarane gått bort. Peder Heskestad døydde 23. februar, 86 år gammal, og 24. juni døydde Johan Veka, 89 år gammal.

Dermed er pionerane borte, dei som tok initiativet, la grunnlaget og bygde eit museum opp frå ingenting til ein kulturinstitusjon som nå er regionmuseum med store samlingar, millionbudsjett og fast tilsette medarbeidarar.

Peder Heskestad var leiaren og formannen som styrtre museet like frå innsamlingsarbeidet tok til i 1934 til han gikk ut av styret i 1975.

— Det som særmerkte Peder Heskestad, lærararen frå Klepp som starta museet, var den store arbeidshåtten, sa Johan Veka ein gong.

— Han gjorde seg ferdig med det han tok til med, utsette aldri til i morgen det han kunne gjera i dag, men tok heller aldri på med meir enn det han kunne rekke med.

Dei andre i styret stolte nokså fast på vurderingane til Heskestad, har Veka vidare fortald. Han hadde på same tid både god innsikt i dei problema ein sto føre og eit praktisk handlag i evna til å løysa dei.

Johan Veka såg opp til Peder Heskestad og det arbeidet han la ned for å berge kulturminne både frå Ryfylke og Jæren. Men det er klart at Veka sjølv også var ein sentral person, ikkje minst når det galdt oppbygginga av samlingane i Suldal.

Johan Veka kom sjølv med i museumsarbeidet så tidleg som i 1934, da Peder Heskestad og Harald Hals II kom til Bråteit for å kjøpe Guggedalsloftet. Og da museet vart skipa ved opninga i Stavanger i 1936 kom han med i styret. Der sat han like til i 1974.

Ideen ein arbeidde med denne første tida var å bygge opp eit friluftsmuseum på Tjensvoll ved Mosvatnet i Stavanger. Hit skulle det flyttast både Ryfylke-tun og Jær-tun og bygårdar frå Stavanger.

Guggedalsloftet frå Bråteit var den første bygningen museet fekk hand om, og noen til var og flytta til Stavanger da museet vart opna med stor festivitas, men ideen om det store folkemuseet i byen vart snart oppgitt, og ideen om bygdetunet kom i staden.

Dette viste seg å vera ein langt meir berande ide. I første omgang konsentrerte ein seg om å skipe eit bygdetun på Jæren og eitt i Ryfylke. Likevel var det husa på husmannsplassen Røynevarden i Suldal som vart den første avdelinga i det sterkt desentraliserte museet som etterkvart voksa fram.

På Jæren var det Grødal land som var bygdetun og i Ryfylke Kolbeinstveit. Seinare kom ymse enkeltsåande bygningar og mindre anlegg til, og da museet saman med Hjelmeland kommune tok på seg ansvaret for Viga-tunet først i 1970-åra talde bygningsmassen heile 50 hus.

Dette kom ikkje av seg sjølv. Og ikkje hadde dei faste tilskottssordninga for drifta heller, slik som vi har i dag. Likevel greidde dei å bygge opp ei bygningssamling som gjennom si breidde gir god innsikt i bu- og driftsforholda i det gamle bondesamfunnet.

Men det var ikkje berre innsamling og bevaring dei fekk tid til. Både Peder Heskestad og Johan Veka var lærarar og dei nytta kunnskapane og evnene sine vel også i det pedagogiske arbeidet som må vera knytt til eit museum.

Da styret i «Årbok for Jæren og Dalane» i 1958 vende seg til museet med spørsmål om museet ville ta på seg ansvaret for årboka var det berre naturleg at dei sa ja til det og samstundes utvida området for årboka og ga ho nytt namn. Peder Heskestad vart redaktør og årboka kom ut med 17 bind under namnet «Frå bygd og by i Rogaland» i åra 1959 til 1979.

Johan Veka skreiv fleire artiklar i årboka, men er

elles kjent for ei rekke sjølvstendige bøker og artiklar i andre organ. Hans evne til å gjera fortida levande og interessant gjorde han dessutan til en etterspurd kåsør heilt til det siste. Han var læraren og folkeopplysaren for fleire enn dei som sat under kateteret hans i skulestova.

Både Peder Heskestad og Johan Veka fekk kongens fortjenstemedalje i gull for den kulturelle innsatsen sin. Og dei fekk andre heidersprov, m.a. fekk Johan Veka kulturprisar både frå Rogaland Fylkeskommune og Suldal kommune.

Sjølv om museet etter Johan Veka og Peder Heskestad si tid har fått fast tilsette medarbeidarar finst det framleis mange frivillige museumsarbeidarar som legg ned eit stort arbeid for å verne om og formidle kunnskap om tida før oss. Det må likevel vera rett å seia at innsatsen til dei to som nå har gått bort dette siste året står i ein særstilling.

Dei bygde eit museum, dei fekk det til å fungere i lokalsamfunnet og dei formidla kunnskapar om det gamle bondesamfunnet på mange ulike måtar. Dei var ikkje aleine om arbeidet, men dei var blant dei ivrigaste og ytte vesentlege bidrag til det som i dag er Ryfylke-museet og ein del av eit gryande Jærmuseum.

Stålverk på Jørpeland

AV LARS GAUTE JØSSANG

Kva skjer i eit lite bygdesamfunn når storindustrien kjem veltande innover det? spør Lars Gaute Jøssang i denne artikkelen. Han held på med hovudfag i historie og skriv hovudfagoppgåve om stålverket på Jørpeland.

I Ryfylke er det først og fremst Sauda og Jørpeland som har opplevd den bråe overgangen frå bondesamfunn til industrisamfunn. Industrisamfunnet Sauda har vore tema for eit tidlegare nummer av «Folk i Ryfylke». I denne omgangen skal me ta føre oss etableringa av stålverket på Jørpeland og dei sosiale omskifte dette førte til for bygdesamfunnet her.

Under anleggstida kom det mange framande til Jørpeland. Det var svenske rallarar «som spotta snus»

og det var fagfolk frå kontinentet — i fyrste rekje tyskarar. Kanhende var det ikkje rart at innflyttarane kom i konflikt med bygdefolket, og at både presten og andre var ottefulle over lovløysa og sedløysa mellom anleggsarbeidarane. Etter kvart fekk stadig fleire jørpelendingar arbeid på bedrifta og blei stålverksarbeidarar. Sjølv om mange stakk av frå verket når vårsilda blei meldt mot kysten.

Overgangen frå ei livsform til ei anna kunne vera vanskeleg. Det var heller ikkje lett for dei innfødde som heldt fast ved bondesamfunnet å akseptera dei nye gruppene som kom til — med andre tankar, verdiar og holdningar. Det var mange slags folk på Jørpeland som skulle leva saman i desse åra.

Kva skjer i eit lite bygdesamfunn når storindustrien kjem veltande inn over det? Mange bygdelag i Noreg har opplevt nettopp dette. På våre kantar, dvs. i Ryfylkeregionen, er det først og fremst Sauda og Jørpeland ein tenkjer på i denne samanhengen. Sauda fekk smelteverk og Jørpeland stålverk meir og mindre samstundes.

No siktar ikkje denne artikkelen mot å jamføra industrialiseringsprosessen på desse to stadene, endå det ville ha vore eit spennande prosjekt. Interessa vil

utelukkande bli retta mot Jørpeland og det som hende der i tidsrommet 1910 til -40. Det er sjølvsagt uråd å ta opp alle sider ved omveltinga. Eit utval må gjerast. Endringar i kulturlandskapet fell det naturleg å peika på. Vidare tykkjест endringar på det økonomiske, sosiale, kulturelle og politiske området relevante. Det seier seg mest sjølv at det også må orienterast litt om tilhøva før storindustrien kom. Ei kort bakgrunnsskisse høyrer opplagt med. At det også må spanderast nokre ord på anleggsfasen og stålverket som bedrift, gjev seg

i grunnen sjølv. *Men hovudvekta i framstillinga vil liggja på endringar i og rundt lokalsamfunnet Jørpeland.*

Artikkelen pretenderer ikkje å gje eit i alle måtar sant og korrekt bilet av utviklinga og endringane på staden i den nemte 30-års bolken. For å kunne nærma seg eit slikt mål, må det ennå gjerast mykje grundig granskingsarbeide. Dette gjer at påstandane som vert sette fram, ikkje alltid er så godt underbygde. Mykje er basert på tru, meir enn på sikker kunnskap. Det same kan forsåvidt seiast om det som måtte vera av hypoteser. Likevel om dette sterkt må haldast fram, vil truleg artikkelen gje eit visst innsyn i tilfellet Jørpeland, om enn det vert i omtrentleg form til tider.

FØR INDUSTRIEN KOM

Heilt ukjent med industri var no Jørpeland ikkje. I tilknytning til Tunglandselva, hadde det frå gammalt av vore sag- og kvernbruksdrift. (Elva renn ut i Jørpelandsvågen). Det var såleis både oppgang-, sirkel- og bandsag i svev. I 1882 kom den fyrste fabrikken, om ein kan bruka den nemninga då, til Jørpeland. Den nytta då hestekreftene i Tunglandselva og fekk namnet Jørpelands Brug. Arbeidsstokken ved denne verksemda svinga mellom 10 og 17 jamnt over. Men på eit bilet teke i 1895, kan ein telja til over 20. Det må tyde på at bruket var inne i ein god periode då. Med så få tilsette, kan ikkje dette karakteriserast som anna enn småindustri.

Det same gjeld for «Tunglands Snedkerfabrik og Sirkelsag» som også etablerte seg i området. Berre 3 mann arbeidde her i 1895; mest for ingen ting å rekna.

Berre eit fåtal av jørpelendingane var engasjert i småindustrielle verksemder altså. Dei aller fleste dreiv

med jordbruk i større og mindre målestokk. Mange var det ikkje som levde av jorda åleine. Bruka var for små til det. Ved sida av fisket, var *jektefart*, den vanlegaste attåtnæringa. Ein del sysla visstnok berre med dette, og kanskje var denne geskjeften vel så viktig for bygda som fisket. Jordbruket spelte i grunnen ikkje nokon stor og avgjerande rolle. Augo var vendt mot sjøen. Det vesentlegaste til levemåten vart henta derifrå.

Noko overflodssamfunn var ikkje Jørpeland like etter århundreskiftet. Folk sat jamnt over i tronge kår. Det såg helst smått og stusseleg ut, har tilflyttarar fortalt meg. Og det som var av velstand, fordele seg nok relativt jevnt på innbyggjarane. Inn i dette bygdesamfunnet var det at storindustrien gjorde sitt inntog i 1910.

KARAR SOM SPOTTA SNUS

Olaf G. Tungland var berre småguten i 1910. Likevel hugsar han det enno, som det skulle ha hendt i går. Ein dag stod det to svære karar heime i tunet. Klesbunaden deira røpa at dette ikkje var «vanlege» folk. Dei hadde skinnbukser, busserullar og store vidbremma hattar på seg. Det var noko nytt. Vidare undra vesle Olaf seg på det brune dei hadde i munnen, som dei tid om anna sendte av garde gjennom lufta i ei stor klyse. Så snakka dei på eit merkeleg vis. Dei hadde ein frammand og ukjensleg drei på språket sitt.

Småguten skjøna ikkje då at det var rallarar som hadde kome til gards. Dei spurte etter husrom. Desse to svenskane kom frå Stavanger. Dei hadde teke seg fram til Høle. Ein eller annan høgsfjording gav dei skyss over til andre sida, og så hadde dei då gått til Tungland, fortalte framandkarane. Seinare skulle det koma fleire rallarar til Jørpeland. Mange av desse kom frå Sverige, men det var også ein del nordmenn, særleg *austlendingar*. Sjølvsagt var det også ein del frå Jørpeland og



Frå kaiområdet på stålverket i 1930-åra. Sentrum på Jørpeland i bakgrunnen. («Stavanger Electro Staalverk Aktieselskap 1912–1937.»)

kommunen elles, som såg eit høve til raskt tente pengar.
Rallarar som Olaf støyte på, kunne sikkert mange
rallarviser. Kanskje nynna dei stundom på det vesle
verset under?

Jag var en liten rallare från Dalarna,
Jag kom, jag gick mig halt,
Jag frös och svalt.
Jag lå i lader överalt.
Min Upplandsböner tänker jag
förlön på domens dag.

STAVANGER ELECTRO STAALVERK A/S

Det var *A/S Ryfylke Kraftanlæg* som hadde sett i gong med utbyggjing av Jørpelandsvassdraget. Selskapet hadde fått konsesjon på tampen av fjoråret. Når den var i orden, kunne arbeidet ta til.

Dei som hadde kjøpt opp vassrettar i Jørpelandsvassdraget, hadde mellom anna eit tresliperi i tankane. Utrekningar hadde synt at eit slikt ville vera konkurransedyktig med dei større austpå. Det var utsiktar til god forteneste. Så rekna også selskapet med å gjera gode pengar på å leiga bort den resterande krafta, for tresliperiet ville ikkje, slik det var planlagt, bruka all straumen.

Initiativtakarane hadde rekna med at prisen på tremasse ville halda seg stabil, eller helst bli betre. Dei motsette skjedde. Ja, prisen fall såpass mykje at planane om eit tresliperi blei forletne. Det var ikkje økonomiske forsvarleg å gå i gong. Konsekvensen av dette vart at heile den elektriske straumen som skulle bli produsert, kunne bydast ut til interesserte kundar. Spørsmålet var berre, fanst det ein brukbar kjøpar?

På Buøy ved Stavanger dreiv *skipsmeglar Ths. H. Poulsson* eit *skipsoppnungs firma*. Frå hamna blei det skipa ut eine lasta etter den andre med skrapjern. Dette gjekk til stålverk i inn- og utland. Ikkje alltid var fortenesta like god. Spesielt ille var det visstnok i 1908–09. Både dette å senda skrapjernet ut av distriktet, og dei tildels vanskelege konjunkturane, var frå Poulsson sin synstad, lite tilfredsstillande. Han kunne nok tenkt seg ei endring. Kva om skrapjernet kunne blitt foredra i distriktet?

Då *ingeniør Kjellin* kom med sin elektriske stålavn rundt århundreskiftet, «da spisset jeg ørene». Kunne det la seg gjera «at elektrisk smelting og raffinering kunne sette oss i stand til å leve kvalitetsprodukt av de billige forhåndenværrende råmaterialer?» Poulsson såg

m.a.o. mulegheten som den nye teknikken opna for. Han engasjerte ein fagmann som fekk i oppgåve å halda eit auga med dei nye stålavnane som var under utvikling på kontinentet. Fagmannen gjorde ein god jobb for Poulsson. «Han bidrog i høy grad til å holde interessen varm», skriv Poulsson i sine opptekningar.

Situasjonen var då den at i 1910 var det ledig elektrisk kraft på Jørpeland. Vidare hadde smelteteknikken blitt utvikla på ein måte som gjorde at straum kunne brukast med hell. Sjølv sat Poulsson med billege råmateriale på Buøy. At kraftutbyggjarane på Jørpeland og «skrapmannen» på Buøy fann kvarandre, er difor ikkje så merkeleg. Begge partane kunne få utteljing for sine interesser og planar ved eit samarbeid.

Stavanger Electro Staalverk A/S (SES) blei formelt skipa den 29. desember i 1910. Aksjar blei lagt ut for sal i november same året. Det heitte i innbydinga at «Sel-skabets Formaal» er af Jern- og Staalaffald fra Stavanger Skibs-Ophugnings Co. m.fl. at fremstille Kvalitetsstaal ad electrick vei». Midtsommars i 1911 fekk selskapet konsesjon.

Det var då arbeidet kom i gong på stålverkstomta at jørpelendingane for alvor merka at noko nytt var i emning. Folk kjende det visst slik at bygda hadde kome under «forvandlingens Lov», som ei avis uttrykte det. Holger Barkved har gjeve ein god karakteristikk av det store omskiftet:

Bygda vart med ein gong liksom umsnudd. Ingeniørane kom med sine målegreidor, rekna og stakk ut. Dei kjøpte upp vassrettar og jordeigedomar. Det strøymde til all slags folk frå nær sagt alle land. Det song under mineboltane, det dunde tungt av sprengsmelene som gav etterljom i fjella milevidt ikring... Det gnall under klinkehamrane, det rusa og braka under kranane...

Jørpelandssamfunnet hadde teke steget inn i den moderne tid med bulder og brak. Ikkje alle helsa den nye tida velkommen. Særleg var nok dette tilfellet for

dei andre. Dei hadde funne sitt leie, og var lite innstilt på større forandringer. Då var det annleis med ungdommen. Dei såg høvet til arbeid som baud seg. «Og så ble det penger av det», for å sitera ein stålverksveteran. Det talde mykje for dei unge. Dei var ikkje i den grad fastkøyrd i noko mønster, men møtte det nye med eit opnare sinn.

ANLEGGSTID OG KONFLIKTAR

Den fyrste anleggsperioden strekte seg frå 1910 til 1913/14. Neste kom i tida frå 1916/17 til -30 på lag. Utover i 30-åra vart det bygt og modernisert ikkje så reint lite på stålverket. Også den tida kan reknast som ein anleggsperiode, men skilde seg likevel mykje frå dei føregåande. Dei fyrste var mykje villare og töffare. Anleggsstyrken var då i stor utstrekning framandfolk som ikkje alltid gjekk så godt i hop. Særleg har anleggsperioden frå 1916/17 og utover, eit kleint rykte på seg. Så mykje slåssing og drikking har det vel knapt vore korkje før eller seinare på Jørpeland.

Det blei utkjempa mange slåsskampar nordmenn (les Strandbuar) og svenskar i mellom. Mange eldre har fortalt om eit stort slag på vårparten i 1917. Det var ein skikkeleg «treffning». Etter denne episoden vart mange svenskar utviste frå plassen.

Ikkje så underleg at det kom både politi og arrest til Jørpeland. Gemyttane trong om å roast. For folk kjente seg utrygge. Stavangerfolk blei åtvara mot å reisa inn til Jørpeland. Lovløysa hadde meir og mindre teke overhand. Ein kunne bli nedslegen om ein ikkje vara seg. Det hende òg at folk trakk revolveren når det var ekstra prekært.

Naturleg nok skaka dette opp dei innfødte. Vel hadde det ikkje alltid vore berre fred og idyll før heller, men dette vart av mange oppfatta som overtramp. Presten

fann t.d. å måtta skriva inn til sosialdepartementet om saka. Han gjorde i klare ordelag styresmaktene merksam på dei uheldige tilhøva på Jørpeland.

Men ikkje berre presten var ottefull. Det at det kom lausunger i kjølevatnet av anleggsaktiviteten uroa mange. At folk budde i saman utan å vera vigde, vekte likeeins mykje misnøye. Forhold som dette blei påpeika i eit brev til presten med signaturen «Venner af Sedlighet». Dei frammande sin livsstil braut med kjende normer: ingen tvil om det.

Mange av anleggsarbeidarane bar på syndikalistiske meininger. Særleg var dette tilfellet for svenskane. Dei selde på diverse blad. Dei eine heitte i alle fall «Direkte Aktion» og eit anna visstnok «Revolt». Titlane fortel litt om kva desse arbeidarane stod for. Det galdt om å aksjonera her og nå, ikkje nyttja seg av den «parlamentariske» framgangsmåten. Den tok for mykje tid. Ein oppnådde raske resultat ved brått og slå til.

Syndikalistane skapte mykje frustrasjon for leiinga av stålverket. I direksjonsprotokollen for 1917 er det tale om «at faa fjernet de umuligste Elementer af svenske Syndicalister... (Jamfør den omtalte utvisinga tidlegare). Dei representerte ein opponerande haldning som til då hadde vore ukjent på Jørpeland, i fylge ein av informantane mine. Noko nytt kom liksom inn med syndikalistane.

Desse få og spreidde glimta av anleggsperiodane, og då i fyrste rekke den midterste, fortel om mange brytingar og vanskar. Dei blei mykje rolegare utover i 20-åra. Grunnane til dette er nok mange. Nærleggjande er det å peika på at anleggsarbeidet var slutt rundt 1920 og at mange då reiste bort frå Jørpeland. Eit anna forhold som også har gjort sitt, er at det smått om senn kom i gong eit *foreningsliv*. Losje «Frihug» blei tidleg etablert, før 1920; og den opplevde stor tilstrøyming. Så dreiv då også forblåsarane eit godt og variert arbeid

som hadde appell. At også Jørpeland Ball og Idrettslag, det seinare Staal, gav mange eit attraktivt fritidstilbod, er også heva over tvil. Når meiningsmotstandarar var medlemmer av same organisasjonen, måtte det i lengda føra til utjevning av motsetnader. Min påstand er at foreiningane, i særleg grad desse nemnte, fungerte som *konfliktdemperar*. Dermed vil eg ikkje ha sagt at dei omtala faktorane er nok til å forklara utviklinga på 1920-talet. Også andre ting må trekkjast inn ved ein grundigare analyse. Men at fråvær av frammande anleggsarbeidarar og eit aktivt organisasjonsliv, har hatt mykje å sei, er eg ikkje ein augneblink i tvil om.

FRÅ SKRAPJERN TIL STÅL

Det var altså eit stålverk som blei etablert på Jørpeland. Plassomsyn gjer det umogeleg å gå nøyne inn på produksjonsprosessen. Men hovudlinjene høyrer med. Skrapjernet vart henta opp frå kaien, og køyrt i vogner inn i smelteverket, eller stålverket, for å vera heilt nøyaktig. Så havna skrapen m.m. i smelteovnen, og nedsmeltinga kunne ta til.

Smelteutstyret fram til 1920 var ei kombinert løysing. Ein kullfyrt Siemens-Martinovn tok seg av nedsmeltinga, medan vidareforedlinga skjedde i ein elektrisk induksjonsovn av typen Röchling-Rodenhauser. Som det skulle gå fram av namna, kom ovnane frå Tyskland.

Heroultovnen som blei installert rundt 1920 vart derimot levert frå England. Frickovnen, ein mindre ovn som blei sett opp samstundes, vart levert frå Sverige. Den nye «ovnsgenerasjonen» ble utelukkande køyrd med elektrisk energi.

Når smelteprosessen var ferdig, vart stålet anten tappa i kokiller, eller i sandformer inne i støyperiet. Blokkene som blei støypte i kokillene, var å rekna som

halvfabrikata. Dei trong å bearbeidast. Før *valseverket* kom i drift i 1920, var det smedane i hammerverket som gjorde dette arbeidet. Dei hadde 4 hamrar til rådvelde, varierande frå 200 til 1500 kg. I «staalslangens rike» (valseverket) gjekk emna gjennom to valsegater, hengoldsvis på 16 og 10».


Støyperiet var ei viktig avdeling. Her blei som nemnt, sandformene laga. Og det var det *formarane* som tok seg av. Vart formene gjort skikkelege blei også produkta deretter. Difor var det av stor betydning for stålverket å ha gode former. Svikta dei, kunne bedrifa raskt koma i uføret.

Hovudavdelingane på stålverket var altså smelteverket, støyperiet, hammarverket og valseverket. Men utan hjelpeavdelingane ville produksjonen ha gått i stå. Mekanisk verkstad, elektrikken, transporten, laboratoriet, pusseriet og ferdigadjustasjen i valseverket var alle uunnværlige. Stålverket var såleis eit heilt maskineri.

På mange måtar var det dristig av Poulsønn å satsa på stålverk i Noreg, og Jørpeland for den del. Å finna fagfolk som kunne fylla posisjonane i produksjonsprosessen, var ikkje noko enkel sak. Poulsønn måtte då også utanlands. Han fekk «lokka» opp tyskarar, austriarar, belgiarar og andre. Men ved utbrotet av 1. verdskriga i 1914, reiste dei fleste av desse heimatt, berre etter kort tid. Det vert fortalt at når tyskarane reiste, song dei «Deutschland, Deutschland, über alles», når båten/ane la frå kaien ved Jørpeland. No skulle dei heim å kjempa for keisar Wilhelm...

LOKALBEFOLKNINGA INNTAR BEDRIFTA

Endå om stålverket frå fyrste stund hadde starta med å læra opp jørpelendingar og strandbuar til dei forskjellige oppgåvene, var desse på ingen måte budde til å



Smelteverket der dei driv med støyping i kokiller. Kokiller er støypeformer.

overta nøkkelposisjonane då europearane fór sør over. Redninga for Poulsson og stålverket, vart fagarbeidara frå *Sverige*. I tida etter 1914 fekk ein då den såkalla «*svenskeinvasjonen*». Innslaget frå den kanten kom til å setja djupe merke på Jørpeland. Det finst jamvel eit bustadområdet som rett og slett heiter «*Svenskebyen*».

Elles er det i dag mange jørpelendingar med svenske etternamn. Det gjeld óg til ein viss grad for dei som kom frå kontinentet. Ikkje alle forlet Jørpeland, då mobiliseringsordren gjekk ut.

I kvar grad gjorde lokalbefolkinga seg gjeldande ved bedrifta? Mange fekk seg ein handlagarjobb eller liknande etter at den fyrste anleggstida var over. Det er for så vidt symptomatisk at mange fekk seg arbeid i

transporten. Å jobba der, krevde ingen spesielle kvalifikasjoner.

Etter som tida gjekk var det fleire og fleire jørpedelingar/strandbuar som smått om senn «erobra» dei ulike fagarbeidarposisjonane. Tendensen er heilt tydeleg rundt 1930. Lokalbefolkninga er då på full fart inn i viktige stillingar. Går ein fram til 1940, kan ein seja at denne prosessen då var fullbyrda. Talet på utledingar hadde då gått dramatisk ned, jamført med tidlegare. Litt upresist sagt, kan ein då seja at det tok bortimot 30 år før stålverket var dominert av lokal rekruttert arbeidskraft.

Ikkje alle makta overgangen frå bonde/fiskar til industriarbeidar like godt. Det var folk som tidlegare hadde fylgt døgn- og årsrytmen. No måtte dei ned på timenivå. Dessutan måtte dei vera underlagt arbeidsformenn og andre, som nøye bestemte kva som skulle gjerast. Slik var uvant. Det var dei som ikkje fann seg til rettes å arbeida under så strukturerte forhold. Trass i mindre inntekter var livet på garden, eller i fiskebåten langt å foretrekkja. Ein var fri og sin eigen herre, og ikkje underlagt nokon «klokkejustis». Mange som begynte, slutta altså av slike grunnar.

Kor mykje det fanst av odelsbondetenkjing, skal vera usagt. Men det fanst i alle høve personar som tenkte i dei banar. Å arbeida for og under andre, vart i slike krinsar oppfatta som audmukande og helst nedverdigande. Det galldt om å greia seg sjølv. Idealet var størst mogleg fridom.

Dei som likevel heldt fram på stålverket, kunne ikkje heilt fri seg frå bakrunnen sin. Mange hadde det i seg at når *vårsilda* kom, måtte dei i båten. Verket fekk vera verket for ei stund. Det var dei som faktisk stakk av utan å gje melding, til bedrifta òg, når fisket tok til. Som regel fekk dei aller fleste arbeidet tilbake, når dei trappa opp att. Bedrifta måtte berre akseptera at til-

høva no ein gong var slik. Difor hadde leiinga det også med å innvilga permisjon i vårsildfisket, for dei som plent måtte avgarde, og som sökte om fri. Denne «trafikken» haldt seg visstnok, til uti 40-åra ein gong.

Når det først er snakk om arbeidarar ved stålverket, kan det opplystast at arbeidsstokken, inkludert funksjonærar, i 1920 låg over 250. Situasjonen utover i 20-åra var prega av tildels få bestillingar og därlege prisar, slik at talet på arbeidarar stundom låg under 200. Dei økonomiske tilhøva betra seg monalegt utover i 30-åra. Arbeidsstokken steig ganske mykje som ei fylgje av dette. Då krigen braut ut var 500 passert. I regional målestokk var ikkje eit slikt tal så kleint.

JØRPELAND VERT FABRIKKBY

Aktivitetane på Jørpeland trekte mykje folk til bygda. Eg har tal som viser utviklinga for eit noko større området enn sjølv Jørpeland. Med tanke på lokalkjente, er det i frå Barkagarden i nord til Jøssanggarden i sør, eit belte på ein 7–8 km. Dette kan for så vidt kalla last nedslagsfeltet til stålverket.

1910 var den heimehøyrande folkemengda i dette området 524. I løpet av dt neste tiåret meir enn dobla folketalet seg. Det kom opp i 1236, eller ein auke på 136%. Tala vitnar om ein folkeeksplosjon.

Folkemengda endra seg berre lite i det neste tiåret. Det heng nok for ein del saman med dei vanskelege tidene stålverket då opplevde. Bedrifta var meir og mindre på konkursens rand gjennom heile perioden. Når dei økonomiske tilhøva betra seg utover i 30-åra, slo også dette ut på folketalet. I 1946 var det snaudt 2000 innbyggjarar i området. Det vil seja at folketalet hadde stige med ein 40% frå 1930.

Eit mindre nedslagsfelt hadde gjeve endå sterke vekst. Sikkert er i alle fall at det nærmaste omlandet til

bedrifta, opplevde ei tilstrøyming av folk, som savna sidestykke på Strandalandet.

På denne bakgrunn er det ikkje å undrast på at det blei mangel på husvære. Det var dårleg med «Logisforhold» på bygda, slik at stålverket sjølv måtte til med ei storstilt *bustadbyggjing*. Store arbeidsbrakker vart sett opp, såvel som mindre hus. Skulle bedrifta halda på arbeidarane, måtte dei få ein stad å bu. Det nytta ikkje å spela ballen over til arbeidarane. Dei hadde ikkje i tankar å byggja sjølv, i alle fall ikkje i fyrste omgang. Det seier litt om byggjeprogrammet til stålverket, når det i 1921 var bokført ein verdi av alle husa, på mest 2 millionar kroner. Dette utgjorde ikkje så få leiligheter samla sett.

Ein litt stilisert teikning av staalverket sett frå sjøsida. Alle hovudavdelingane er med. Frå smelteverket heilt til venstre og til vaseverket nede i høgre hjørne. Vaseverket, den 4. hovudavdelinga, vart først ein realitet i 1920.



At husbyggjinga burde skje nokonlunde planmessig og ikkje tilfeldig, var ikkje minst stålverket oppteken av. Difor er det ikkje overraskande at initiativet til regulering, nettopp kom frå det halde. Bedrifta sendte ein «Henstilling (til kommunestyret)... om at tage under overveielse om regulering av et strøg omkring Jørpeland». Kommunestyret stilte seg positiv til framlegget. Og relativt raskt kunne kommunestyret tilrå å senda eit utarbeidd utkast til styresmaktene. «Der indgaaes til Kongen med andragende om at bygningsloven gjøres gjeldende for indmarken...» Kommunestyret fekk framlegget godkjent ved kongeleg resolusjon den 19. april i 1918. Av ulike grunnar vart ikkje reguleringsplanen ferdig før i 1922.

Ikkje så få av tilflyttarane var familiefolk. Dette valda sjølvsgt store problem for dei som hadde ansvar for skulestellet. Kapasiteten vart ganske snart sprengd. Alt i 1914 var det kontakt mellom formannen i skulestyret og stålverket. Bakrunnen for møtet var kva som kunne gjerast for å få til «en forbedret skole paa Jørpeland». Det var visst uforsvarleg mange elevar i Klasseromma. Stålverket påstod at det hadde fleire døme på at «barnene i skoletiden besvimte paa grund av daarlige og overfyldte rum». Overfor skuleleiinga gav bedrifta også uttrykk for at om ikkje situasjonen snart vart betre, kunne heile stålverket bli lagt ned. Om denne skremmelspropagandaen verka, skal vera usagt. I alle fall betra situasjonen seg etter ei tid. Eit skulekompleks på Fjelde var tydeleg i emning. Stadig måtte det byggjast nytt. Skulen vart gong etter gong for liten. Skulestyret hadde ikkje alltid det store oversynet. Det høyrer også med i samanhengen å nemna at stålverket oppretta sin eigen privat skule, då i fyrste rekke mynta på funksjonærborna.

På få år endra kulturlandskapet seg på Jørpeland ganske radikalt. Dei store fabrikkipipene som raga til

vers, dei rommelege fabrikkbygningane, arbeidarbrakken og den øvrige bustadbyggjing, var nye trekk i bygda. I sanning hadde det skjedd store ytre forandringar på kort tid. Det er forståeleg at Jørpeland, som «et stykke Fabrikby», rett som det er, blei sagt mann og mann imellom.

EIN EIGEN STÅLVERKSADEL?

Spørsmålet er relevant å stilla. For det er opplagt at dei som heldt fast ved jordbruks- og fiske/sjøfart, ikkje tente all verda. I somme år kunne dei vera heldig å gjera det godt på fisket. Men det vanlege var nok eit magert utbyte, som stod lite i forhold til innsatsen.

Går ein i likningsprotokollen og finn fram til ein stålverksarbeidar og ein som levde av det jorda og sjøen gav, går jamføringa i favør av industriarbeidaren. Han hadde meir i inntekt. Likevel må ein vera varsam så ein ikkje overdriv avstanden heller. Stålverksarbeidaren måtte betala skatt av kvar krone han tente. Noko større innslag av naturaløkonomi, som det fiskar- eller jektebonden hadde, kunne han ikkje visa til. Tek ein omsyn til dette forholdet, er det klart at biletet i det minste vert nyansert ein del. Det kan likevel slåast fast meir generelt at stålverksarbeidaranne i alle fall hadde betydeleg meir i kontantinntekter enn dei som ikkje hadde arbeid ved bedrifta. Men det er nok litt overdrive slik som Holger Barkved skriv at «Småguten som so vidt hadde sluppe fram for presten, tente pengar så store at ein vaksen kar straks fyrr knapt hadde tort å drøyma um slikt».

I det føregåande er det teke utgangspunkt i ein «vanleg» stålverksarbeidar og ein «vanleg» fiskar- eller jektebonde. Om kontantinntektene ikkje låg på same nivå, vil det likevel vera misvisande å omtala stålverksarbeidaren i adlege vendingar, til skilnad frå han som

heldt seg borte frå bedrifta. Men ein er ikkje med dette ferdig med spørsmålet. Her er meir å seia.

Stålverket opererte ikkje berre med ein lønssats. Det kunne vera tildels store lønnskilnader innan den same avdelinga. Fagarbeidarane tente betre enn hjelpearbeidarane. Også mellom funksjonærane kan ein tala om minst to sjikt, dei såkalla lågare og høgare funksjonærarne hadde vidt forskjellige løner. Mellom dei på «golvet» og funksjonærstabben, kan ein også kila inn arbeidsformennene. I det heile var det mange kategoriar av arbeidarar, både i sjølve produksjonen og i administrasjonen, som alle opererte med ulike inntekter. For å illustrera avstanden rundt 1920 mellom ein hjelpearbeidar og driftsstyraren, kan det opplysts at den fyrstnemnte låg på rundt 2000 kroner i årsløn, medan den høgare funksjonären hadde oppimot 20.000 kroner. Mellom desse to ytterpunktene var det sjølvsagt mange variantar.

Både hjelpearbeidaren og driftsstyraren budde i same området. Eg nøler ikkje med å plassera sistnemte i adelskategorien. Det same vil eg gjera for dei som hadde over 5000 kroner og meir på årsbasis. Dei levde i romslegare kår enn dei som låg rundt 2000 kroner. For ikkje å snakka om dei som måtte sjå langt etter 2000 kroner óg.

Endå er det eit kompliserande forhold som kjem inn. Om det ikkje var så mange av stålverksarbeidaranne som hadde attåtnæringer, må det likevel takast med i samanhengen. For dei det galdt var det av stor betydning. Var ein bonde tilsett som hjelpearbeidar med ei ikkje altfor høg inntekt, må ein vera varsam så ein ikkje let seg lura. Eg har kome over stålverksarbeidaranar som faktisk hadde store gardar, vurdert ut frå det gjengse i samtidia. Dei få det galdt gjorde det ganske godt økonomisk, når inntektene frå begge «sektorane» blei lagte i hop. Stålverksarbeidaranar med småbruk kom heller

ikkje så verst ut. Det same synspunktet kan også leggjast til grunn for andre kombinasjonar. Dei som hadde høve til attåtnæringer kom betre ut, enn dei som ikkje hadde slikt å ty til. Det bør klart bli understreka.

Er det sakssvarande å tala om ein eigen stålverksadel i Jørpelandssamfunnet? Eg meinar ja på visse vilkår. Einkvar stålverksarbeidar vil eg ikkje adleggjera. Denne nemninga vil eg reservera for storparten av funksjonærane, og dei best betalte fagarbeidarane. Nokon kom godt ut økonomisk. Det kan ikkje stikkast under stolen. Dreg ein samstundes inn dei såkalla fryssegoda, fritt hus og gratis straum, kom denne gruppa endå betre ut.

Det er uten vidare klart at det berre var eit fåtal som kunne reknast til stålverksadelen. Dei aller fleste måtte nøya seg med ein lågare levestandard, ja somme sat nok i heller tronge kår. Det kan etter dette konstaterast at med stålverket kom det eit kvassare sosialt skilje inn i bygda. Avstanden mellom «topp og bånn» vart større. Godtek ein at Jørpelandsområdet var eit tilnærma egalitært samfunn før storindustrien kom, kan det med ein viss rett seiast at dette vart avløyst av eit klassesamfunn, utan at ein dermed skal pressa dette omgrepet for mykje.

eit lågmål. Skuldingane frå begge hald var bitre og uforsonlege. Tonen blei nok noko betre utover i 20-åra.

At funksjonærane og arbeidarane på fritida, hadde så liten sosial omgang med kvarandre, kan neppe forklarast ut frå det nemnte. Det vanlege på den tida var at dei som gjekk for å vera noko, helst klumpa seg i saman, og på den måten markerte avstand til «allmuen». I eit lite samfunn som Jørpeland trass alt var, er det ikkje å undrast på at dei heldt saman. Det både av standsmessige omsyn og ut frå reint menneskelege behov.

Mange av arbeidarane var som nemnt tilflyttarar. Dei kom til å pleia liten omgang med dei innfødte. Denne gruppa av arbeidrarar fann det då naturleg og naudsynt å ta seg av kvarandre sosialt sett. At dei dessutan budde nær einannan i arbeiderbrakkene, gjorde sjølvsagt også sitt til å utvikla det sosiale fellesskapet. Dette galdt også for mange av funksjonærane som budde i stålverkshotellet.

Om ein tek omsyn til desse faktorane, er det likevel grunn til å rekna med at drakampen internt på bedrifta, i fyrste rekje om lønene, gjorde sitt til at det sosiale samkvemet ute i lokalsamfunnet fekk eit beskjedent omfang. (Situasjonen vart ein heilt annan etter krigen. Det kan synast som at okkupasjonen hadde ein forsonande effekt.)

Før «apartheiden» vert nærmare konkretisert, må det også nemnast ei viktig gruppe til i bygda. Dei innfødte, dvs. dei som budde på Jørpeland før industrien kom, er viktig i samanhengen. Det var fiskar- og jektebønder, inkludert ein og annan med gardsdrift som eineyrke. Korleis stilte desse seg til dei nye grupperingane som gjorde seg gjeldande? Her skal eg ikkje føregripa det som kjem seinare, men berre kort konstatera at tilhøvet til arbeidarane var langt frå av den hjartelege sorten. Dette var neppe sant for alle dei innfødte.

FLEIRE SLAGS FOLK PÅ JØRPELAND, MILD FORM FOR APARTHEID

Stålverket starta produksjonen av stål i mars 1913. Alt same hausten danna arbeidarane *fagforeining*. Det oppfatta nok leiinga helst negativt. Med det la arbeidaren opp til ei *konfrontasjonsline*, meir enn ei samarbeidsline. Streikevåpnet blei då også raskt teke i bruk. Tilhøvet mellom partane kunne til tider vera ganske kjøleg. I samband med lockouten i 1919/20 var det på

Dei som arbeidde, eller hadde arbeidd på bedrifta, var nokre mindre «trekte» enn dei som sette si æra i å halda seg klar industriarbeidet.

Derimot er inntrykket at dei innfødte då var vennlegare stemt overfor funksjonærane. Det fanst tendenser til kontakt mellom desse grupperingane, utan at dette må tilleggjast altfor stor vekt. Somme hadde rimleg bra kontakt, medan det var slakkare for andre sin part. Men påstanden at dei innfødte generelt sett, kjente eit nærrare hopehav med funksjonærane enn dei tilflytta arbeidarane, tør nok vera tilfellet langt på veg. (jfr. 17. mai feiringa).

Så til «apartheiden»? Korleis kom denne reint faktisk til uttrykk?

Det er alt nemnt at arbeidarane budde i forskjellige strøk. Heilt konsekvent vart ikkje dette gjennomført frå bedrifta si side, men tendensen i bustadpolitikken var likevel såpass klar at ein med god grunn kan tala om eit funksjonærstrøk og eit arbeidarstrøk.

Det faktum at stålverket oppretta ein privat skule med særleg tanke på borna til dei «fine» (funksjonærane), var det mange av arbeidarane som merkte seg. Ein del oppfatta nok skulen, med meir eller mindre god grunn, som eit snobbete utslag. Det var ein måte for funksjonærane å skilja sine eigne ut på, som gav ganske eintydige signal om ei viss båstenkjing.

Ein må likevel vera varsam med å fella ein for hard dom. For det første var ikkje skulen så eksklusiv at borna utanom funksjonærstanden ikkje kunne gå. Var det plass kunne ungar til arbeidarar også få gå. Men i og med at det måtte betalast skulepengar, var det nok dei færraste arbeidsfamiliar som så seg i stand til den luksusen, all den tid borna kunne få gå gratis i den offentlege skulen. Dette forholdet begrensa tilgangen frå den kanten. Det er forståeleg at funksjonærane syntte med å senda ungane til Stavanger for å gå på mid-

delskule, unge som dei var. At dei heller ville betala noko ekstra for på den måten å ha dei heime, er ikkje klanderverdig. Om ein vil vurdera det heile som eit utslag av apartheid, er i grunnen eit skjønns-spørsmål. At det var dei som nettopp gjorde det, er klart nok.

Kanskje det klaraste uttrykket for at arbeidarane og funksjonærane meir og mindre levde i kvar si verd, er forsamlingshusa. *Folkets hus* var arbeidarane sin bastion, medan funksjonærane haldt til på *stålverkshotellet*. Her hadde begge gruppene sine samkomer. Den fysiske avstanden var stor nok til å hindra nokon kontakt.

Dette siste stemmer for så vidt ikkje heilt. Mange av funksjonærane som kom til Jørpeland var ungkarar og spelemenn. Det skal ikkje så store fantasien til å skjøna at laurdagskveldane kunne bli lange på stålverkshotellet, når dei samstundes visste at jentene svinga seg i dansen på Folkets hus. Det hende ikkje så sjeldan at nokre fall for freistainga og stakk innom. Eit slikt tilfelle kom bedriftsleiinga for øyra. Dei som hadde vore inne på «forbudt» område fekk streng beskjed om at dette ikkje måtte skje meir. Sanningsgehalten i denne episoden torer eg ikke å gå god for. Men at leiinga helst såg at arbeidarane og funksjonærane opererte kvar for seg, er knapt ein overdriven påstand.

På idrettsfronten var det også lite samkvem. Litt forenkla sagt så spelte arbeidarane *fotball*, medan funksjonærane haldt kondisen ved like på *tennisbanen*. Kun funksjonærane med «anhørig» hadde adgang til den sistnemnte aktiviteten. Det var nok større opning når det galdt fotballen for ein fotballgalen funksjonær. Mønsteret var likvel klart også på dette feltet. Gruppene hadde kvar sitt doméne.

Det er vel kjent jamvel i våre dagar at feiringa av 1. mai og 17. mai har undertonar av tidlegare tiders spen-



*Stålverksarbeidarar og anleggsfolk i 1. mai demonstrasjon i 1918.
Parolane skulle gå fram av plakaten. (Bedriftsblad for ansatte ved
Stavanger Staal A/S 3/1976.)*

ning med seg. Ein gjer kanskje urett mot 1. mai feiringa ved å seia slikt. Mange vil hevda at dagen framleis er ein viktig kampdag og står på eigne bein, så og seia. Det kan nok vera tilfellet, men 1. mai har i alle fall ikkje den

susen over seg i dag på Jørpeland, som den hadde før.

1. mai var arbeidarane sin dag. Då gjekk dei i tog til stor irritasjon for funksjonærane, og for mange av bygdafolket. Om ikkje funksjonærane elles arbeidde i hagen, tok dei harde tak denne dagen. Det var deira måte å «protestera» på.

Då 17. mai kom, var rollane stort sett bytte om.

Funksjonærane kom då «på banen», medan arbeidarenar helst haldt seg i bakgrunnen. Dei innfødte tok også del i feiringa, og støtta godt opp under arrangementet. Når nasjonalldagen rann trappa dei mest nasjonalt innstilte opp med lange rauda sløyfer. Ingen skulle vera i tvil om kor sympatiene deira låg. Dei som gjekk fremst i 17. mai toget mislika nok sterkt at det norske flagget fekk konkurranse denne dagen. På Folkets hus vaia det nemleg heilraude flagg til påminning om at lojaliteten mot kongen og Noreg ikkje hadde fyrste-prioritet hjå somme av innbyggjarane. Også det var eit signal som ikkje var til å ta feil av for dei som ikkje rekna seg til arbeidsklassen.

No går det ikkje an å hevda at heile perioden frå 1910 til -40, i like sterk grad var prega av dei nemnte trekka. Men om ikkje alltid desse tendensane til ei kvar tid opplevdest like problematiske, var dei like fullt ein del av røyndomen Jørpeland.

BONDEBLÅTT MOT ARBEIDARRAUDT

Det har vel i framstillinga skine gjennom at det var eit spenningsforhold mellom bondebefolkinga (dei innfødte) og arbeidarane. Dei sistnemnte vedkjente seg andre verdiar, som dei med røter i bondekulturen kjende seg framand overfor. Det ein kan kalla ei sosialistisk livshaldning tok eindel jørpelendingar sterkt avstand frå. Ikkje alle var like avvisande, men meste-parten låg heller lågt i terrenget i møte med dette nye.

At motsetnadene også kom organisatorisk til uttrykk, er i grunnen ikkje noko oppsiktsvekkjande. Det vert i denne samanheng ikkje tenkt på fagforeiningar, men på organisasjonar som verka utad i lokal-samfunnet, med sikte på å få oppslutning om sine synsmåtar.

Fyrst ute var vel arbeidarane. *Jørpeland Sosialde-*

mokratiske Ungdomslag var i alle fall ein realitet i april 1918. Kor gammalt laget då var, er uvisst. Det ein vidare veit er at Strand Arbeidarparti blei skipa nettopp i april det året. Arbeidarpartiet får ein nærmare omtale i neste avsnitt. I denne samanhengen er det i fyrste rekke aktiviteten som ungdommen utfalda, som er av interesse.

Kunnskapen om Jørpeland Sosialdemokratiske Ungdomslag er liten. Materialet tyder på at aktiviteten heller var beskjeden utover i 20-åra. Kanskje sleit laget med därleg oppslutning? Laget kom imidlertid på offensiven utover på 1930-talet. Ein informant har fortalt at laget hadde si glanstid i perioden 1932–37. Møteaktiviteten låg på eit høgt nivå, og mange støtta opp om samværa. Informanten ymta på at medlemstalet var oppimot 100 på det beste. Opplysningane er vanskeleg å kontrollera all den tid skriftlege kjelder ikkje kan oppdrivast. At vitaliteten i laget forsvann i tida rett før utbrotet av verdskrigen, er ikkje eit emne for spekulering i denne samanhengen.

Ungdommen på den andre fløyen skipa *mållag* i 1922. Dei var altså noko seinare ute enn motparten. «*Jarpa*» blei nemninga på laget. Mange har meint at Jørpelandsnamnet kjem av at det i området hadde vore mange «*Jarpafuglar*». Eg skal ikkje her ta stilling til denne tolkninga, men berre slå fast at namngjevinga vitnar om eit godt høve til fortida i laget.

Heller ikkje dette laget hadde nokon vind i segla utover mot 1930. Var det dei vanskelege økonomiske tidene som var skuld i dette? I 1929 vart mållaget lagt ned til fordel for eit frilyndt *ungdomslag*. Fjelltunlaget, som dette vart heitande, hadde større appell og medlemstalet voks raskt. Omorganiseringa viste seg å vera eit vellukka trekk, sett frå bondeungdomen sin synstad. Utover i 30-åra opplevde laget mange gode år, med minst like god oppslutning som «ungsosialistane».

Det må også bli nemnt at i 1926 vart det skipa *skyttarlag* på Jørpeland. I hovudsak fann ein her dei same medlemmene som sokna til mållaget, dvs. bygde- og bondeungdom.

Når det gjeld den ideologiske sjølvforståinga i desse grupperingane, kan ein peika på visse trekk. Jørpeland Sosialdemokratiske Ungdomslag arbeidde for eit sosialistisk samfunn. Plent kor radikalt laget til ei kvar tid var, er ikkje så lett å avgjera. Men at det var samfunnsstormarar som rådde grunnen i tida rundt 1920, er det grunn til å rekna med. I alle fall tyder fagforeningsprotokollar og avisinnlegg, og faktiske handlingar på det. Kanskje kan ein gå ut frå at i 30-åra la laget seg på ein moderat og «ansvarleg» profil, liknande det Arbeidarpartiet la opp til. Ein må likevel vera varsam så ikkje nyansane kjem bort. Det er klart at det i laget fanst medlemmer som rekna seg som kommunistar, til liks med meir lyserauda element.

Stikkord for ideologien i Fjelltunlaget kan samanfattast i 3 kjerneord: *Nynorsk, norskdom og kristendom* (i moderat form). Laget såg det som ei oppgåve å halda på det nasjonale og på bygdekulturen. Sivle, Vinje og Garborg var diktarhovdingane deira. Siktemålet var å verja om eigenarten, dvs. det norske og nasjonale blant medlemmene, har ein av forblåsarane i laget fortalt meg.

I 1929 og i 1934 var det avstemningar over kva mål føre som skulle nyttast i skulen. Ved begge høve mobiliserte Fjellungjengen trappene sine, og dei kom seirande ut av begge nappetaka. I samband med den siste avstemninga agiterte funksjonærane sterkt for bokmålet, utan at dei lukkast med det. Målfolket hadde fått sitt gjennom. Og i den leiren vart desse hendingane sett på som uhyre viktige.

Det seier seg sjølv at med så ulik basis og forståingshorisont, måtte det bli ein del rivningar desse laga i

mellom. Det gjekk nok ein del skuldingar begge vegar. Fjelltunlaget blei i den andre leiren omtalt som «*Felaget*» bl.a. I dette låg truleg hint om fleire ting. Bondeungdommen blei på denne måten assosiert med dyra dei stelte heime. Sidan Fjelltunlaget blei sett på som ein variant av Fedrelandslaget, minna også slengnamnet om dette sambandet. Sjølv likte ikkje bondeungdommen denne koplinga. Dei meinte seg å halda klar avstand til den fraksjonen.

Om det sosialdemokratiske ungdomslaget, eller A.U.F. som namnet visst var i 30-åra, fekk noko utnamn, er uvisst. Kva verkemiddel som elles vart nytta eller som kunne bli brukt i bestemte situasjoner, veit ein óg lite om, kanskje bortsett frå Fjelltunlaget. Det er opplyst at det blei skipa skyttarlag i 1926, og at det var bondeungdomar som i det vesentlegaste var med. Ein av dei som stod bak dette tiltaket, sa ope og rett fram, at initiativet ikkje berre skuldast lyst til å treffa blinkar. Like så mykje hadde dette ei politisk motivering. Gjorde sosialistane alvor av trugsmåla med å nasjonalisera gard og grunn, skulle dei ikkje koma så lett til dette. Om det så vart naudsynt, var dei budde til å forsvara seg og sitt med våpenmakt. Litt sett på spissen kan skyttarlaget næraast oppfattast som ein militis. Det er ikkje grunnlag for å påstå at alle medlemmene tenkte i slike banar. Sikkert er i alle fall at slike førestillingar var til stades hjå somme av medlemmene. At tankegods av denne art gjorde seg gjeldande, er i det minste ein interessant observasjon.

Når det galdt å markera seg, skulle det mest vore unødvendig å seia at desse to grupperingane, utnytta «*jubeldagane*» i mai til å syna seg fram. Her hadde både fløyane eineståande sjansar til å utbasunera for all «verda» kor sympatiene deira låg. Spenningane mellom ungdommen på Jørpeland vart særleg synberre på desse dagane.

Ein kan etter dette konkludera med at industrialiseringa også sette eit skilje mellom ungdommane i Jørpelandssamfunnet. Ei polarisering mellom ungdomar av lokalt og ungdomar av meir framandt opphav, utvikla seg. Mest ampert mellom desse grupperingane var det i 30-åra, samstundes som begge laga hadde si glanstid nettopp i den tida. Når det låg føre ein klart definert motstandar, var det heller ikkje så vanskeleg å driva agitasjon. Dette gjorde nok sitt til at lagsarbeidet hadde gode tider. Det må i alle fall vera ein del av forklaringa på aktiviteten.

DET KOMMUNALE SAMHALDET PÅ PRØVE

Før stålverket kom, var Jørpeland helst rekna som ein utkant i kommunen. Det var den nordre delen, i fyrste rekkje i området rundt Tau, som var det likaste stróket. Der var gardane jamnt over store. Industrimessig var også denne delen betre stilt. På Tau var det jo mølle og bryggeri, verksemder som sysselsette ikkje så reint få. Dessutan låg kyrkja i soknet nettopp her, og det vesle som var av kommuneadministrasjon, var også lokalisert til dette området. Om ein då deler kommunen i to, Nordbygdå og Sørbygdå, budde det også fleire folk i denn ordre delen i den sørlege. Det rådde såleis ingen tvil om kor tyngdepunktet i kommunen låg. At denne regionen kom til å prega kommunestyringa, gjev seg sjølv. Hegemoniet hadde nordbygdarane. (M.o.t. skiljet mellom nord og sør, blir det vanlegvis trekt med den såkalla Hola Eikå, eller i skiftet mellom gardane Barka og Nag. Det ligg ca. ein dryg km sør for Solbakk.)

Situasjonen vart imidlertid radikalt endra for Jørpeland etter at storindustrien kom. Folketalet skaut i véret og bygda fekk helst eit byaktig preg, som det tidlegare er nemnt på. Jo fleire ein er, di sterkare kjenner ein seg.


Det er då i større grad ein kan gjera sine ynskjer og krav meir gjeldande.

I økonomisk forstand vart også Jørpelandsområdet ganske produktivt. Det var heilt andre dimensjonar over verdiskapinga i industrien enn innan dei tradisjonelle næringane. Kommuneøkonomien fekk sjølvsgått nytta godt av utviklinga på Jørpeland. Stålverksarbeidarane tente etter måten godt, noko som gjorde at inntektene til kommunekassen svelma opp. Men også utgiftene vart større. Det kan såleis nemnast at i 1910 var den budsjetterte utgiftssida på godt 16.000 kroner. 10 år seinare var ho over 180.000 kroner.

Sidan kommunestyret fekk større økonomiske ressursar til forvaltning, vart det ikkje mindre viktig å ha plass mellom dei folkevalde. Men all den tid nordbygdarane dominerte i kommunestyret, kom inntektsauken først og fremst innbyggjarane i den nordre delen av kommunen til del. Og dette gjekk på bekostning av ting som var planlagte i og omkring Jørpeland. Dette skapte misnøye i Sørbygdå, og ikkje minst mellom stålverksarbeidarane. Etter deira syn hadde Jørpelandsregionen rett på meir, all den tid dei ytte så store bidrag i form av skatt til fellesskapet.

Men trass i misnøye forblei alt ved det same. Skulle noko skje var det nødvendig å gå til «aksjon». Når Arbeidarpartiet i 1918 vart skipa, fell det naturleg å sjå dette i lys av dei omtala tilhøva. Arbeidarane ville ha større innverknad på forvaltninga av verdiane dei hadde vore med og fått fram. Dei måtte bli representert i kommunestyret der fordelinga føregjekk, og i dét forumet få gjennomslag for sine synspunkt.

Arbeidarpartiet fekk imidlertid ikkje nokon stor oppslutnad. Fyrst i 1923 fekk det inn to representantar. Sjølv om dette nok var gode folk, var dei likevel for få til å representera nokon maktfaktor i kommunestyresamanhang. Nokon allianse eller fraksjon med andre



Stålverket og ein del av Jørpeland fotografert av Widerøe omkring 1950.

grupper, var heller ikkje så enkelt. Bøndene var misitksame overfor sosialismen, og krava som blei fremja frå arbeidarane, hadde dei elles liten sans for. Bøndene var interesserte i lågt fellesforbruk, medan arbeidarane pressa på for å få kommunen til å yta meir. Arbeidarane måtte sjå i augo at kommunestyrrepræsentasjon ikkje gav nokon utteljing.

Kva då? Var det berre å finne seg i «tingenes tilstand», eller var det andre løysingar som kunne føra

fram? *Kva om Sørbygdå blei eigen kommune?* Idéen var enkel og genial. Ved å kvitta seg med nordbygdarane, kunne dei sjølv få styra etter eige tykke. Problemet med at nordbygdarane skumma fløyten rett framfor nasen på dei, kunne då med ein administrativ manøver, elegant bli rydda av vegen.

Kven det var som fyrst kom på denne idéen, teier kjeldematerialet om. Men at tanken raskt slo an, vitna massemøta om. Dette var verkeleg noko som sette kjenslene i sving mellom jørpelandingane. Bønder, arbeidarar og funksjonærar samla seg alle bak kravet om eigen kommune. Her la ein til sides standsmessige

omsyn og andre moment. Det galdt om å stå saman om saka skulle førast fram til seier.

Det blei imidlertid berre med tanken. Initiativet rann ut i sanden. «Stormen» la seg utover i 20-åra, utan at «endeliktet» her skal forklarast. Det viktige i sammenhengen er å få fram at industrialiseringss prosessen også truga det kommunale samhaldet. Jørpelandsregionen steig så og seja opp av havet og krevde sin rett. Det gav seg altså utslag i separatistiske tendensar.

AVRUNDING

I artikkelen er det fortalt om når industrien kom til Jørpeland. Framstillinga har ikkje dreia seg så mykje om forhold inne i sjølve fabrikkbygningane. Interessa har i fyrste rekke vore knytta til endringar og prosessar i lokalsamfunnet som stålverket gav støyten til. Det er

blitt peikt på omskifte og forandringar på felt som har med økonomi, sosialt samkvem, kultur og politikk å gjera. Også «hamskiftet» i kulturlandskapet har m.m. blitt omtala.

Som det blei gjort merksam på i innleiinga, har artikkelen sine klare begrensningar. Mykje vert fortalt i tildels generelle vendingar med eit ofte lågt presisjonsnivå. Med betre utnytting av kjeldematerialet vil det opplagt vera råd å gje eit sannare, eller betre biletet, av den utviklinga Jørpelandssamfunnet gjennomgjekk i ein 30-års periode. Det får stå hen til seinare.

LARS GAUTE JØSSANG, f. 1957 på garden Jøssang, nokre kilometer frå Jørpeland. Han studerer historie ved Universitetet i Bergen og held på med ei hovudoppgåve om stålverket på Jørpeland.

Jærstolar – tradisjonsrikt hjelmelandsprodukt

AV NJÅL TJELTVEIT

Jærstolen er ein klassikar i norsk møbelproduksjon. Ein forunderlig stol som overlever skiftande moterettingar og som er vide kjend. Men kor mange veit at denne stolen slett ikkje blir laga på Jæren, slik ein skulle tru, men tvert om har lange tradisjonar i Hjelmeland? Jærstolproduksjonen i Hjelmeland går tilbake til århundreskiftet, og har vore ein viktig del av historia om næringslivet og arbeidslivsutviklinga i kommunen. Ingen andre stader finst det ei jærstolhistorie som i Hjelmeland, fortel Njål Tjeltveit i denne artikkelen.

Den første tida var det husmenn som stod for jærstolproduksjonen og som på denne måten skapte seg

Jærstolproduksjon har lange tradisjonar i Hjelmeland, og berre få andre stader i landet blir det laga stolar av den typen som ber namnet jærstolar. Hjelmeland har vore den leiande jærstolkommunen gjennom ei lang rad år. Jærstoltradisjonane i Hjelmeland går tilbake til århundreskiftet, og Vormedalen var den bygda i kommunen der jærstolproduksjonen starta. Husmenn i bygda laga jærstolar den første tida, og med trufast arbeid og givnad for trearbeid skaffa jærstolane kjærkomne kroner til småårsfolk i Vormedalen.

ein leveveg i bygda. Dei fyrste stolane var handarbeidde fullt ut. I mellomkrigstida begynte fleire produsentar å nytta maskinar. Etter kvart var det og fleire som skaffa seg eigen verkstad og tilsette arbeidsfolk.

Det er setet som langt på veg avgjer kvaliteten på ein jærstol. Å binda stolseter var kvinnearbeid, og mange kvinner sat med dette arbeidet heime.

I dag er det fleire jærstolbedrifter i Hjelmeland. Produkta blir omsette både i Norge og i utlandet — m.a. går ein stor del av eksporten til Danmark.

Det siste tiåret har produksjonen vore prega av nokon nedgang. Kanskje har næringa vore for blyg, spør forfatteren.

I dag er sentrumsbygda i Hjelmeland hovudplassen for jærstolproduksjonen, men i Vormedalen blir det framleis laga jærstolar i ubroten tradisjon frå århundreskiftet.

JÆRSTOLNAMNET

Namnet jærstol kan verka upassande på stolar frå Ryfylkekommunen Hjelmeland. Dei fleste meiner at jærstolnamnet skriv jeg frå Jæren fordi sevet som blei

brukt til å fletta seta av, kom frå vaten på Jæren den første tida stolane blei laga i Hjelmeland.

Stolmodellane var kjende andre stader før dei blei produserte i Hjelmeland. Mykje tyder på at Den norske Husflidsforening si Stavanger-avdeling inspirerte til jærstolproduksjon i Hjelmeland kring århundreskiftet, men stolane har ikkje norsk opphav.

Stolar som liknar på jærstoltypen, er kjende i middelhavsområdet frå antikken si tid og har oppover mot våre dagar vore nytta som bruksstolar. Stolar frå Kypros og Sør-Spania liknar svært på jærstolane i både utsjåande og konstruksjonsdetaljar. Her i landet er jærstoltypen kjend i sørvestre delar av Noreg frå kring 1850. Namnet jærstol skriv seg truleg frå rundt 1900.

SAME MODELLANE

Jærstolane er tidlause, og same modellane blir produserte i dag som då dei første stolane blei leverte frå Hjelmeland.

Nokre små endringar er gjorde på dei opphavlelege modellane, men i hovudsak er jærstolen den same i dag som ved århundreskiftet. Nye stolvariantar og nye produkt med jærstolsete har komme til, men dei første modellane er framleis dei stoltypane sm dominerer salet. Produsentane har i dag utvikla sine små særpreg, og kunnige folk vil sjå skilnad i ymse detaljar hos forskjellige produsentar, men det er tale om svært små variasjonar.

Jærstolane er enkle og logiske i oppbygning med føter, rygg med ryggband, støttepinne og sete fletta av sev eller sjøgras. Stolane er laga av naturmaterialar; tre og sevfletta sete. Kvistfri furu har i alle år vore det sjølsagde trematerialet, men andre treslag er og prøvd m.a. einer og ør.

Sete er viktige og oftast avgjerande for kvaliteten på

produkta. Derfor har det alltid vore lagt vekt på at setebindinga måtte gjerast av kunnige folk. I alle år har setebindinga vore kvinnearbeid.

Trass i stor utvikling og skiftande moterettingar for stolar og andre møbelprodukt, har jærstolane overlevd alle epokar med sin enkle og naturlege form. Vi kan trygt våga å hevda at jærstolane ikkje følgjer moten, dei har funne si form alt frå starten.

Dei enkle og stilreine stolane blir bruka i bustadhus, hytter og forsamlinghus av ulike slag. Bruken er allsidig. Slik har det vore gjennom mange år, og stolane har hatt sin plass i marknaden.

Jærstolane sel i kraft av tradisjon og godt rykte. Noktern optimisme og varsam satsing har prega jærstolproduksjonen i Hjelmeland.

Den første tida var jærstolane handarbeidde fullt ut, men kring 1930 har maskinar gjort produksjonen enklare og meir rasjonell enn då husmenn i Vormedalen laga jærstolar i pionertida.

DEI FØRSTE STOLPRODUSENTANE

Det var Johannes Hetlelid som laga dei første jærstolane i Vormedalen ved århundreskiftet. Hetlelid hadde samarbeid med Husfliden i Stavanger og laga andre husflidsprodukt, m.a. treskor og koffertar av tre. Jærstolane laga Johannes Hetlelid av trestokkar som han smidde broken av. Emna var forma slik at dei høvde til stolar frå naturen si side. Treslaget Hetlelid brukta mest var ør.

Johannes Hetlelid kom frå Hetlelid i Årdal og var fødd i 1869. Barndomsheimen hans låg inne på heia ovanfor Svadberg. Garden Hetlelid blei fråflytta etter krigen. Johannes Hetlelid busette seg i Vormedalen i 1883 og fekk ein plass under Laugaland. Broren Ola Hetlelid (f. 1879) dreiv heimegarden på Hetlelid.



Gruppebildet framfor heimen til Johannes Hetlelid i Vormedalen ca. 1980. Fremst frå venstre: Karina, Johan, Kristen og Klara. Bak Karina står Mikkel. Bakre rekke: Ein amerikanar, Åge Meland, mora Kristine med Magnus på armen, faren Johannes, Anna, Anik (ei eldre dame på besøk), bestemor (mormor) Karina Bakkane, ein amerikanar, Ola. Arne var ikkje fødd. Dei var til saman 10 sysken.

Det er noko uvisst kor mange stolar Johannes Hetlelid laga og kor lenge han heldt på med jærstolar kring 1900, men heller snart gjekk han over til å laga 5 liters

bærkorger. Desse blei det stor etterspurnad etter i frukt- og bærkommunen Hjelmeland. Bæreksport i korger til England sette ekstra fart i salet nokre år. I heimen til Johannes og Kristina Hetlelid vokt det opp ti barn, og i korgproduksjonen kunne ungane gjera nytte for seg. Ungane var m.a. med og sette handtak på korgene. Jærstolarbeid høvde ikkje så godt for ungane.

Husmennene Lars Vigemoen og Berge Moarhaug tok og fatt med å laga jærstolar. Moarhaug dreiv med dette i kort tid, men Lars Vigemoen hadde jærstol-



lagning som ein viktig del av livsgrunnlaget i mange år. I hans tid var jærstolane fullt ut handarbeidde i ein heller tidkrevjande og omstendeleig arbeidsprosess, og det står respekt av innsatsen til Lars Vigemoen som ein viktig pioner i den tidlege jærstolproduksjonen i Hjel-meland.

MEIR OG LARS VIGEMOEN

Lars Vigemoen (f. 1856) budde på Vigemoen, ein husmannsplass på ei flate ovanfor Tytlandsvik. Han var frå Kløv, ein av dei tre veglause gardane innanfor Kleive-

Lars Vigemoen og kona Borghild. Biletet er tatt på Vigemoen, ein husmannsplass ovanom Tytlandsvik, av Arne Hetlelid i 1930-åra. Huset er no rive.

land i Vormedalen. På stykket sitt hadde Lars Vigemoen ei ku og nokre sauер. Han slo gras på ulendte stader og laga høyballar med garnnett rundt som han trilla utfor bratte skråningar for å frakta høyet heim til husmannsplassen på den mest lettvinde måten. Lars Vigemoen arbeidde ei tid som sagmeister i Tytlandsvik. Det blir fortalt om Lars Vigemoen at han hadde svært langt skjegg. Då han arbeidde på saga, delte han det

side skjegget i to lengder som han knytte i hop bak i nakken. Då kom ikkje skjegget nær sagbladet.

Etter Lars Vigemoen slutta på sagbruket og tok til å laga jærstolar, blei dette ei viktig arbeidsoppgåve, og stolane skaffa kjærkomne inntekter for Lars Vigemoen og huslyden hans på den vesle husmannsplassen. Også kona, Borghild, (f. 1855) deltok i stollaginga. Ho batt sete i stolane.

Lars Vigemoen laga i alle år stolane utan maskinhjelp. Produkta hans var ekte handverk, og det tok tid å laga ein stol med det enkle verktyet som Vigemoen hadde å hjelpe seg med. Men iver i arbeidet, godt handlag og små krav i levemåten kom godt med.

Materialane til Vigemoen-stolane kom frå Laugaland.

Det viktigaste verktyet Lars Vigemoen brukte, var grindasag, borvinne, rotterumpe, vanleg høvel, skrubbhøvel, rundstokkhøvel, kniv og bogskeis for å runda til føtene.

Arbeidsprosessen var slik:

- Plankane blei kappa i passelege lengder for bakfoter og framfoter på stolane.
- Med grindasag deltest stolemna på langs i høvelleg tjukkleik.
- Dei firkanta stollengdene blei høvla slette på alle sidene.
- Emna til bakfoter blei høvla runde med skrubbhøvel frå toppen og ned til plassen for setefesta. Stolane hadde runde ryggstykke på den tid.
- Fleire stolemne blei lagde attmed kvarandre. Vigemoen brukte ein mal og merkte av for kor det skulle borast hol for ryggband og runde pinnar.
- Så kom holboring for spiler og ryggband. Etter hola for ryggband var utbora, saga Vigemoen ut hol for ryggspilene med rotterumpe.

- Ryggband og pinnane under setet blei settet på plass i føtene. Etter framstykke og bakstykke var ihopsette, blei det bora ut hol og sett i små trenaglar for å festa både ryggspiler og dei runde stokkane til stolføtene.
- Etter stolen var montert og alle dei små feste-pinnane hadde komme på plass, måtte tre-pinnane som stakk utforbi, avkappast og finpuast. Når sletthøvling og pussing av stolen var unnagjort, kunne setebindnga ta til.
- Sete blei fletta av sev frå Jæren. Sevet måtte tvinnast og bløytaast før det kunne brukast til setebinding.

Lars Vigemoen laga tre stoltypar som i alle år sidan har vore hovudmodellar:

1. Stolutan armlener med tre ryggband
2. Stol med armlener og tre ryggband.
3. Gyngestol.

Seinare kom det barnemodellar.

Armlenene felte Lars Vigemoen ned i framføtene på dei stolane som skulle ha armlener. No er stolprodusentane gått bort frå dette.

Husfliden i Stavanger tok mot storparten av jærstolane til Lars Vigemoen. Stolane frakta han ned til kaien i Tytlandsvik med handkjerre; det hende også at Vigemoen bar stolane.








Lars Vigemoen dreiv og med bokkerarbeid og laga m.a. saltestampar. Han deltok aktivt i misjonsarbeidet, også som forkynnar.





SVIGERSONEN TEK OVER

Tradisjonane frå Lars Vigemoen førde svigersonen Nils Bjelland (f. 1881) vidare. Han var gift med Siri Vigemoen (f. 1881). Dei budde på garden Bjelland i Fjellet

Enkelt verktøy blei brukt før maskinane gjorde det meste av arbeidet. Verktøyet er etter Bjarne Bjelland, Hjelmelandsvågen. Bileta viser ovanfrå:

- 1 Grindasag til å fasongsaga føtene.
- 2 Boghøvel for å komma til inni bogen på føtene.
- 3 Skrubbhøvel til å grovhøvla føtene.
- 4 Slethøvel av nyare type til å pussa av føtene og ryggspilene.
- 5 Bogskeis måtte til for å få ryggstolpane avrunda.
- 6 Vinkelen var til avmåling av fleire teinar (rundstavar) eller ryggspiler på ein gong.
- 7 Rivenavar. Ein staff eller profilhøvel for å høvlateinane runde.
- 8 Tverrlaget eller stemjernet til å slå or for armlenet.
- 9 Kniven blei brukt til å smi pinnar (naglar).
- 10 Borvinde med tjukk bor for teinane og tynn for pinnane.
- 11 Klubba til å slå stolpane saman.
- 12 Hammaren til å slå inn pinnane som skulle låsa delane saman.





krins mellom Vormedalen og sentrumsbygda i Hjelmeland.

Nils Bjelland kjøpte materialar frå Breiland og Lægaland. Materialane blei skorne opp i 1 1/2 toms plank og frakta over Breilandsvatnet til den veglause garden Bjelland (uttala Bjølland). Både plank og bord måtte berast om bord i ein pram for så å transporterast over vatnet. Etterpå laut materialane berast opp til garden.

Den første tida produserte Nils Bjelland jærstolar etter same framgangsmåte som Lars Vigemoen. Alt var handarbeid. Kona Siri batt sete, og etter kvart som sonen og dei fem døtrene vokste til, laut dei vera med og ta sine tak i stolproduksjonen.

Sidan kom det maskinhjelp til Bjelland. Først skaffa Nils Bjelland seg oppgangssag til å skjera ut stolfötene på. Heimelaga vasshjul dreiv saga. Omrent på same tid fekk Nils Bjelland sirkelsag og fres. Elektrisk straum hadde ikkje garden fått enno. Seinare kom bandsag. Då slutta Nils Bjelland å bora hol heilt gjennom stolemna for pinnar og ryggband. Etter kvart blei det vanleg å berre laga hol halvvegs inn i veden og så lima fast pinnar og ryggspiler. Denne måten er i bruk den dag i dag.

Stolane på Bjelland blei tilskorne i eit kammers som var bygt i tilknytning til gardstunet. Setebindinga føregjekk inne i stova.

Stolproduksjonen var attåtnæring på Bjelland, og det meste av arbeidet med jærstolar føregjekk på vinterstid då det vanlege gardsarbeidet kravde minst. Nils Bjelland laga og treskor og kjelkar.


Dei ferdiglagda stolane måtte berast frå Bjelland og ned til Breilandsvatnet. Derfrå var det å frakta stolane i båt over til den offentlege vegen mellom Tytlandsvik og Hjelmeland som gjekk på andre sida av vatnet. Med sykkel eller hesteskjesshjelp blei stolane transporterte vidare til kaien i Hjelmelandsvågen.



Stol med noko høgare ryggstø enn vanleg laga av Lars Vigemoen.

Sonen til Nils Bjelland, Bjarne Bjelland, kjøpte seg motorsykkel eit år rett før den andre verdskriga. Då han la nokre fjøler på bagasjebrettet, greidde han å frakta åtte stolar om gongen ned til Hjelmelandsvågen med motorsykkelen.

Bjarne Bjelland kjøpte gard i Vormedalen i 1945, og foreldra følgde med dit. Garden Bjelland blei fråflytta,



Stol laga av Johannes Hetlelid. Sivet blei slått til tau av dei sjølve.

og flyttinga markerte slutten på jærstolproduksjonen i familien. Nils Bjelland eldest, og sonen heldt ikkje fram med stolproduksjonen på ny og betre gard.

Husfliden i Stavanger tok gjennom åra mot mange jærstolar frå Bjelland, men det blei og levert stolar til andre.

SETA AVGJER KVALITETEN

Dei særprega seta er ein viktig del av jærstolen, og gjennom alle år er det hovudsakleg kvinnene som har laga seta, eller bunde dei som det er vanleg å seia i Hjelmeland. Hos dei første jærstolprodusentane hadde kvinnene i heimen arbeid med setebinding. Firma som kom til etter kvart, og hadde fleire personar i arbeid, tilsette eigne setebindarar på heiltid. Å laga stolsete har og vore deltidarbeid der somme har laga seta i heimane sine, og stolprodusentane har levert og henta stolar heime hos deltidshjelparane sine.

Kvaliteten på ein jærstol blir langt på veg bestemt av setebindarane. Setet er det vesentlege på stolen, det røynde jærstolfolk granskar når dei skal vurdera kvaliteten på stolane.

Stolseta blir laga ved at ein byrjar å binda bak på ei av sidene. Så fer ein rundt dei fire hjørnene og bind seg innover mot midten etter eit fast system. Det er viktig å gjera hjørna gode, då er utgangspunktet det beste for eit fint sluttresultat.

Før sat bindarane på ein litt låg stol då dei batt og snudde jærstolen medan dei arbeidde. Dette gjorde det lett å binda i alle hjørne. I dag står mest alle bindarane når dei arbeider. Jærstolen er sett fast.

Jærsevet som blei brukt den første tida, var tungt å arbeide med. Både jærsevet og sev frå Holland måtte bløytast og tvinnast der tre lengder blei tvinna i hop. Å arbeida med jærsev tærde på skinnnet. Med dette sevet kunne ein person greia å fletta sete i 4–6 stolar om dagen. No greier øvde bindarar 10–12 stolar på ein dag.

Jærsevet fekk avløysing av sev frå Holland. Ei stund blei det bruka sev frå begge stader før det hollandske sevet trengde vekk sev frå vatna på Jæren. Sevet frå Holland var mjukare og seigare enn jærsevet. Sevet kom i ballar til stolprodusentane i Hjelmeland.

Då det gjekk ut med det hollandske sevet, kom det



Margit Hetlelid bind sete med kinesisk sjøgras.

før krigen i bruk kinesisk sjøgras, som no har vore nytta til seta i mange år. Sjøgraset har fordelar i arbeidsprosessen, men mange eldre jærstolfolk meiner at det gamle sevet var det grommaste. Stolar med sete av jærsev finst enno, men dei er heller sjeldsynte.

Det kinesiske sjøgraset kjem frå Hong Kong via ein hovudimportør i København. Industrikontoret for

Rogaland formidlar sal av kinesisk sjøgras til produsentane i Hjelmeland. Det kinesiske sjøgraset har vore i bruk i etterkrigstida. Produsentane kjøper inn kinesisk sjøgras i store parti.

I krigsåra blei det brukt papirtau i stolseta. Setebinding har i alle år vore handarbeid, medan resten av stolproduksjonen er rasjonalisert og er blitt ikkje lite mekanisert fram gjennom åra.

MANGE HETLELID-PRODUSENTAR

Kort tid etter 1920 tok Johannes Hetlelid i Vormedalen oppatt produksjonen av jærstolar, og fleire av sønene følgde i faren sine fotefar med både jærstol- og korgproduksjon. Johannes Hetlelid laga jærstolar til han døydde våren 1944.

Den første tida etter Johannes Hetlelid laga jærstolar frå tidleg på 1920-talet, skar han til stolfötene med ei sag som dei kalla svingsag. Bladet på denne saga kunne vryst litt etter den form stolfötene skulle ha. (Bakfötene var ikke heilt beine). Seinare laga Hetlelid seg ei enkel oppgangssag. I 1922-23 kom det elektrisk straum i Vormedalen. No kunne Johannes Hetlelid lettare skaffa seg maskinhjelp, og maskinane gjorde stolproduksjonen mykje enklare samanlikna med den tida jærstolane var handarbeidde fullt ut.

Johannes Hetlelid laga dei vanlege jærstoltypane som var kjende frå Lars Vigemoen sine mange jærstolar. Mykje av produksjonen til Johannes Hetlelid gjekk til Husfliden i Stavanger. Døtrene Klara, Karina og Olga batt sete etter kvart som dei voks til. Yngste sonen, Arne, prøvde seg og som stolbindar.

Eldste sonen til Johannes og Kristina Hetlelid, Ola (f. 1894), flytta til Hjelmeland og leigde seg plass i huset til Ragna Torsen i Hjelmelandsvågen. Ola Hetlelid laga

korger den første tida og fekk seg sidan eige bustadhus og verkstadbygg på Hjelmeland. Ola Hetlelid laga ei tid jærstolar, og han var i mange år leiar for Ryfylke Fruktlag.

Til Hjelmeland kom og Kristen Hetlelid (f. 1903). Han heldt fram med å laga jærstolar på Hjelmeland slik han hadde gjort heime i Vormedalen. Kristen Hetlelid hadde skaffa seg ein liten verkstad nær barndomsheimen på Laugaland. Då han flytta til Hjelmeland, bygde han seg bustadhus der og laga jærstolar i kjelaren. Kristen Hetlelid arbeidde og som sløydlærar og skaffa seg utdanning i trearbeid.

Ola og Kristen Hetlelid samarbeidde om jærstolproduksjon. Kristen Hetlelid leverte ei kort tid stolar som var luta, for å prøva noko nytt, men det vanlege for han og alle andre jærstolprodusentar har vore å levera trekvite, ubehandla jærstolar.

Mikkel Hetlelid (f. 1899) er mest kjend som bærkorgprodusent, og emissær. Men han laga og nokre jærstolar i yngre år før han gjekk heilt over til bærkorger.

Magnus Hetlelid (f. 1910) hadde ei tid verkstad nær heimpllassen i Vormedalen. Han dreiv heile sitt vaksne liv med jærstolproduksjon og hadde dette som hovudyrke. Først bygde Magnus Hetlelid eit lite bustadhus nær barndomsheimen, og då Kristen Hetlelid flytta til Hjelmeland, overtok Magnus den vesle verstadten til broren. Seinare kjøpte Magnus Hetlelid tomt på Odda i Vormedalen nær krysset der vegen til Kleiveland tek av frå riksvegen. På eigedommen sin, Bjørglund, reiste Magnus Hetlelid bustadhus, uthus og verstad. Dette skjedde i 1951.

Magnus Hetlelid hadde eit par mann i arbeid då han dreiv på det beste, og fleire kvinner i Vormedalen la sete. Seinare svikta helsa, og Magnus Hetlelid trappa ned produksjonen då han tok til å komma opp i åra.

Arne Hetlelid (f. 1912) var yngst av sønene til Johannes og Kristina Hetlelid. Han var byrja å binda stolsete i 15–16 års alderen og arbeidde hos far sin til han byrja for seg sjølv i 1931. Arne Hetlelid dreiv Hetlelid Møbelverkstad til sonen Njål overtok og utvida lokala på Laugaland kring 1980. Njål Hetlelid er no jærstolprodusent i tredje generasjon i familien.

Då Arne Hetlelid byrja i eigen verkstad i 1931, hadde han lite maskinar. Bandsaga var eit viktig hjelpemiddel den første tida. I 1939 kjøpte Arne Hetlelid ein maskin frå Sverige for 1800 svenske kroner, og denne maskinen er enno i bruk i fabrikken til sonen. Svenskemaskinen kunne brukast til høvling, og der var avrettar, fres, boremaskin og sirkelsag. No er berre avrettar og tjuknar i bruk.

Nye maskinar har komme til etter kvart og gjort produksjonen enklare og meir rasjonell. Produksjonen i Hetlelid Møbelverkstad har auka med åra, og utvidinga av lokala for få år sidan gav grunnlag for å produsera fleire stolar.

Arne Hetlelid har gjort små forandringar på stolmodellane opp gjennom åra, og fabrikken leverer dei vanlege stolmodellane, både for vaksne og barn. I fabrikken har det vore arbeid for eit par personar pluss setebindarar. Kona til Arne Hetlelid, Margit, har bunde sete i mange år.

I 1930-åra kunne det vera hardt å bli av med stolar, og prisane var låge. Ei tid blei det betalt kr 6,50 for stolar med armlener og kr 5 for stolar utan armar. Men på den tid var materialkostnadene låge. Den første tida kjøpte Arne Hetlelid materialar frå Vormedalen, men no er det ikkje råd å skaffa nok kvistfri furu i bygda. I dag kjøper Hetlelid Møbelverkstad gjennom H. Øgreids trelastfirma i Stavanger.

Den tradisjonelle jærstolen utan armstøtter har i alle år vore den store bestseljaren hos Arne Hetlelid.

Fabrikken hans har og levert stolar til utlandet, særleg til Danmark.

Bror til Johannes Hetlelid, Ola Hetlelid, som budde på Hetlelid i Årdal, laga og jærstolar i mange år. Han hadde lenge ei lita oppgangssag i bruk på garden. Materialar og ferdiglaga stolar måtte Ola Hetlelid bera den lange vegen mellom bygda og Hetlelid.

Andreas Hetlelid (f. 1887) budde i mange år ved Burmavegen i Hjelmelandsvågen. Han laga både jærstolar og bærkorger utan å ha særleg mange maskinar å hjelpe seg med. Andreas Hetlelid er og bror til Johannes Hetlelid som byrja med jærstolar i Vormedalen ved århundreskiftet.

OLAV FOSS SATSAR I HJELMELANDSVÅGEN

I Hjelmelandsvågen byrja Olav Foss å produsera jærstolar kring 1930. Han var ein ung mann då han gjekk i gang med jærstolfabrikasjon i det vesle heimehuset i Vågen. Dette huset stod ikkje langt frå spinneribygningen. Faren var død då Olav Foss starta jærstolproduksjon, og han budde saman med mor og søsken. Jærstollaginga byrja i kjellaren der Olav Foss delte av eit lite rom med netting. I den vesle kjellaren hadde mora og nokre høns.

Olav Foss åtte ingen maskinar då han starta arbeidet med jærstolar. Han hadde ein stor høvelbenk og ein del verktøy å hjelpe seg med. Storemna skar Foss til med ei grindasag. Plankane sette han fast i høvelbenken. Så stod han og saga opp og ned med grindasaga og laga til stolemne.

Før Olav Foss byrja å laga jærstolar, skal han ha vore i veg til Nils Bjelland på Fjellet og fått opplæring av han.

Olav Foss kjøpte seg om litt eit lite tømra bustadhus

på Sæbø. Dette huset åtte Soffi Hegland. Ho var tidlegare sydame i Hjelmeland og reiste rundt på gardane og sydde nytt til folk. Først på 1930-talet ein gong flytta Olav Foss huset frå Sæbø ned i hagen til mora og dreiv jærstolproduksjonen der.

Ein vinter gjekk Olav Foss på handverksskule på Sand. Her lærde han meir om trearbeid og laga seg m.a. ei hardingfele som han kunne spela litt på.

Etter kvart skaffa Olav Foss seg maskinar. Bandsag laga han sjølv. Han brukte to sykkelhjul som sagbladet gjekk over. No fekk grindasaga avløysing, og stolbeina kunne skjerast med motordriven bandsag. Hjelmeland kraftverk blei bygt i 30-åra og stod ferdig i 1937. Kraftverket kom til nytte også for jærstolprodusentane.

Olav Foss skaffa seg og boremaskin. Han fekk tak i ein gammal trømaskin som han bygde om til boremaskin for å bore hol for ryggspiler og pinnar i dei tilskorne stolemna. Foss stod og trødde i ein nokså vridd arbeidsstilling då han bora hol i stolfötene, sjølvhjelpt og eit framsteg frå å bora med hand var dette. Handdriven rundstokkhøvel var til god hjelp med å høvla til stolpinnane.

Olav Foss hadde stor arbeidslyst og læretrong. Derfor reiste han til Blaker utanfor Oslo for å læra meir om maskinar og trearbeid. Då han kom attende til Hjelmeland, kjøpte han ein kombinert trearbeidsmaskin. På den var det høvelmaskin for både planhøvling og høvling av ulike tjukkleikar. Dermed kunne eit tresykke både planhøvlast og etterpå høvlast i den ønskete tjukkleiken. Lenger bak på akslingen på den nye trearbeidsmaskinen fanst sirkelsag. Maskinen hadde og boremaskin og fres. No kunne den heimelaga symaskinsboraren skiftast ut, og stolfötene kunne lett få si form på fresen.

Etter dette blei arbeidet med å laga jærstolar i Hjelmelandsvågen svært maskinelt. Stolproduksjonen

kunne gjerast meir rasjonell og kapasiteten auka monaleg. Olav Foss skaffa fleire arbeidsfolk både til setebinding og til produksjonen elles. Han trong og meir plass. I huset til Ragna Torsen i Hjelmelandsvågen leigde Foss rom til å lagra trematerialar. Ragna Torsen åtte eit hus som stod ved elva oppmed den gamle vågabrua. Dette huset blei til dagleg kalla sjøhuset. Her leigde Olav Foss plass for materiallager i andre etasje. I det lange bustadhuset til Ragna Torsen leigde Olav Foss tre rom i kjellaren. I to av desse romma sat det kvinner og batt sete. I det tredje rommet dreiv karane og monterte stolar der føter, pinnar og ryggspilar blei sett saman, og armstolane fekk armlener. Dei ulike delane til stolane blei no masseproduserte, om ein kan bruka eit slikt ord om produksjonsprosessen for jærstolar.

Olav Foss prøvde og å skjera sev frå Steinslandsvatnet i Hjelmeland for å nytta det i stolseta, men dette blei berre med forsøket.

På det meste arbeidde 7–8 personar hos Olav Foss. 3 kvinner stod for setebinding. Folk som arbeidde hos Foss var: Kristoffer Torsen, Ole B. Haugsland, Inga Nordbø, Aslaug Helgesen, Knut Rødde, Andreas Foss (bror) og Borghild Foss (søster).

Olav Foss kjøpte materialar til stolproduksjonen på Sand. Materialane kom til Hjelmelands-kaien, og derifrå måtte dei køyrrast til lagerhuset. Frå vedhuset til Ragna Torsen laut materialane fraktast til huset der stolane blei tilskorne. Etter dei ulike stoldelane var ferdiglagda, venta nyflytting, no til kjellaren i bustadhuset til Ragna Torsen for montering og setebinding.

Olav Foss kjøpte sidan ein eigedom i Stavanger saman med to andre og la ned jærstolproduksjonen i Hjelmeland. Dette var truleg i 1939. I Stavanger gjekk Foss i gang med å laga dører og vindauge. Kristoffer Torsen som arbeidde hos Foss i Hjelmeland, var med til Stavanger den første tida Foss budde i byen. Olav Foss



Stolane frå møbelverkstaden til Hetlelid skal kjørast til kaien i Tøtlandsvik. Fotografert i 1930-åra. Den gamle verkstaden her er riven.

dreiv ikkje så lenge i Stavanger før han emigrerte til Amerika og gav seg til der.

LORENTZ STENE ØSTENSEN

Få år etter at Olav Foss gjekk i gang med å laga jærstolar, starta Lorentz Stene Østensen (f. 1904) stolproduksjon i spinneribygningen i Hjelmelandsvågen.

Dette var rett etter 1930. Østensen hadde verkstad i botnetasjen og heldt på til sist på 30-talet. Som andre tidlege jærstolprodusentar, laga Østensen sjølv til maskinar som høvde til jærstolproduksjon.

Både Lorentz Stene Østensen og Olav Foss la opp til meir moderne maskinproduksjon enn det som hadde vore vanleg tidlegare. Østensen hadde fleire personar i arbeid og laga dei tradisjonelle stolmodellane. I tillegg blei det produsert stolar med sevfletting i ryggen og krakkar med sevfletta sete.

Med nye maskinar blei det slutt med å bora tvers

gjennom føtene for å festa ryggspiler og pinnar. No blei det berre brukt lim til å festa stoldelane i hop med.

Aksel Hansson arbeidde ei tid hos Lorentz Stene Østensen, og då Østensen slutta å laga stolar sjølv, byrja han hos den tidlegare arbeidaren sin. Hansson hadde no byrja som jærstolfabrikant.

SLÅKE OG HANSSON

Halvard Slåke og Aksel Hansson byrja kort tid før 1940 å produsera jærstolar opp i den såkalla spinneribygningen i Hjelmelandsvågen. Der heldt dei på til storflaumen i november 1940 då elva raserte ein del av det gamle sentrumsområdet i Hjelmeland.

Etter storflaumen stod pensjonatet, eller «hotellet» som folk sa, på kanten av stupet og måtte fjernast fordi grunnen under bygget kunne gli ut. Huset blei rive og materialane selde på auksjon. Hansson og Slåke fekk tilslaget og betalte vel 2.300 kroner for materialane.

Brua over elva fór i flaumen, og Slåke og Hansson skaffa seg løypestreng til å frakta dei nykjøpte materialane over elva på. Så sette dei opp nyt stolfabrikkbygg ved nedre enden av Steinslandsvatnet. Dette bygget er i dag den eldste delen av stolfabrikken til Slåke.

Fleire lokale snikkarar arbeidde med å reisa det nye fabrikkbygget, og ein murar laga skorstein. Så kunne Halvard Slåke og Aksel Hansson starta jærstolproduksjon i eige bygg. Nokre maskinar hadde dei til å hjelpe seg med, og det kravdest eit nøkterent driftsopplegg. Verksemda hadde eit par tilsette, og i tillegg var stolbinding kvinneleg heltidsjobb.

Etter nokre år skilde Hansson og Slåke lag. Aksel Hansson bygde sidan eige fabrikkbygg på Pundsnes, og Slåke dreiv vidare på den gamle plassen. Frå 1. januar 1986 har Slåke overlete ansvaret for stolfabrikken sin til

entrepreneur Ottar Øye etter at Slåke har drive med jærstolproduksjon i 48 år. For få år sidan utvida han fabrikklokala.

HALVARÐ SLÅKE

Gjennom åra er det levert mange jærstolar frå fabrikklokala til Halvard Slåke (f. 1910) og fabrikken har hatt ein trufast arbeidsstokk. Som andre stolprodusentar har Slåke med produktutvikling der nye modellar er lanserte i tillegg til tradisjonsmodellane. Men i alle år har dei gamle og velprøvde stolmodellane vore hovudartiklane.

Halvard Slåke har laga dei same modellane sidan 1952 og ikkje gjort endringar på produkta sine sidan den tid. På det meste har Hallvard Slåke tilbydd fjorten ulike modellar. M.a. er det prøvd med stolar som har fire ryggspiler, lenestolar, kjøkkenkrakkar, kyrkjestolar og treseterar. Kyrkjestolane er 4 cm breiare enn dei andre, og det finst ei festeordning som kan brukast for å få stolane til å henga saman i rekker.

Slåke har i seinare år levert mest stolar til Austlandet, og produksjonen i fabrikken var på topp kring 1970. Då blei det produsert 10-12.000 jærstolar for året. Av dei vanlege stoltypane lagar Halvard Slåke og folka hans 2-300 stolar om gongen.

Nye maskinar har gjort stolproduksjonen enklare med åra. No får stolfabrikken til Slåke ferdiglaga rundpinnar frå ein fabrikk på Hommersåk i Sandnes. Trematerialane kjem frå Valdres gjennom firmaet H. Øgreid og sønner i Stavanger. Jærstolane blir laga av kvistfri furu. I førstninga fekk Slåke trematerialane frå Vormedalen, men det er no lenge sidan det kunne skafast nok kvalitetsvarer til jærstolproduksjonen frå skogane i Vormedalen.

Halvard Slåke har hatt ein stabil arbeidsstokk med



«Fisterfjord» ligg ved kaien i Tøtlandsvik med jærstolar frå Hetlelid's Møbelverkstad. 254 stolar er klare til innlasting. Dei skulle sendast til Viste Hotel. Biletet er tatt i 1930-åra.

lite gjennomtrekk. Dei fleste stolbindarane har dei siste åra site heime og bunde sete på deltid. Med heil- og deltidfolk har fabrikken til Halvard Slåke på det meste skaffa arbeid til kring 10 personar.

AKSEL HANSSON

Den første tida etter Aksel Hansson og Halvard Slåke byrja kvar for seg, dreiv dei under same tak. Sidan kjøpte Hansson tomt på Pundsnes og flytta i 1960 inn i nyreist bygg. Opp gjennom åra har Aksel Hansson utvida og utvikla maskinparken og prøvd å gjera små endringar på dei velprøvde stolmodellane. Den tekniske produksjonen er betra, og konvensjonelle maskinar har

Hansson bygt om for å få dei til å best tena dei krav moderne jærstolproduksjon stiller. I dag går produksjonen fem gonger så raskt som den første tida Hansson laga jærstolar.

Omsetninga hos Aksel Hansson var på topp kring 1970 med ein årsproduksjon på kring 20.000 stolar og over 20 tilsette. I dag blir det laga 10–20.000 jærstolar for året i fabrikken til Aksel Hansson, og 15 personar er tilsette i firmaet når eit par som arbeider i butikken på Løkkeveien i Stavanger og blir rekna med. Aksel Hansson byrja med furumøbelforretninga for 10 år sidan. I dag har Aksel Hansson fire stolbindarar som alle arbeider i fabrikklokala. Heimebinding av stolsete har Hansson sluttat med.

Aksel Hansson satsar på at kjøparane er meir kvalitetsbevisste enn før. Når bedrifta hans tilbyr kvalitetsvarer, er folk villige til å betala for det. Dei nyaste stolvariantane til Aksel Hansson skil seg noko frå dei andre og tradisjonelle stolmodellane, og prisen er høgare. Stolane til Hansson er kraftigare enn resten av jærstolane.

For ein del år sidan leverte Aksel Hansson jærstolar til København. Dette var starten på ein omfattande eksport frå både Hansson si bedrift og andre produsentar i Hjelmeland. Tidleg i 1970-åra utgjorde eksporten kring 70 prosent av salet hos Aksel Hansson, og det blei levert jærstolar til Tyskland, England, Sveits, Holland, Danmark og Sverige. Seinare svikta eksporten radikalt, men i det siste har det blitt noko lettare å selja jærstolar til utlandet med rekningsvarande resultat. No leverer Aksel Hansson direkte til møbelhandlarar framfor å gå vegen om importørar.

I det siste har Aksel Hansson byrja å laga stolar med stoppa sete til same pris som flettverksstolane. Stolar med stoppa sete er eit forsøk på å fornya jærstoltradisjonane. Det blir også prøvd om det er råd å laga flett-

verkssete ferdige lause for så å festa dei til stolane etterpå. Blir seta laga i stand der lønsutgiftene er mykje lågare enn i Noreg, er det råd å få ned produksjonskostnadene på stolane.

Aksel Hansson har levert jærstolar til mange kyrkjer gjennom åra. Fabrikken på Pundsnes leverer jærstolar ubehandla, lakkerte, olja, beisa og luta, men hos alle stolfabrikantane er ubehandla stolar det vanlege.


MANGE STOLPRODUSENTAR

Opp gjennom åra har mange hjelmelandsbuar prøvd seg på jærstol-laging. I små verkstader med høvel bruk og enkle verkty og maskinar har folk produsert stolar i kortare eller lengre tid. Frå 1930-åra finst det fleire småprodusentar.

Hans Fossane i Vormedalen skaffa seg ein liten verkstad på garden til broren og laga jærstolar på 30-talet. I den vesle verkstaden hadde Fossane oppgangssag, bandsag og fres. Sidan flyttet Hans Fossane til Ombo, og broren selde garden til Bjarne Bjelland.

På Breiland laga Ola Breiland jærstolar. Han produserte m.a. stolar i krigsåra. Broren, Tore Breiland, i Gåsdalen, også Fjellet krins, skaffa seg ein liten verkstad og laga jærstolar i tillegg til vanleg gardsdrift. Før garden fekk elektrisk straum, brukte Tore Breiland bensinmotor til å driva maskinane. Sonen Trygve Breiland laga i dag jærstolar i Gåsdalen. Han eig bruket no og bur der saman med systrene sine.


I Askvik, tre-fire kilometer utanfor Hjelmeland sentrum, laga brørne Jon Børve (f. 1909) og Hans Børve (f. 1913) jærstolar i 1930-åra og utover i den andre verdskriga. Begge dreiv med jærstolproduksjon som attåtnæring. I krigsåra blei det uråd å få fatt i anna enn papirtau til å binda sete av. Dette var ei naudløysing, og seta blei ikkje av toppkvalitet. Ja, det feila nok



Stolane frå Hallvard Slåke Trevarefabrikk riggar fint i kyrkje-skippet i Sarpsborg frikirke.

mykje på at papirseta heldt mål. Men på så mange måtar måtte folk ty til det ein kunne greia å skaffa i dei vanskelege krigsåra. Jærstolar frå Askvik blei selde m.a. til Oslo og Trondheim.

Rett etter 1950 byrja Halvard Laugaland å produsera jærstolar i uthuset på folgestykket til far sin på Laugaland i Vormedalen. Harald Laugaland utvida produksjonen og fekk seg betre maskinar etter kvart. Då han dreiv på det beste, hadde Laugaland tre mann med seg i sjølve stolproduksjonen, og tre–fire kvinner dreiv med setebinding på deltid. Dei sat heime på gardane og



Frå ei reklamebrosyre om «Aksel»-stolen.

fletta på akkord. Nokre av mennene arbeidde berre vinterstid.

Harald Laugaland hadde jærstolfabrikasjon som leveveg i Vormedalen i kring femten år før han flytta til Strand og heldt fram med å laga jærstolar der. Vanskars med å skaffa straum gjorde at Harald Laugaland reiste frå heimbygda. I verkstaden til Laugaland blei alle dei

vanlege stolmodellane produserte. Det blei og levert nokre stolar med sevfletting i ryggen. Ein stor del av stolane gjekk til Danmark, elles blei det levert stolar til mange kantar av landet.

I ein femårsperiode frå tidleg på 50-talet dreiv Johan Laugaland og Paul J. Mæland jærstolproduksjon i eit lite verkstadbygg på Laugaland. Mæland hadde stolproduksjon som hovudinntekt, medan Johan Laugaland også køyerde rutebuss i Ryfylkeveiens Billag. Dei hadde eit par personar med seg i verkstaden, og kvinner rundt om i Vormedalen batt sete.


Eit par agentar hjelpte til med salet, og jærstolane nådde rundt til fleire kantar av landet. Vanskars med straumlevering i Vormedalen, særleg vinterstid, var ein viktig grunn til at jærstolproduksjonen tok slutt etter få år, og maskinane blei selde.

Torleif Hetland på Fjellet byrja med jærstolproduksjon for kring tjue år sidan. Jærstolane står no for hovudinntekta på garden. Torleif Hetland har laga verkstad og produserer dei mest vanlege stolmodellane saman med far sin. Kona til Torleif Hetland bind sete, og det blir leigd noko tilleggshjelp til setebinding. Stolane blir selde ulike stader i landet, og det har også blitt levert stolar til utlandet frå verkstaden til Torleif Hetland.

INDUSTRIKONTORET VIKTIG HJELPAR

I mange år har Industrikontoret for Rogaland i Stavanger ytt hjelp til jærstolprodusentane i Hjelmeland. Industrikontoret har skaffa kinesisk sjøgras til stolseta og hjelpt til med å selja stolar. Dei fleste stolfabrikantane har gjennom mange år hatt kontakt med Industrikontoret.

Dei tidlegaste industrikontora kom etter den første verdskrigen, og det blei gitt statstilskot til drifta. Indu-



Marta Kleppa frå Aksel Hansson A/S demonstrerer fletting av jærstolsete på møbelmesset i København i 1983. Ambassadør Ole Ålgård og frue, firmaet sin representant i Tyskland og ein ambasadefunksjonær følgjer med.

strikontoret for Rogaland byrja verksemda si i 1928. Kontoret får no tilskot til drifta frå Industridepartementet, men kontoret er ikkje eit offentleg føretak. Industrikontora si oppgåve er å yta hjelp til småprodusentar. Gjennom åra har Industrikontoret for Rogaland sendt jærstolar til møbelhandlarar og husflidsutsal over heile landet. Også til utlandet er det selt jærstolar, men Industrikontoret har ikkje noko velsmurt salsap-

parat, derfor er det vanskeleg å arbeida for eksport til utlandet i noko omfang. Industrikontoret for Rogaland har formidla sal av jærstolar til ulike forsamlingslokale i Noreg.

FÆRRE JÆRSTOLAR I DAG

Det siste tiåret er prega av noko nedgang i jærstolproduksjonen, og næringa sysselset færre enn tidleg på 70-talet. Dei to største jærstolfabrikkane i dag ligg i Hjelmeland sentrum. Det er fabrikkane til Aksel Hansson og Halvard Slåke. Sistnemnde har no gitt frå

seg ansvaret for fabrikken til Ottar Øye. I Vormedalen driv Njål Hetlelid no Hetlelid Møbelverkstad og har utvida lokala for få år sidan. Og på Fjellet mellom Hjelmeland og Vormedalen lagar Torleif Hetland jærstolar på garden sin. Han er den siste som har gått i gang med jærstolfabrikk i Hjelmeland. I Gåsdalen held Trygve Breiland oppe familiетradisjonen.

På heil- og deltid er mellom 20 og 30 personar i dag knytte til jærstolproduksjonen.

Det er ikkje lenger småprodusentane med ein liten verkstad og jærstollaging til attåtnæring som dominerer. No er det mange år sidan jærstolproduksjonen byrja å skje etter masseproduksjonsprinsippet med moderne og spesialtilpassa maskinar. Dette skjedde før 1940, og det har heile tida vore investert i nye maskinar. Men dei som har satsa mest på jærstolfabrikasjon, har alltid vore nøkterne og ikkje falle for eventuelle freisitingar om sterk ekspansjon. Jærstolproduksjonen i Hjelmeland har alltid vore merkt av nøktern satsing. Det kan vera noko av forklaringa på at jærstolprodusentane i Hjelmeland har overlevd skiftande tider og tilpassa seg nye situasjoner. Jærstolane har alltid hatt sin marknad, produkta har selt for di dei har hatt eit publikum gjennom mange år, og dei fleste produsentane satsar ikkje stor kapital på reklame og offensive salsframstøytar.

Jærstolproduksjonen har vore ei noko blyg næring, og det kan vera grunn til å spørja om ikkje produkta er så gode at det er marknad for å bli av med endå fleire stolar enn dei som blir produserte i dag.

I dei siste åra har ei verna bedrift i Valdres byrja å laga jærstolar. Hjelmelandsstolane er ikkje åleine på

marknaden. Det har dei ikkje vore alltid før heller. Jærstolane i Domkyrkja i Stavanger er t.d. ikkje laga i Hjelmeland. Den leveringa fekk ei bedrift på Moi som i si tid laga jærstolar.

I Hjelmeland har det sidan starten for stolane alltid funnest folk som har kunna laga jærstolar. Det har vore eit miljø for desse produkta i kommunen; og av den grunn har mange prøvd seg på jærstol-laging i kortare eller lengre periodar. Dei som har satsa mest, har halde ut lengst.

Jærstolproduksjonen har skaffa inntekter til mange gjennom åra, frå dei som trufast laga stolar som rein handtverk, til produksjon med moderne maskinhjelp. Sete har gjennom alle år blitt til på same måten, sjølv om sevet ikkje har vore det same. Ikkje få kvinner har hatt arbeid med å binda sete, og jærstolane har gitt folk både inntekter som hovudnæring og attåtnæring.

Jærstolen er ein klassikar i norsk møbelproduksjon og er ein forunderleg stol som overlever skiftande mote-rettningar. I Hjelmeland er jærstolproduksjonen ein viktig del av historia om næringsliv og arbeidsutvikling i kommunen. Ingen andre stader finst det ei jærstol-historie som i Hjelmeland.

Det er skrive lite og inkje om jærstolproduksjonen i Hjelmeland, men til denne artikkelen har desse personane gitt informasjonar: Bjarne Bjelland, Aksel Hansson, Arne Hetlelid, Kristen Hetlelid, Halvard Slåke, Kristoffer Torsen og Kjell Østensen.

NJÅL TJELTVEIT, f. 1943, er lærar av utdanning, men er no kultursjef i Hjelmeland. Han har skrive mange slags bøker og artiklar. M.a. har han saman med Trygve Brandal skrive boka «Krigsåra i Hjelmeland» som kom ut hausten 1985.

Sigmundstad Sagbruk og Kassefabrikk

AV MÅLFRID SNØRTELAND

«Det galdt å finna på nåke», forklarer brørne Bjarne og Sigmund Sigmundstad når dei fortel om kvifor dei starta kassefabrikk på Fister i 1930-åra.

Utgangspunktet var ei tradisjonell gardssag. Veksten i fruktproduksjonen og den raske ekspansjonen i drivhusnæringa i 1930-åra skapte stor etterspurnad etter emballasje. Og det burde ikkje vera nødvendig å kjøpa kassar frå Stavanger, meinte Sigmundstad-brørne og kjøpte inn utstyr for kasseproduksjon.

BAKGRUNN OG OPPSTARTING

Svend Sigmundstad på Fister bygde seg gardssag kring 1875. Dette var ikkje noko sjeldsyn i Ryfylke. Både før og seinare er det mange gardar som har brukt å skjera tømmeret sitt sjølv — gjerne med noko leigeskjering attåt.

Oppsangssaga hadde vore vanleg i Ryfylke fram til denne tida. Men den saga Svend Sigmundstad sette opp var ei vassdriven sirkelsag. Demningen låg omlag 400 meter ovanfor saga. Jamt over var her for lite vatn, og det var heller få dagar dei kunne skjera noko større. Sonen, Lars Sigmundstad, skar og stort sett berre til eige bruk. Men i 1926 blei det bygd ny og betre demning. Samtidig bygde dei eit lite kraftverk. Forutan å skaffa straum til sagbruket, skaffa det og straum til lys og koking til husa på garden. Totalt produserte dette kraftverket 20 KW.

Bedrifta sysselsette jamt over ein fast kjerne på 3-4 arbeidarár pluss ein del mellombels tilsette i sesongen. Arbeidskrafta var hovudsakleg lokalt rekruttert. Produksjonen var retta mot ein lokal marknad, sjøl om bedrifta etter kvart fekk fleire bein å stå på.

I denne vesle artikkelen skal me sjå nærmere på verksamheten til Sigmundstad Sagbruk og Kassefabrikk slik eigarane hugsar og opplevde det.

Det var to av sønene til Lars, Bjarne og Sigmund Sigmundstad, som no hadde tatt over drifta av sagbruket. For dei som ikkje hadde gard å ta over, var det små utsikter til fast arbeid i bygda i dei åra. Det var nokså rimeleg at brørne i fyrste omgang såg etter ein utveg til å utvida sagbruksdrifta. «Det galdt å finna på nåke. Det var ingen så la det opp i nevane på ein», som ein av dei uttrykkjer det. Det kunne vera noko leigeskjerring. Men først og fremst satsa dei på vidaresal av bord og plank. Forutan bord til husbygging og liknande selde dei mykje bord til møbelfabrikkar i Stavanger og Sandnes. Ekstra breie bord blei nytta til likkistebord. Desse skulle vera 39 tommar breie og blei leverte til Hvidding likkistefabrikk i Stavanger. Dette var og vanleg på mange andre sagbruk innetter i fjordane, fortel dei.



Sigmundstad Sagbruk og Kassefabrikk.
Her ser me den eldste delen av kassefabrikken som blei bygd i 1933.

EMBALLASJE TIL FRUKT OG TOMATER

I Hjelmeland hadde mange gardbrukarar drive med fruktodyrking sidan sist på 1800-talet. Men mellomkrigstida var ein kraftig vekstperiode for fruktodyrkinga i kommunen. Til emballasje for frukta hadde produsentane tidlegare nytta tønner eller kassar av meir tilfeldig storleik. Etter kvart fekk ein syn for at frukta

kravde varsom behandling og såleis mindre kassar. I mellomkrigstida blei det vanleg med 20 kilos kassar for eple og pærer og 10 kilos kassar for plommer. Seinare blei det 10 og 5 kilos kassar med standariserte mål.

Kassane blei svært ofte kjøpte frå kassafabrikkar i Stavanger. Men når bærkorgene blei produserte lokalt, burde det vel heller ikkje vera nødvendig å kjøpa frukt-kassane utanfrå, meinte Bjarne og Sigmund Sigmundstad.



Kassefabrikken 1959. Sigmund Sigmundstad og Erik Bråten skjer kassabord.

Fyrst på 1930-talet fekk ein dessutan opptakten til ei ny næring som kom til å bety svært mykje for Ryfylke — drivhusnæringa, og særleg tomatproduksjonen. Finnøy var fyrst ute. Så fylgde dei andre Ryfylkeøyane tett etter.

Veksthusnæringa ekspanderte raskt utover i 1930-talet. Det same gjorde etterspurnaden etter kassar til å frakta produkta i.

Marknadsutsiktene var såpass lyse at brørne Sigmundstad i 1933 kunne byggja fyrste delen av kassafabrikken. Samstundes blei dei fyrste maskinane innkjøpte. Det var ein tykkelseshøvel og eit par kassabordssager. Og ein trykkemaskin som kunne trykkja produsentane sitt namn på kassane. Dette var viktig, då produsentane skulle ha att sine eigne kassar frå grossistane.

No var ikkje Sigmundstadbrørne åleine om kassafabrikasjon i Hjelmeland. Same året (1933) starta

Magne Sæbø «Hjelmeland kasse- og trebundskofabrikk». Denne blei i 1938 overteken av Ola Almenningen & Søn. Bjarne og Sigmund Sigmundstad meiner og at det ei tid i 1930-åra var omlag ti kassafabrikkar her i distriktet. Men dei var ikkje liv laga. I fleire tilfelle hadde eigarane lita røynsle i å behandla sager og tømmer, og drifta blei urasjonell. Ein måtte vita kordan ein skulle utnytta materialen. Det kravde innsikt og erfaring. Og Sigmundstadbrørne hadde vore med på saga frå dei var små.

SESONGPRODUKSJON


Kassaproduksjonen var sesongprega. Tomatsesongen begynte i mai, og plommesesongen varde ut september.

Ein skulle tru at bedrifta kunne laga kassane ferdige om vinteren og ha dei klare til sesongen. Rett nok skar dei opp ein del kassabord på førehand. Men etterspurnaden varierte frå år til år. Og dei kunne ikkje på førehand spå om det var tomatproduksjonen eller plomme-

hausten som kom til å bli best neste år. Dessutan skulle både grønsak- og fruktprodusentane ha namna sine trykte på kassane, og det måtte gjerast før kassane blei spikra saman. Dei første åra kunne og dei enkelte frukt-dyrkarane ha sine personlege mål på kassane. Både «20» og «10 kilos» kassane kunne variera frå produsent til produsent.

Men etter ei tid blei det innført standardmål på all fruktemballasje. Standardkassane gjorde slutt på merkinga frå den enkelte produsent. Det letta sjølv kassaproduksjonen, og det letta returnen av kassane frå grossistene.

I 1950-åra gjekk fleire produsentar bort frå å pakka grønsakane sine sjølv. Det var m.a. fleire pakkerier på Finnøy som kjøpte opp grønsaker og leverte til grossistar i Oslo eller andre stader. I 1960-åra var det mest berre pakkerier. Dette var ein ny lett for kassaproduksjonen. Ein fekk færre, men større leveransar. Pakkeria skulle heller ikkje ha merka kassar. Mange hadde tidlegare sett ein viss reklameverdi i denne merkinga. Men skulle tomatane seljast i Oslo fann ein fort ut at det ikkje var nokon fordel å reklamera med «Finnøy-tomat» eller «Ryfylketomater» når kundane kunne få ferskare varer andre stader frå.




Enno finnst det produkt som lyt fraktast i solide trekassar. Denne kassen er til elektrotaljer frå Trygve Kvernland.

TØMMERTILGANGEN

Det som til tider skapte det største problemet for bedrifta var tømmertilgangen. Frå gammalt var det mykje skog på garden, men han var helst uthoggen i faren si tid.

Det meste av tømmeret blei kjøpt lokalt. I alle fall den fyrste tida. Etter andre verdskriga kunne det vera svært problematisk å få tak i nok tømmer. «Me fór rundt fjordane i heile Ryfylke itte tømmer», minnest



«Siggen» har gått mange turar kring fjordane i Ryfylke med frukt og tomatkassar.

eigarane. For det var mange sager og stor konkurranse om tømmeret på den tida.

Tømmeret blei ofte slept utetter fjordane i såkalla fiskebeinsflåtar. Dvs. at tømmeret var lenka saman i lange slep som likna eit fiskebeinsmønster sett ovanfrå.

I dårleg ver kunne dette lett gå gale, og tømmeret kom på rek i fjorden.

Ei tid i 1950- og 1960-åra fekk dei hovudtyngda av materialen ferdig skoren frå m.a. Fredrikstad. I den tida var det mange party som gjekk med tømmerlast langs kysten. I dag er «Bono» den einaste tømmerskuta som er att i denne farten.

Like til no har sagbruket til Sigmundstad fått mykje

material austanfrå. — Med båt. Det blir enno billegare enn om tømmeret skal sendast til Stavanger med jernbanen og så fraktast vidare til Ryfylke.

ARBEIDSKRAFT

Før krigen hadde Sigmundstad Sag og Kassefabrikk eit par faste leigefolk. I sesongen kunne dei ty til bygdefolk og naboar som elles dreiv fiske eller gjekk på dagsarbeid.

Etter at kassefabrikken kom i gang var det 5 personar, medrekna eigarane sjølve, som busette seg på Sigmundstad. Opphaveleg var det berre to bruk på garden — hovudbruket og ein tidlegare husmannsplass. I sesongen var det og ein god del skuleungar, både frå bygda og mellom hyttefolket frå Stavanger, som var med å spikra kassar. Då dei fekk spikremaskin i 1946 var dette ein veldig lett i arbeidet.

I 1950- og 60-åra var det ein del ungdommar frå distrikta omkring som tok arbeid på kassafabrikken. Desse budde hos eigarane og hadde kosten der. Fleire av dei før seinare til stålverket på Jørpeland. «Gjennom alle år» hadde dei i tillegg ein fast kjerne av 3–4 leigefolk.

Eigarane har i dag ikkje nokon fullstendige tal over produksjonen. Men dei kunne levera opptil 150.000 tomatkassar i året — pluss andre frukt- og grønsakkassar. Enkelte gonger leverte dei 10.000 kassar i veka. Dei kunne laga 1000 plommekassar til ein mann. Elles gjekk det mykje på 4–500 kassar til kvar fruktproduzent.

MED «SIGGEN» LANGS RYFYLKESTRENDENE

«Siggen» blei snart ein velkjend farkost langs strandene i Ryfylke. Båten var tidlegare brukt som fiskebåt. Etter

eit forlis i 1940 blei skroget nybygt og båten forlenga med 4 fot (til 36 fot). «Siggen» blei brukt til all slags føring til og frå fabrikken.

Eigarane meiner at båten må ha vore innom mest kvart eit naust eller bryggje i heile Ryfylke og levert kassar. Med fleire tusen kassar i kvar føring kunne det vera eit svært ståk å finna tak i dei rette kassane når ein la til bryggja.

3000 tomatkassar var ei vanleg last. Då var båten så fullasta at borna laut sitja på taket og halda utkikk. Ein gong lossa dei 6000 kassar på Finnøy. Men då hadde dei agurkkassane, som var noko mindre oppi tomatkassane.

Leveringa av kassar føregjekk ofte etter den ordinære arbeidstida var slutt. Klokka kunne bli både 11 og 12 om kvelden før Bjarne og Sigmund Sigmundstad var heime igjen. — Og borna med. For då borna vaks til var det sjølv sagt at dei skulle vera med i arbeidet. Dei hjelpte m.a. til med spikringa, og var til god hjelp under lasting og lossing.

NYE MARKNADER

Utover i etterkrigstida skaffa bedrifta seg fleire bein å stå på. Dei fekk leveransar til Tau bryggeri og laga mjølke- og ostekassar til m.a. Finnøy, Høyland og Frue meieri. Etter kvart blei også Stavanger Tinnfabrikk, Sandnes Aducerverk, Figgjo Fajanse og Eggslaget faste mottakarar av kassar frå fabrikken.

Denne produksjonen sikra meir stabil drift gjennom året. Ein fekk bestillingane i god tid og visste når ein skulle levera og kor mykje ein skulle levera. Medan plommekassane kom kanskje ein mann og skulle ha på dagen, fortel dei.

I 1960-åra rekna dei dessutan med at det kom til å bli slutt på grønsak- og fruktakassar av tre. Kartong, men i

fyrste rekje plastkassane overtok. Overgangen skjedde for alvor kring 1970 og kom brått. I 1965–66 var det t.d. berre tomatkassar av tre. Eit par år etter var det såvidt dei fekk nytta den materialen som var skoren opp om vinteren. Trekassane blei for dyre i konkurransen.

I 1970-åra blei produksjonen ved kasselfabrikken trappa ned. Samtidig med at etterspurnaden etter trekassar minka, var eigarane blitt pensjonistar og kunne ta det meir med ro. Men enno er det enkelte tyngre pro-

dukt som lyt fraktast i solide trekassar. I seinare år har f.eks. Sigmundstad Kasselfabrikk laga kassar til Stavanger Tinnfabrikk og for Trygve Kverneland til fraktting av elektrotaljer, silotaljer og liknande.

Like til det siste har dei og drive med noko leigeskjering.

MÅLFRID SNØRTELAND, f. 1952 på Karmøy. Ho er mag.art. i etnologi og vikarerer for tida som konservator og styrar ved Ryfylkemuseet.

Industrien på bygda – Tre næringstiltak i Hjelmeland

AV NJÅL TJELTVEIT

Visste du at det har vore brusfabrikk på Jøsneset? Det er heller ikje så mykje me veit om dette føretaket i dag, men Njål Tjeltveit har nådd tak i enkelte opplysningar om denne fabrikken og om Torgils Larssen Knutsvik som dreiv han. Tjeltveit har også snakka med folk som minnest pukkverket på Fister og kiselgurdrifta i Årdal.

Hjelmelandsvågen var tilhaldstad for dei fleste handverks- og industritiltak i Hjelmeland sist på 1800-talet og først på 1900-talet. Her fann ein skomakarar, skreddarar, fargarar, spinneriarbeidarar, smedar og skipsbyggjarar. Dette vil me gjerne komma attende til ved eit seinare høve. Men også andre stader i prestegjeldet var det mindre industriverksemder.

NYLUND BRUSFABRIKK

Brusproduksjon har få ryfylkingar drive med. Men i om lag 30 år frå tida kring århundreskiftet og utetter, hadde Torgils Larssen Knutsvik (f. 1855) ein liten brusfabrikk i Knutsvik på Jøsneset.


Torgils Larssen Knutsvik var fødd i Saltkjervik, ein husmannsplass under Nord-Knutsvik, men han budde

Dei fleste arbeidsfolka i pukkverket var tilreisande sluskar som blei sett på som framande fuglar i bondesamfunnet. Men kiselgurdrifta i Årdal var ein ettertrakta arbeidsplass for folk frå Nessa og Hetlandsbygda i ei tid då det var smått med anna arbeid i bygdene våre.

i vaksen alder i Røssevik under Sør-Knutsvik. Her hadde Torgils Larssen hus, naust og bryggje.

Før Torgils Larssen Knutsvik byrja å laga brus, dreiv han handel i Røssevik. Han åtte og ein heller stor part i båten «Rakel» som forliste ved England. Bror til Torgils Larssen Knutsvik, Knut, var skipper på «Rakel». Torgils Larssen tapte truleg ein god del pengar på båten som sokk.

Etter at Torgils Larssen Knutsvik hadde drive handel i Røssevik ei tid, byrja han med brusfabrikk. Larssen skaffa seg enkelt utstyr til føremålet og dreiv brusproduksjon i kjellaren. Torgils Larssen Knutsvik hadde bruslaging som attåtnæring i kombinasjon med stilling som lakseoppsynsmann i distriktet. I 40 år stod Torgils Larssen for lakseoppsynet i området frå Jelsa i nord til skiftet med Strand i sør. Han byrja som oppsynsmann



Torgils Larssen Knutsvik.

1. januar 1889 og hadde stillinga til 31. desember 1935. Då var han 80 år gammal. Året etter fekk Torgils Larssen Knutsvik kongens fortjenestemedalje i sølv for godt utført arbeid i lakseoppsynet.

Brusfabrikken til Torgils Larssen Knutsvik heitte Nylund Brusfabrikk. Brusen blei seld til butikkar i distriktet. Han leverte varene på dørene hos mottakarane ved at han gjekk med motorbåten sin og besøkte kundane. Motorbåten Torgils Larssen Knutsvik åtte var

ein ombygd livbåt, og han brukte same båten i lakseoppsynet.

Den ferdige brusen blei tappa på flasker av den typen som blei nytta på den tid. Flaskene hadde korkar som sat fast på flaskene. Korkane blei festa med ei spenne når det var tappa brus på dei. På flaskene frå Nylund Brusfabrikk var det etikettar som fortalte om brussort og produsent. Av brussalg laga i alle fall Torgils Larssen Knutsvik jordbærbrus, bringebærbrus og selters, men produkta var sikkert fleire. I dag finst det ikkje dokumentasjon som fortel om brusfabrikken på Jøsneset.

Kona hjelpte Torgils Larssen Knutsvik med brusproduksjonen, m.a. var ho med og frakta vatn til brusfabrikken. Dei hadde ikkje innlagt springvatn til eigendommen sin, og vatn måtte trillast med hjulbåre frå ein brunn i nærleiken. Ungane fann på å hiva småaurar i brunnen, og kona til Torgils Larssen Knutsvik, Olina, skjente og sinna seg på ungane.

Kassar som brusflaskene blei frakta rundt til kundane i, var laga av tre og var om lag like høge som brusflaskene.

Då Torgils Larssen Knutsvik sluttar av med å laga brus, selde han produksjonsutstyret til Løviks Brusfabrikk i Stavanger, og utstyret blei flytta dit. Dermed var ein konkurrent til brusfabrikanten i Stavanger vekke.

På sine eldre dagar budde Torgils Larssen Knutsvik hos sonen på Hundvåg i Stavanger. Han flytta dit i 1939 og døydde der året etter. Bustadhuset på Røssevik på Jøsneset bleiv rive og frakta til Hundvåg.

Nylund Brusfabrikk var eit uvanleg bedriftstiltak på Jøsneset, og den vesle fabrikken til Torgils Larssen Knutsvik vitnar om initiativ og evne til å prøva noko nytt. Saman med lakseoppsynsoppgåvene skaffa brusfabrikken ein leveveg for Torgils Larssen Knutsvik og familien hans.



*Ein vanleg søndag på Brakkå i Pukkverket rundt 1920.
Frå venstre: Anna Bråten og Lina Sandvik. Karl Framnes var
ingen spelemann, men hadde trive fatt i fela til Nils Birkenes.
Karina Bråten og Kaia Tjøstheim ser me til høgre.*

PUKKVERK PÅ FISTER

I åra 1912-1923 blei det drive pukkverk på garden Øvrehus på Fister. På det meste arbeidde 12-13 mann i pukkverket, som Stavanger-firmaet Stavanger Steinindustri stod bak.

Det var fisterbuen Johan Bakken som fann høveleg stein til å driva pukkverk med på garden til Tormod

Øvrehus. Bakken dreiv m.a. som båtbyggjar og hadde geologiske interesser. Fagfolk vurderte steinprøver som Johan Bakken tok, og ekspertane slo fast at granitten på den aktuelle staden hos Tormod Øvrehus var hard og hadde god kvalitet.

I førstninga arbeidde 4-5 mann i pukkverket. Bedrifta plasserte ein liten knusemaskin på Fister i starten. Sundknust stein blei send til England. Til Stavanger og Haugesund gjekk det pukk og sand. Seinare kom det betre knuseutstyr med ein kapasitet på 120 tonn for dagen. Det trongst to mann til å mata knusemaskinen, og dette var skikkeleg tungarbeid. Ein sor-



Helg ved Brakkå i Pukkverket ca. 1920. Til venstre ser me Nils Birkenes. Han var smed ved verket. Ved sida av han står Kolbein Mosnes som også arbeidde der. Så kjem Kristiane og Nils Longum, to tilflytte som styrtte med brakka. Ho kokte og han var som ein brakkesjef. Karina Bråten har litle Kåre på fanget. Ane Mosnes sit med borna Lilly og Arne. Anna Bråten. Ellen Birkenes var Mally og Bibbi (Borghild) på fanget.

terar delte steinane i fem sortar. Tre kvalitetar gjekk ut på kvart sitt transportband til ein silo med tre rom. Siloen stod ute ved sjøen og var kledd med plank.

Siloen var for veikt bygd og braut saman i 1918. Då uhellet skjedde, var berre tredjeparten av lagerkapasiteten utnytta.

Seinare gjekk knusemaskinen sund og blei overtatt av Stavanger kommune. Men det blei framleis levert Stein eller kult, ca. 25–40 cm tjukk stein, frå pukkverket på Fister.

Boringa i fjellet føregjekk som handboring. Hola kunne lagast 5 meter djupe før det blei fylt i dynamitt og drive sundsprenging. Det skjedde aldri ulykker i pukkverket.

SLUSKAR

Dei fleste arbeidsfolka i pukkverket var tilreisande frå andre kantar av landet. Fisterbuar som hadde arbeid i pukkverket, var: Laurits Bråten, sonen Erik Bråten og

Kolbein Mosnes. I nærleiken av området der pukkverket heldt til, blei det bygt eit hus for arbeidsfolka. I daglegtale kalla folka på Fister dette huset for «Brakkå», og huset står framleis. Nokre av arbeidsfolka budde privat, men dei fleste tilreisande hadde tilhaldsstad på brakka. Her arbeidde kokkar, med matstell og anna nødvendig husarbeid. I «Brakkå» var det soverom i andre etasje, matsal og kjøkken i første høgda. Folk budde trøngt då arbeidsstokken var på det største.

Det var ein del gjennomtrekk blant arbeidsfolka, og i bygda blei pukkverksarbeidarane kalla for sluskar. Sluskane hadde etter måten lite kontakt med bygdefolket, og fisterbuane såg på pukkverksfolka som framande fuglar i bondesamfunnet. Blant dei tilreisande pukkverksarbeidarane kunne det føregå både drikking og slåsting, og det hende lensmann Kolbenstvedt på Hjelmeland måtte tilkallast. Men arbeidarane i pukkverket var ikkje berre villslusk, seier folk på Fister som minnest pukkverkstida, og dei meiner det er urett å framstilla miljøet i brakka som berre merkt av fyll og ulivnad.

ARBEIDSFORHOLD

Pukkverket laga mykje støy, og det var ikkje lite steinstovrok. Det hende at arbeidarar fekk høyrevanskars. I pukkverksområdet føregjekk det mykje sprenging.

Ein formann leia arbeidet i pukkverket. Første formannen var austlendingen Ole Johannessen. I 1916 eller 1917 overtok Peder Framnes frå Narvik. Han stod for den daglege leiinga til pukkverket slutta i 1923.

Formannen noterte dagsverka til arbeidarane og hadde betre løn enn dei andre. Forholdet mellom formann og arbeidarane skal ha vore godt.

Leiaren for Stavanger Steinindustri, disponent Andreassen, kom med jamne mellomrom frå Sta-

vanger til Fister for å sjå til drifta i pukkverket. Han hadde som eit lite kontor i «Brakkå».

Ein av dei tre fisterbuane som arbeidde i pukkverket, Erik Bråten, var 16 1/2 år då han byrja med steinarbeid. Han var yngstemann i pukkverket. Erik Bråten har fortalt at arbeidsdagen byrja klokka 7.00 om morgonen. Frukostpause hadde dei frå klokka 9.30 til 10.00 og middag mellom klokka 13.00 og 14.00. Klokka 18.00 var det slutt for dagen.

Om laurdagane stansa arbeidet til middag.

Den første tida fekk Erik Bråten 35 øre timen i løn. Seinare kom eit tillegg på 5 øre, så dagsløna auka til 5 kroner. På den tid arbeidde Erik Bråten 2-3 dagar for veka i pukkverket. Karane som dreiv fram steinen, arbeidde på akkord og fekk betaling for tonnet. Familieliefsorgjarar kunne få dobbel så høg løn som Erik Bråten. Løn blei utbetalet kvar fjortande dag.

Grunneigaren, Tormod Øvrehus, fekk godtgjersle for kvart tonn som blei tatt vekk. Ei tid var betalinga 7 øre for tonnet, men enkelte stader skal det ha blitt betalt 20 øre tonnet til grunneigaren.

Folk hyrte seg hos disponenten i Stavanger, men formannen hadde fullmakt til å seia opp folk. Arbeidarane var tilslutta ei arbeidsforeining. Dei måtte betala kvar veke for å vera medlem. Dermed var dei sikra arbeidsløysetrygd om slik hadde blitt aktuelt. Arbeidarane hadde fri dokter og stod i sjukekassen.

Formannen hadde førstehjelpsutstyr og kunne praktisera enkel førstehjelp.

Pukkverket blei lagt ned for di drifta var for dyr samanlikna med andre stader der det fanst stein som kunne konkurrera med steinen frå Fister. I dag er det få synlege merke i området der pukkverket heldt til. I fjellsida der steinen blei sprengd vekk, har skogen dekt til det meste av «såra». Den såkalla «Brakkå» eig byfolk som sommarferierer på Fister.

KISELGURDRIFT PÅ NESSA

Frå 1913 og fram til kring 1940 var det kiselgurdrift på Nessa i skiftet mellom Nessa-gardane og Staurland i Hetlandsbygda på Fister. Mange hadde gjennom åra arbeid i kiselmyra, for det meste menn frå Hetlandsbygda og Nessa.

Det var under nydyrkning at grunneigaren, Nikolai Nessa, oppdaga kiselgur, og planane om utvinning kom i gang. Kommunestyret i Årdal hadde i møtet den 19. desember 1912 føre søknad frå Arthur Picton, Wolverhampton i England om løyve til å utvinna kiselgur frå eide dommen til Nikolai Nessa. Picton dreiv utvinning av kiselgur andre stader. Søknaden blei imøtekommen, men på visse vilkår:

- a. At der ved anlegget og driften ikke paaføres Aardals Kommune forøgede Fattigudgifter.
- b. At det paasees at der ved udglidning ikke tilføres skade paa Jord udenom det i Kontrakten nævnte Areal.
- c. Saafremt den nuværende Bygdevei benyttes til transport af Varer, at den som eier Driften erstatter den forøgede Slitage paa Vei og Brygge.

Året etter kom drifta i gang.

UTVINNING OG TØRKING AV KISELGUR

Først laut det gravast kanal frå myra der det var funne kiselgur og ned til Nessavatnet. Då arbeidet med sjølve utvinninga starta, måtte arbeidsfolka først ta av jordlaget på toppen, slik at dei kom ned på guren. Arbeidarane brukte spesialspadar og delte opp guren i avlange, firkanta stykke.

Guren blei lagd til tørk utover på området, og det kom opp fire tørkehus med hyller i. Våren var den mest høvelege tida å tørka kiselgur, og det meste av aktiviti-

teten i kiselmyra føregjekk frå telen gjekk or jorda om våren og fram på haustparten.

Kiselgur blei tørka både inne i tørkehusa og ute på bakken. Svært laus gur breidd arbeidsfolka med river på godversdagar.

Den oppspadde guren lødde arbeidsfolkla først opp i såter, eller krakkar som var det vanlege ordet å bruка. Krakkane var 40–50 cm høge. Veret avgjorde lengda på tørkeperioden. Det kunne stå ei mengd krakkar bortover kiselmyra, og kunstmålarar kom for å laga bilete med motiv frå myra.

Over heile utvinningsområdet gjekk det jernbane-skinner på kryss og tvers. Det fanst mange vogner som kiselguren blei lest oppi og køyrd rundt for å leggjast til tørking. Når tørka kiselgur skulle fraktast, blei det brukt andre kassar på vognene enn ved transport av rå kiselgur.

Dei som spadde laust kiselgur over det mange mål store området, løfta dei halvfaste torvliknande gurstykka over grøfta og opp i vognene. Djupna på grøftene varierte ein del, men grøftene kunne vera mellom ein og to meter djupe. Grøftearbeidet var litt av eit slit, og folk dreiv på så sveitten rann. Alle ville visa at dei var kvalifiserte til jobben.

Folk brukte ikkje handskar, og mange sprakk sund på skinnet. Til å verna seg smurde dei talg på hendene.

Etter tørkinga blei kiselguren brend. Eit hus blei nytta til brenning i området, og lukta frå brenninga kjendest lang veg. Kiselgur som det blei sett fyr på, ca. 3 tonn om gongen, kunne brenna i tre månader. Den brende guren var lyseraud på farge.

Kiselguren blei etter brenninga fylt i sekker og send vekk. Seinare kom det mølle på området som finmol kiselguren. Også frå andre plassar frakta folka kiselgur til Nessa for brenning. Etter maleprosessen var kiselguren omgjord til fint mjøl som så blei fylt i tjukke jute-

sekker. Malinga starta i andre etasje i bygget som blei brukt til dette føremålet, og den ferdigmalne guren kom ut i første høgda.

TRANSPORT

Det meste av kiselguren blei frakta dei 2–3 kilometrane ned til Nessa-kaien og send med rutebåten. Av og til kom det framande båtar eller skøyter og henta dekker med kiselgur. Mykje kiselgur gjekk til England, og noko blei levert til Sør-Afrika. Den guren fylte arbeidsfolka i doble jutesekker. Noko kiselgur kjøpte stålverket på Jørpeland. Guren blei brukt til å blanda i kosmetikk, tannkrem, dynamitt og isolasjon, og kvaliteten av den guren dei fann på Nessa var god.

Mannskapet på rutebåtane tykte lite om å handtera sekkene med kiselgur, for desse sekkene var svært skittnesame. Var det store laster som skulle sendast, gjekk rutebåten ekstratur fra Årdal til Nessa for å lasta etter ordinær rutetid om kveldane. Då slapp rutebåten å liggja for lenge på Nessa og ta om bord sekker på veg til Stavanger om morgonen.

Gjennom åra gjekk det mange tonn kiselgur i sekker over Nessa-kaien.

Transporten av sekker frå uttaksområdet til Nessakaien gjekk med hest og slede. Fleire bønder fekk køyreoppdrag, og desse jobbane var svært ettertrakta. Sekker med ferdig kiselgur blei lagra på garden der kiselguren fanst, og det kunne gå 2–3 hestar om gongen i transport mellom utvinningsstaden og kaien på Nessa. Skulle store parti med kiselgur leverast, hende det 6–8 hestar og skysskarar var i funksjon.

Folk frå Nessa, Staurland og Bratthetland hadde transportoppdrag og skaffa seg kjærkomne attåttinntekter i tronge tider. Kjørekaranne hadde betaling for lasset og dreiv hestane sine hardt. Var det råd å få køyreoppdrag, gjekk folk frå alle andre gjeremål.

ARBEIDSFOLK FRÅ NESSA OG HETLANDSBYGDA

Ein del svenskar arbeidde her då kanalen blei graven for å tappa ut myra. Elles var det folk frå Nessa og Hetlandsbygda som fekk arbeid med kiselgurutvinning. Vinterstid var det lite å gjera og to av dei som arbeidde lengst i kiselutvinninga, Gunnar Gundersen og Knut Staurland, reiste på fiske om vinteren. På det meste arbeidde 17 personar i kiselutvinninga, men arbeidsstokken var oftast noko mindre.

For mange unge menn på Nessa og i Hetlandsbygda var det gjevt å få arbeid i kiselutvinninga. Elles var arbeidstilboda få, og enkelte tilbaud seg å arbeida for lågare timebetaling dersom dei berre slapp til. Kiselmyra gav kjærkomne inntekter i tida kring 1930.

Arbeidsløna var 65 øre dagen for vanleg arbeid ei tid. Krakkaranne, dvs. dei som lødde opp dei opptekne stykka til tørk, fekk 35 øre i dagløn. Det daglege ansvaret hadde formannen. Fleire stod for den daglege leiinga. I førstninga hadde ein engelskmann som var svoger til eigaren Arthur Picton, formannsansvaret. Sidan kom ein sørlending, Daastad, så Martin Kleppa og etter han Gunnar Gundersen i mange år. Den siste formannen var Knut Staurland.

Den ansvarlege for drifta, Arthur Picton, heldt seg av og til på Nessa ei vekes tid om gongen. Han hadde også med seg andre engelskmenn for å sjå på verksemda. Picton kjøpte garden av Nikolai Nessa kort tid etter utvinningsa kom i gang, og etter krigen overtok Knut Staurland garden og dreiv vanleg jordbruk. Arthur Picton disponerte eit rom i bustadhuset på garden då han heldt seg i området.

I dag står berre eitt av husa att som blei brukt i kiselgurutvinninga. Arbeidsfolka sat i kjellaren i våningshuset på garden og åt, og ei tid heldt dei seg på lemmen i gardstuinet. Var veret bra, kunne dei sitja ute i matpau-

sane. Velferdsbrakke og toalett for arbeidsfolka fanst ikkje. Arbeidsdagen var 9 timer.

Ein god del år budde det folk i våningshuset, m.a. formannen Daastøl frå Flekkefjord. Han hadde famili med seg, og ungane gjekk på skule på Nessa. Sist i 30-åra budde Knut Staurland og familien hans i våningshuset.

Arbeidet i kiselmyra var uvanleg tungt, og bortsett frå malinga, blei alt gjort manuelt. I mølla rauk det følt, og ein av arbeidarane som heldt seg mykje der, fekk silikose (kronisk lungesjukdom) og døydde sidan av det.

Sonen til Arthur Picton, Tomas Edvard Picton, overtok ansvaret sist i 30-åra. Han og kona budde på Nessa i eit halvt år. Så kom den andre verdskrigen og

sette stopp for drifta av di det blei uråd å transportera kiselgur til England og andre mottakarstader. Den siste formannen, Knut Staurland, fekk kjøpa garden etter krigen. Kona hans, Klara Staurland, bur no på garden.

Gjennom åra var det stor sesongaktivitet i kiselmyra i skiftet mellom Staurland og Nessa, og mange fekk seg ettertrakta arbeid med tunge tak, slit og høgt tempo, i ei tid då arbeidstilboda for unge menn i området var få. Kiseguraktiviteten representerer ein viktig epoke for dei som skaffa seg arbeid og nye opplevingar frå ein uvanleg arbeidsplass i Nessa-traktene.

Artikkelen byggjer på informasjonar frå: Peder Hagen, Erik Bråten (død), Bjarne Sandvik, Anton Hetland, Mikal Hetland og Klara Staurland.

Enighedens Kobber Verk – Ryfylkes første industriføretak?

AV TRYGVE BRANDAL

Alle som høyrer orda smelteverk og Ryfylke i dag, tenker på Sauda. Det er rett nok, men ser vi historisk på det, er det ikkje heile sanninga. I 1760-åra var nemleg Enighedens Kobber Verk i drift i Ryfylke. Verket var eit «interkommunalt tiltak» med smeltehytte i Hjelmelandsvågen og malmbryting på Oanes og Berge i Forsand og på Sandeid i Vats.

Verket hadde kort levetid. Etter nokre få års drift var det visst slutt på både «Enigheden» og drifta.

Det meste av historia til koparverket ligg nok for alltid i mørke. Trygve Brandal har likevel spora opp ymse kjelder som fortel om verket. Dei er utilstrekkelege for å få noko fullt oversyn over drifta av verket, men kan likevel kaste noko lys over dette ukjende kapitlet av vår tidlege industrihistorie.

Verket dreiv både i Forsand, Hjelmeland og Vats. I denne artikkelen er hovudvekta lagd på drifta i Hjelmeland.

STARTEN

Den 10. januar 1764 sit kjøpmann og etatsråd Lyder Schultz og nokre andre bergenske kjøpmenn og legg siste hand på ein søknad til kongen i København. Dei søker om å få privilegium til eit koparverk dei arbeider med å etablere i Ryfylke.

På 1700-talet var det langt frå fritt fram for den som ville gå i gang med eit industrielt tiltak. Det trøngst løyve frå styresmaktene — privileg som dei kalla det då, konsesjon som det vel heiter i dag. Dette var i merkantilismens tidsalder, og då var det ein effektiv etableringskontroll med alle industriføretak. Dei verksemder som vart etablerte, skulle til gjengjeld sikrast livsvilkår ved å få einerett i sitt distrikt. Nokon fri konkurranse trudde merkantilistane ikkje på.

Bergenskjøpmennene med bergverksplanar i Ryfylke måtte difor pent sette seg ned å formulere ein fyldig privilegesøknad. I den skriv dei at dei har gjort visse forundersøkingar av «Kobber Ertzganger» på gardane Oanes og Berge i Forsand og at dei reknar med å etablere eit bergverk her. Dei søker om å få einerett til å utvinne dei malmførekomstar som måtte finnast i ein sirkumferens eller omkrins av to mil frå smeltehytta. Ei landmil var på den tid på ca. 11,3 km. Set vi passarspissen på Berge i Forsand, der vi reknar med at dei planla å sette opp smeltehytta, og lar radiusen vere 22,6 km, får vi ein sirkel som går frå Årdal, rundt til Hidle, Stavanger, Ålgård, Øvre Maudal og langt inn i Lysefjorden.

Eit bergverk trøng mykje ved til malmsmeltinga, og dei sökjer difor om å få tilgang til skog i distriktet til trekol, setteved og bygningstømmer.

Vidare ber dei om å få innføre tollfritt varer til drift av verket. Først og fremst galdt det steinkol, som dei rekna med å måtte innføre ein del av fordi tilgangen på ved var utilstrekkeleg i distriktet. Men også matvarer til arbeidsfolka sökte dei tollfridom for.

Dessutan sökte dei om løyve til å bryggje kverner til kornmaling og sager for skjering av tømmer. Den såkalla Hytten Friede som andre bergverk hadde, sökte også mennene bak Enigheds Kobber Verk om. Den gjekk ut på at verket skulle ha juridisk myndighet over sine tilsette med rett til å ilegge penge- og fengselsstraff for mindre «forseelser». Til sist ba dei om 10 års tiende-fridom for den kopar dei skulle utvinne.

Alt i alt vitnar söknaden om at bergenskjøpmennene hadde planar om eit industritiltak av eit visst format. Bergverksdrift kunne då heller ikkje vere småindustri.

Seks personar underteikna som «Stormægtigste Allernaadigste Arve Konge og Herres allerunderdannigste arve undersaatter og troe tienere». Forutan den allereie nemnde Lyder Schultz var det Lambert von der Ohe, Andreas I. Schram, J. Reef, Henrich Hespe og Dau. Vi reknar med at dei alle var kjøpmenn og borgarar i Bergen.

Söknaden hamna i Rentekammeret i København, dåtidas Finansdepartement, som sende söknaden til Oberbergamtet på Kongsberg til uttale. Dei tilrådde söknaden utan å ha vesentlege innvendingar. Og den 9. juli 1964 vart privilegiebrevet utsenda av Fredrik 5. på Fredensborg slott.

Bergenskjøpmennene fekk det som dei ville. Privilegiebrevet var punkt for punkt i pakt med söknaden. Når det galdt skogcirkumferensen, sa privilegiebrevet at denne skulle fastsetjast seinare av overbergamtet og

generalforsamtet. Nettopp skoghogsten til verket skulle bli ei kjelde til strid, som vi seinare skal sjå.

DRIFTSOPPLEGGET

Det er ikkje mykje vi i dag kan vite om drifta av verket. På dette punktet er kjeldene svært sparsame.

Privilegiebrevet var utsteda til Enigheds Verk «paa Gaardene Oenæs og Berges Grunde» i Forsand. Men slik kom det ikkje til å gå. I Lastabotn i Forsand blei det brote malm, men smeltehytta, sjølve koparverker, vart liggjande i Hjelmelandsvågen, på garden Sæbø sin grunn.

I dag syner det ingen spor i landskapet som kan fortelje oss nøyaktig kvar verket låg. Men lokalkjende folk (Olav Sæbø) meiner at verket låg om lag der Ole Halvorsen midt på 1800-talet sette opp fargeriet sitt i Hjelmelandsvågen, eit stykke nord for den noverande kaien.

Malmen som vart broten i Forsand måtte fraktast sjøvegen til smeltehytta i Hjelmelandsvågen. Også på Sandnes i Vats skal det ha blitt brote koparmalm til verket. Sjølv om Hjelmeland ligg i mellom desse to städane, vart det dryge avstandar å frakte malmen over fram til smeltehytta. Frå Forsand er det om lag 55 km sjøvegen og frå Vats ca 40 km til Hjelmelandsvågen.

Dette verkar som eit noko tungvint driftsopplegg som hadde dei økonomiske faktorane mot seg frå starten av. Ein ting var at transporten av malmen førte med seg store utgifter. Ein annan var «Kullenes Kostbarhed i denne ikke meget skovrige Egn». Dei store mengdene ved som trøngst til eit bergverk måtte her til dels fraktast over lange avstandar.

Trass i den kostbare drifta er det opplyst at verket i nokre år blei drive «med temmelig Fordeel». Etter segna skal det i eit par år ha vorte ført kopar til Bergen

for 18000 riksdalarar. Dette vart svært mykje pengar, men vi gjer nok klokt i å ikkje leggje alt for stor vekt på denne summen.

Vi veit ikkje bakgrunnen for at planane vart endra og smeltehytta lagd til Hjelmeland i stadenfor til Forsand. Heller ikkje når dette skjedde veit vi sikkert. Men to kjeldar kan her kome oss til hjelp — kyrkjebøkene og listene over skatteytarar til ekstraskatten i desse åra.

BERGFOLK I HJELMELAND OG PÅ FORSAND

I ekstraskattelistene er det ved verket sine gruver i Forsand innførsler på skatteytarar frå mars 1763. Ved smeltehytta i Hjelmelandsvågen startar innførslene i oktober 1764.

Den første tida på Forsand vart det gjort ymse førebuande arbeid før ein sette i gong med malmbrytinga for alvor. 10. mars 1763 vart det t.d. halde synfaring på Underberge for å taksera den skaden leiglendingen Halvor Person ville få på grunn av verket. (Engen 1985:266).

I kyrkjebøkene for Hjelmeland er der i året 1764 innførsler om folk med tilknytning til koparverket. Denne hausten vart to unge systrar gravlagde med åtte dagars mellomrom. Den første vart jordfesta den 23. november 1764. Ho heitte Johanne Undahl Morgenstierne og vart ni år gammal. Systra Abelone Morgenstierne vart berre fire år gammel. Av namna skjørnar vi at dette ikkje var born av vanlege bygdefolk. Dei var døtrer av sjølve sjefen ved koparverket, hyttemester Christopher Morgenstierne.

Knappe tre månader seinare vart eit gutebarn bore til dåpen i Hjelmelandskyrkja. Berre namnet på faren er oppgjeve. Han heitte Morten Falch, og vi veit at han var tilsett ved verket. Barnet var fødd på Sæbø og fekk namnet Nils ved dåpen den 17. februar 1765.

Same hausten dukkar nye bergfolk opp i kyrkjebøkene. Den 3. oktober er Ole Olsen Escheland «af Verket» og Anna Biørnsdtr. innførte i lista over trulova. Sten Giertaasen, som vi veit arbeidde ved verket, er mellom vitna. To og ei halv veke seinare trulovar Ole Gulbrandsen «af Verket» og Ingrid Olsdtr. seg. Bryning Eilers «af Verket» er vitne.

Tre dagar før jul vart Lars Pedersen «af Verket» jordfesta, 34 år gammal.

Året 1766 byr på begge ein kyrkjeboksinnførsel som vi med visse kan seie gjeld folk ved koparverket. Anna Jonsdtr. Brandgaard «af Verket» vart gravlagd den 23. november, 48 år gammal. Det fylgjande året vert to verksfolk gravlagde — Peder Olsen «af Verket», 48 år og Østen Østensen «af Verket», 41 år.

Både i Hjelmeland og på Forsand kom der i desse åra eit nytt innslag i bygdebildet. Mange av arbeidarane ved gruvene og smeltehytta til verket var innflyttarar langsvegs frå. Namna deira ber bod om det.

Mannen som stod for drifta i Forsand den førstetida heitte Witmeyer og var frå Tyskland. Jochum Christian Schumacher tok over etterhan. Også han var tysk. Kvalifiserte begfolk var gjerne det på denne tida. Med på oppstartinga i 1763 var også folk med namn som Christian Helmich, Carl Flach og Benjamin Besler. Likevel var der også fleire nordmenn og lokale i arbeid. Mykje «vanleg» arbeid skulle også gjerast.

I Hjelmelandsvågen var der også framandfolk. Hyttemester Christopher Morgenstierne har vi alt nemnt. I tillegg var nok korkje Peter Buch, Bryning Eilers eller Morten Falch innfødde hjelmelandsbuar eller frå det nærmeste omlandet.

Ut frå listene over skatteytarar til ekstraskatten kan vi setje opp eit oversyn over talet på tilsette ved Enighedens Kobber Verk.

Tilsette ved Enighedens Kobber Verk 1765–1766

	Ved smeltehytta i Hjelmelandsvågen	Ved gruvene i Forsand	Til saman
1764			
april		24	24
mai		24	24
juni		25	25
juli		24	24
august		24	24
september		24	24
oktober	13	24	37
november	13	24	37
desember	13	24	37
1765			
januar	13	19	32
februar	14	19	33
mars	14	19	33
april	17	12	29
mai	23	12	35
juni	22	14	36
juli	22	15	37
august	25	15	40
september	25	14	39
oktober	24	13	37
november	24	14	38
desember	24	14	38
1766			
januar	17	3	20
februar	17	3	20
mars	17	8	25
april	17	8	25
mai	19	28	47
juni	16	28	44
juli	15	29	44
august	18	27	45
september	19	28	47
oktober		27	27
november		26	26
desember		25	25

Vi legg merke til at der er visse markerte sprang i utviklinga. Smeltehytta i Hjelmelandsvågen har ein jamn vekst i arbeidsstokken frå 13 ved starten i 1764 til 24 ved utgangen av 1765. Ved dette årsskiftet vert styrken brått redusert til 17 frå januar 1766, og han held seg på dette låge nivået utover.

Ved gruvene er der ein markert reduksjon på same tid. Men her går talet på tilsette kraftig opp att frå mai 1766.

Den kraftige reduksjonen ved årsskiftet 1765/66 kan vekkje vår mistanke om at kjeldemessige forhold her påverkar tala. Det kan vere grunn til å spørje seg om føringsmåten kan ha blitt endra ved dette tidspunktet.

Tabellen syner at arbeidsstyrken var på det største sommaren 1766. Då arbeidde det knapt 30 personar ved gruvene i Forsand og 15–20 personar ved smeltehytta i Hjelmelandsvågen til saman nesten 50 stk. Større arbeidsplassar var det nok ikkje i Ryfylke på den tid.

Skiftingane i talet på tilsette i Forsand og på Hjelme land har delvis samanheng med at arbeidarane vart flytta frå den eine plassen til den andre. Mange tilsette var innom begge arbeidsstadene.

Etter ei tid med førebuande arbeid ser altså gruvearbeidet i Lastabotn i Forsand ut til å ha kome i gong tidleg på året 1763. I Hjelme land kom arbeidet ved smeltehytta i gong hausten 1763. Her tok det nok enno tid før den første prøvesmeltinga kunne gjerast. Jens Kraft opplyser at det skjedde i 1767 (Kraft 1829:159).

STRID OM HOGGING I LOVRASKOGEN

Jens Kraft skriv at ein rettsprosess var hovudårsaka til at verket vart nedlagt etter 8–10 års drift. Det er vel muleg at dette langt på veg er rett. Det var nemleg ikkje berre ei, men to saker om verket som verserte for retten

i desse åra. Her flyt kjeldematerialet noko rikare, slik at det er høve til å gå meir inngåande inn i desse sakene.

Det eine tvistemålet galdt hogging som verket sine folk gjorde i skogen til garden Lovra i Erfjord. Til sommartinget for Hjelmeland skipreide på Jelsa 29.6.1764 hadde fut Christopher Garman, herren til Utstein Kloster, innstemna hyttemester Morgenstierne «fordi han skal have handlet imod de af Amtet udstædde Resolutioner, henseende hugsten udj Lowre Skouge-Teig».

Bonde på Lovra var ingen ringare enn lensmann i Jelsa skipreide, Knut Johannesson Lovra, som ætta frå Sandanger på Randøy. Han stod no fram på tinget og sa at han hadde innkalla hyttemester Morgenstierne til tings på vanleg måte. Morgenstierne hadde då svara at han protesterte mot stemnemålet inntil hans overordna, verket sine direktørar i Bergen, vart innkalla. Det var etter deira ordre han hadde handla, sa han.

Sidan hyttemesteren ikkje møtte på tinget, vart saka utsett til haustetinget 1764.

Koparverket hadde kjøpt ein skogateig under Lovra, truleg i 1763, og der fått løyve til å hogge «Kulle Veed til Ertssens Smeltnings» (Lillehammar 1968:105). Holstførster Steinhauf, som var ein slags offentleg skogoppsynsmann i distriktet, skulle sjå til at det ikkje skjedde nokon ulovleg hogst i skogen medan verket venta på hoggeløyve frå overbergamtet. Men allereie 5. mai 1764 kom det melding til amtmannen om at hyttemester Morgenstierne alt hadde begynt å hogge ved til trekol i Lovraskogen. Amtmann Henrik Lachmann gav då ordre til holstførster Steinhauf om å ta arrest i det tømmeret som Morgenstierne hadde late hogge. Tre veker seinare var tømmeret under arrest, og etter nye tre veker kom saka opp på tinget. Det kunne gå temmeleg fort i dei dagar og!

Den utsette saka mot Morgenstierne kom opp att på hausttinget 9. november 1764. Heller ikkje her møtte



Hjelmelandsvågen. Originalen er eit håndkolorert foto frå 1913.



den innstemna, så saka måtte utsetjast igjen. Til sommartinget i juni neste år hadde futen med seg alle dokument i saka og la dei fram for retten. Morgenstierne heldt seg framleis borte. Det vart no til at han skulle få dokumenta tilsende med høve til å uttale seg til neste tingsamling.

Hyttemesteren heldt fram med sin uthaldningstaktikk. Han korkje møtte eller leverte noko skriftleg svar til haustetinget heller. Futen visste no ikkje heilt kva han skulle gjere, og han utsette saka på nytt til han hadde fått konferert med amtmannen.

I juni 1766 var det tingsamling på Jelsa igjen. Morgenstierne møtte som vanleg ikkje. Han hadde no «svagheds Forfald», men Jens Ubøe møtte for han. Denne Jens Ubøe var leiar ved koparverket sine gruver i Vats. Han la fram i retten eit skriftleg innlegg frå hyttemesteren.

Jens Ubøe la ikkje skjul på at hogsten i Lovraskogen hadde halde fram «ligesom omstændighederne det har tilladt» etter at amtmannen hadde gitt ordre til stopp i juni 1764. Han hadde sjølv, medan han var holstførster Steinhaufs fullmektig, «relaxeret» (oppheva) arrestasjonen av tømmeret hausten 1764.

Futen Garman pressa på for å få saka teken opp til doms. Men retten, dvs. sorenskrivaren, fann det rettast først å be den nye holstførsteren Werther om å «observe den umage og større bekostning» interessentane ved koparverket hadde hatt med å skaffe trekol andre stader i frå. Difor vart saka utsett igjen.

Holstførsteren heldt si «besiktigelsesforretning» 26.9.1766, og på haustetinget 5.11, vart denne lagd fram i retten. Morgenstierne møtte framleis ikkje, men no kunne både naboen Jacob Waagen og lensmann Johannes Sandanger og drengen hans Peder Pedersen, som dagen før hadde vore hos han for å gje beskjed, vitne at han «i gaar af Svaghed laae til Sængs». Fordi

Morgenstierne hadde vore fråverande i Bergen då holstførsteren hadde halde si vurdering i september, fann retten å måtte utsetje saka på nytt.

Ved neste tingsamling 23.6.1767 møtte Morten Falch og la fram eit skriftleg innlegg frå Morgenstierne. Saka kunne no ikkje utsetjast lenger, og ho vart teken opp til doms. Men fordi dagen vart for kort, vart ho saman med andre gjenverande saker utsett til eit utsetjingsting 27. juli same år.

På dette tinget vart saka endeleg avslutta, etter 8. gongs førehaving og tre år etter at søksmålet var reist. Saka var nok ikkje så opplagd som futen hadde meint. Retten frikjende hyttemester Morgenstierne på alle punkt. Dei fann at det ikkje var grunnlag for å døme han, korkje for å ha sett i gong hogsten for tidleg våren 1764 eller for å ha halde fram etter at amtmannen hadde gjeve ordre til at hogsten skulle stansast. Hyttemesteren hadde berre «som et uskyldig Instrument».... opfylldt hans foresadte Superieurers ordre», meinte retten.

Domsslutninga er slik formulert at det er rimeleg å tru at når amtmannen gav ordre til at hogsten skulle stansast, så hadde det samanheng med at mykje ved hadde blitt ført frå Lovraskogen til Stavanger by tidlegare. Skulle no verket hogge i stor stil i skogen, ville denne forsyninga til Stavanger stoppa opp. Dette kunne ikkje retten leggje vekt på, verkeigarane som no åtte skogen måtte ha fridom til «at gjøre sig samme forstmessig nyttig og gavnlig».

EIGEN JURISDIKSJON FOR KOPARVERKET!
Før saka om hogsten i Lovraskogen var avslutta, fekk hyttemester Morgenstierne ei ny sak på nakken. Igjen var det øvrigheita som var motpart. Denne gongen var det sorenskrivaren, Georg Daniel Barth i Knutsvik,

som stemna han. Bakgrunnen var den at Morgenstierne hadde halde skifte og auksjon i buet etter Lars Brandgaard og kona. Lars Brandgaard hadde arbeidd ved smeltehytta. Barth meinte at hyttemesteren ikkje hadde lov til dette. Det var sorenskrivaren som hadde myndighet til å gjere slikt, også for dei tilsette ved koparverket. Striden galdt med andre ord om arbeidarane ved verket skulle sortere under bergjurisdiksjonen eller landets vanlege jurisdiksjon.

Sorenskrivar Barth gjekk tenesteveg med saka og vende seg til amtmann Lachmann. Lachmann skreiv til overbergamtet på Kongsberg og ba om at det, som Morgenstierne overordna forvaltningsorgan, måtte «tilholde» hyttemesteren å etterleve reskriptet (påbodet) av 4.4. 1766. I det stod det at arbeidarane ved dei gruver som ikkje låg på bergverkseigarane sin eigen grunn, tilliks med daglønarar ved gruver og smeltehytter, skulle sortere under den «almindelige Jurisdiction». Verkseigarane ved Enighedens Kobber Verk åtte ikkje grunnen der smeltehytta stod i Hjelmelandsvågen, så dermed skulle arbeidarane her kome inn under dette påbodet.

Amtmannen nøygde seg ikkje med å be hyttemesteren halde seg frå slikt seinare, men ba han også om å gjere rekneskap til sorenskrivaren for dei skifteforretningane hadde styrt.

Overbergamtet, som var opptekne av «Bergjurisdictionens Beskiermelse», meinte at amtmannen og sorenskrivaren her hadde gått for langt. Dei ville ha ei prinsipiell avklaring og vende seg difor til kanselliet i København. Her la dei saka fram for geheimeråd Thott.

Det gjekk eit halvt år før Thott svara, og i løpet av denne tida skjedde det ting i saka på heimebane.

Sorenskrivar Barth stemna hyttemester Morgenstierne til sommartinget 23.6.1767 fordi han hadde teke

seg til rette med å styre skifte etter folk ved verket. Heller ikkje i denne saka møtte Morgenstierne på tinget. Han skriv sjølv at grunnen var at «iust d. 27de July tilsløg mig en excessiv Hovedpine, der bragte mig rent af Stand at reise ud».

Eigentleg var det overbergamtet som var saksøkt, og dei hadde skrive til hyttemesteren og instruert han korleis han skulle forhalde seg. Sidan Morgenstierne hadde sjukdomsfråfall, sende han kona til tinget i staden for seg. Ho la fram i retten ei skriftleg utgreiing frå han. Her sa han at overbergamtet hadde bede han om å prøve å få saka utsett. Dei hadde sendt ho over til kanselliet i København, og venta no på svar derifrå frå geheimeråd Thott.

Etter det hyttemester Morgenstierne skriv i sin rapport til overbergamtet, meinte dommaren, settemann Nils Wamberg, at saka kunne utsetjast. Men sorenskrivaren påstod «med temmelig hidsighed, at dom strax maatte feldes». Det skjedde også, og hyttemester Morgenstierne vart dømd til bøter og sakskostnader på til saman 36 riksdlr.

Dermed felte altså retten dom i saka etter eit reskript som akkurat då var til ny utgreiing og fortolking i kanselliet i København.

Som nemnt drygde det til oktober før geheimeråd Thott svara. Det svaret han ga, avgjorde saka. Han ga overbergamtet og hyttemester Morgenstierne medhald, i det han slo fast at «de arbeidere, som have fast Tie-neste ved Smelte-Hytte, bør efter forbemeldte Rescript (av 4.4.1766) henhøre under bergAmtets Jurisdiction, uden hensigt til Grunden, hvorpaas Smelte-Hytten er opbygt».

Dei lokale embetsmennene vart difor tvinga til å slå full retrett. Hyttemester Morgenstierne skulle vere skifte- og auksjonsforvaltar for dei tilsette ved koparverket si smeltehytte i Hjelmelandsvågen, og også styre

eventuelle andre forretningar (sikt og sakefall) som var aktuelle.

Overbergamtet kunne no triumfere. Dei skreiv ført til Rentekammeret i København og ba om at dommen av 27.7. måtte bli tilsidesett. Til amtmann Lachmann skreiv dei 11.12. då. Han fekk ordrar å gje til sorenskrivar Barth som innebar at Barth måtte krype til korset. Han vart den tapande parten i kompetansestriden mellom hand haver til sig taget, samt at aflægge Rigtighed til hyttemester Morgenstierne for hvad skifter han enten gandske eller eendel deraf har administrert».

Dette hadde vore ei rettsak mellom tidlegare frendar. Motpartane i saka, sorenskrivar Barth i Knutsvik og hyttemester Morgenstierne på Solenstein i Hjelme landsvågen, rett over fjorden frå Knutsvik, skulle eigentleg vere nære medarbeidrarar. Det er nemleg rimeleg grunn til å tru at Barth var med-direktør i koparverket. I eit brev til Barth ber Morgenstierne om at han «som Verkets Directeur» ville finne ein sakførar til å føre saka om Lovraskogen for han. Eigarane i Bergen vart også innkalla for «Directeuer», så truleg var Barth ein slags med-direktør eller i dagens språk: styremedlem, saman med dei. Om han også var medeigar, veit vi ikkje noko om.

Den merkelege uthalinga av saka om Lovraskogen blir også meir forståeleg når vi veit at sorenskrivaren, rettens administrator, hadde personlege interesser i saka. Vi har han mistenkt for å uthale saka bevisst. Han skriv då også i eit brev til Morgenstierne at «jeg har icke lengere kundet opholde saken», men har mått ta henne opp til doms.

Eit inngrep i si eiga myndigkeit kunne sorenskrivar

Barth likevel ikkje tolerere, sjølv om det kom frå hans medarbeidar hyttemester Morgenstierne ved koparverket.

VERKETS ENDELIKT

Vi har ikkje grunnlag for å seie noko sikkert om korlege verket var i drift. Jens Kraft skriv at det vart drive i 8–10 år. (Kraft 1829:159). Skal vi døme etter ein annan skribent, var det ikkje rare drifta det blei ved verket. I sibergverkshistorie, skiven 1783–90, skriv Johan Frederic Voss om Enigheds Kobber Verk at «det er gjort en Prøvesmelting ad nogle faa Skippund Kobber, men Verket er ikke kommet udi nogen ret Drift» (Voss 1911: 106).

Den viktigaste grunnen til at drifta vart så kortvarig, var nok at malmførekomstane ikkje var rike nok. Malmen i Forsand vart undersøkt av professor Esmark i 1822. Han fann spor etter gruvedrifta på 1700-talet, men konkluderte med at «der har været ringe Erts» (Kraft 1829:157). I Vats vart malmførekomstane undersøkte året før av bergmester Strøm. Han fann fleire lag med magnetkis og svovelkis, men.... «med saa faa Spor af Kobberkiis, at der ikke er Forhaabning om nogen beständig Grubedrift» (Kraft 1829:158).

Det siste skriftlege dokumentet vi har etter verket, er eit brev frå eigarane i Bergen til Rentekammeret i København av 18.7.1769. Her skriv dei at dei seks dagar før har sendt noko malm- og steinerts med skipper Johan Nævermann til København. Malmen skulle vel til undersøking i rikshovudstaden.

Dermed er soga om Enighedens Kobber Verk ute. Det blei ei kortvarig drift; draumen om eit Røros i Ryfylke vart til inkjes.

KJELDER

PÅ STATSARKIVET

Tingbok Ryfylke C1 1761-1766. C2 1766-1770.
Kyrkjebok for Hjelmeland A1 1760-1798.

PÅ RIKSARKIVET

Rentekammeret. Realistisk ordnet avdeling. Skattevesen. Pk. 16.
Ekstraskatten 23.9.1762. Ryfylke.
Kongelige resolusjoner. Berg- og saltverkskontoret 1764-1767.
Bergverkskontoret. Kopibok 1761-1767.
Innkomne breve 1761-1768, 1769-1770.
Kongsberg Sølvverk. Oberbergamtet. Brevprotokoll 1.5.1765—
31.7.1767, 1.8.1767—27.12.1769.

LITTERATUR

Sigleif Engen: Forsandboka. Gards- og ættesoge. Band 2.
Stavanger 1985.
Jens Kraft: Topografisk-Statistisk Beskrivelse over Kongeriget
Norge. Bd. 4, Christiania 1829.

Arnvid Lillehammer: Om lensmannsskiftet i Jelsa skipreide 1766
til 67 — og noko til. *Ætt og Heim* 1968 s. 100-107.

I. Mehus: Da skjerpefeberen kom til Rogaland. *Ætt og Heim* 1942
s. 97-99.

Johan Veka: På minneveg i Ryfylke. Stavanger 1975.

Johan Veka: Frå gjestegjevartida i Ryfylke. Stavanger 1977.

J. H. L. Vogt: Kobberets historie i fortid og nutid og om udsigterne
for fremtiden. Trykt i Nyt Magazin for Naturvidenskaberne, bd.
36, Christiania 1898.

Johan Frederic Voss: Forsøg til en Norsk Bergverkshistorie. Truleg
skriven 1783-1790, utgjeven Kristiania 1911.

TRYGVE BRANDAL, f. 1953 på Sunnmøre. Han er cand.philol.
med hovedfag i historie og har arbeidd som vitskapleg assistent
ved Historisk Institutt i Bergen, og som lærar og fagrettleiar i Hjel-
meland. Han er for tida tilsett som bygdebokskrivar i Hjelmeland.
Saman med Njål Tjeltveit har han skrive boka «Krigsåra i Hjelme-
land» som kom ut hausten 1985.

Årsmøte 1986

Årsmøte 1986 blir halde i sjøhuset på Sand.

torsdag 3. april kl 19.00.

Saksliste:

1. Konstituering
2. Årsmelding 1985
3. Rekneskap 1985
4. Budsjettsøknad 1987
5. Val

Etter årsmøtesakene og kaffien vil konservator Carl Egil Buch visa lysbilde og snakka om Karmsund Folkemuseum.

Carl Egil Buch har særleg vore oppteken av bygningsrestaurering. Det er få museumsfolk som har større kunnskap og innsyn i denne problematikken enn han.

I hans tid har då og Karmsund Folkemuseum fått mange fine miljøavdelinger rundt i distriktet. Slik sett liknar det Ryfylkemuseet. Men både oppbygginga og organiseringa av museet er svært forskjellig frå vårt museum.

Me trur det kan vera både nyttig og interessant å bli betre kjend med naboen vår i nord.

Vel møtt!

Årsmelding 1985

For året 1985 kan Ryfylkemuseet mælda om ein noko dempa vekst i høve til tidlegare år. Heller liten auke i dei økonomiske midlane gir ikkje særleg rom for å auka aktiviteten ytterlegare eller setja i gong nye, omfattande tiltak. Museet kan likevel notera auke i

medlemstalet og ein fin tilvekst til samlingane. Det er utført viktig restaureringsarbeid på flere av våre eigne bygningar, og me har engasjert oss i fleire vernetiltak utanom museet. Tidsskriftet har fått stor utbreiing og er blitt vél mottatt.

Me vil og innleiingsvis peika på fleire gledelege framskritt: — Styret har vedtatt ein utbyggingsplan for faste lokale for Ryfylkemuseet i Suldal. Om kommunale og fylkeskommunale styresmaktar vil løyva pengar til prosjektet kan museet flytta sine sentralfunksjonar under eige tak innan 1992.

— Konsesjonsavgiftsfondet i Olje- og energidepartementet har løyvd pengar til eit eittårig forskningsprosjekt kring dei kulturelle verknadene av Ulla/Førre-utbygginga. Dette burde og kunna styrka grunnlaget og utsiktene til å få eit anleggsmuseum lagt til Suldal.

— Museet har klart å auka engasjementet sitt utanom vertskommunen. Gjennom utstillinga «frukt og bær i Hjelmeland», og ei omfattande fotoinnsamling i same kommunen, har me styrka vår rolle som regionmuseum.

Men framleis kan me berre visa til nemnande aktivitet i kommunane Sauda, Suldal og Hjelmeland, sjølv om museet har hatt kontakt med museumsinteresserte i m.a. Finnøy og Rennesøy. Å utvida engasjementet vårt til fleire kommunar i Ryfylke er ei overordna mål-

setjing. Men museet har no nådd eit punkt kor ein vanskeleg kan ta på seg nye oppgåver før ein får fleire stillingar og vesentleg auke i driftstilskotet.

ÅRSMØTET

Årsmøtet blei halde på Sand 21. mars. Møtet samla 51 deltagarar, av desse var 48 medlemmar.

Medlemstalet for Suldal Museumslag blei retta til 55. Årsmeldinga og rekneskap blei vedtatt utan fleire merknader.

På årsmøtet kunne museet opna utstillinga «Johs. — ein bygdasamlar».

Museumsdirektør Halvard Bjørkvik på Norsk Folkemuseum heldt føredrag om kulturvern i vår tid.

STYRET

Styret har etter årsmøtet vore samansett slik:

Hjelmeland:

Ola Meltveit (formann)

Jan Ommundsen

Varamenlem:

Kaare Jordal (attval)

– til 1987 (attval)

– til 1986

Suldal:

Børge Skeie

Ommund Berge (nestformann)

Varamedlem:

Gunnvor Bakka (attval)

Borghild Moe (attval)

– til 1987 (attval)

– til 1986

Sauda:

Tone Årtun

– til 1987 (attval)

Olav I. Oftedal

– til 1986

Varamedlem:

Aslaug Astad (attval)

Oppnemnd av fylkeskommunen:

Arne Tønnesen

–til 1987

Varamedlem:

Bente Thurmann-Nielsen

Valnemnd:

Knud O. Staurland, Hjelmeland

(attval)

Thoralf Vandvik, Suldal

(attval)

Kolfinn Fløgstad, Sauda

(attval)

Styret har i meldingsåret hatt 6 møte. Enkelte av styremedlemmene har dessuten deltatt i møte med Suldal kommune og Fylkeskultursjefen og i forhandlingsmøte med eigarane av Nesa-sjøhuset. To av styremedlemmene har vore med i nemnda som har utgreidd spørsmålet om faste museumslokale for Ryfylkemuseet i Suldal. Denne nemnda hadde i tillegg to representantar frå Suldal kommune og Roy Høibo har vore sekretær.

Styret har i alt handsama 27 saker. Det har først og fremst vore økonomi-, personal- og organisasjonssaker. Spørsmålet om eigne faste lokale for Ryfylkemuseet har vore den viktigaste enkelsaka for styret i meldingsåret. Styret har vedtatt å kjøpa og rehabilitera Nesa-sjøhuset til dette føremål og samtidig bygja nytt museumsbygg på Kolbeinstveit. Styret har her gått inn for ei stevvis utbygging. Innan 1988 skal ein ha rehabilitert Nesa-sjøhuset utvendig og sett i stand 1. etasje til magasin og verkstadrom.

Innan 1989 skal det etter planen vera bygt nytt museumsbygg på Kolbeinstveit. Og i løpet av 1992 håpar ein at 2. og 3. etasje i Nesa-sjøhuset kan vera ferdig innreidd med kontor, møterom og utstillingslokale slik at Ryfylkemuseet då kan samla sentralfunksjonane under eige tak. Denne utbyggingsplanen har ei førebels kostnadsramme på ca. 4,9 mill. kroner.

I mellomtida reknar ein med å forsetja å leiga rom i Rasmussen-sjøhuset.

MEDLEMMANE

Museet har ved utgangen av meldingsåret 450 medlemmar. Det er ein auke på 42 i høve til fjaråret. Medlemmene fordeler seg slik på dei ulike kommunar og museumslag (tala for 1984 i parantes):

Sauda	71	(50)
Sand	123	(105)
Suldal	48	(55)
Jelsa	32	(29)
Erfjord	16	(16)
	219	(205)
Hjelmeland	53	(39)
Andre	53	(39)
Sum	450	(408)



Nesasjøhuset (i framgrunnen) i Nordenden kan bli det nye museumslokalet til Ryfylkemuseet.

Rasmussen-sjøhuset lengst til venstre på bildet.

Aktiviteten i museumslaga er noko ujamn. Sauda Museumslag har vore engasjert i rehabiliteringa av Håkonsgt. 51–53. Det er samla inn opplysningar om buforhold og innreiing i Åbøbyen. Samtidig har laget begynt å samla inn gjenstandar til dei to arbeidarhus-væra som skal restaurerast i Håkonsgt. 51–53.

I Suldal har museumslaget vore med å skipa til Olsokstemnet på Kolbeinstveit. Dei har hatt fire dugnader. Museumslaget har skipa til årsmøte med kveldsseta og elles hatt ansvaret for vakthaldet på Kolbeins-tveit og Røynevarden.

Sand Museumslag har hatt 7 styremøte — dels saman med andre som har vore interesserte i å vera med på å samla inn munnleg tradisjon.

Laget har no komme i gang med dette intervjuarbeidet, og har lagt særleg vekt på å samla inn opplysningar om gamle handverk. Jelsa og Erfjord Museums-lag har ikkje hatt nemnande aktivitet dette året.

I Hjelmeland er det ikkje noko museumslag tilslutta Ryfylkemuseet. Men me har hatt godt samarbeid med Makksmjølsklubben og Hjelmeland Bygdemuseum — særleg om utstillinga «Frukt og bær i Hjelmeland» på Hjelmeland Bygdemuseum hausten 1985.

Hjelmeland Bondekvinnelag har hatt ansvaret for vakthaldet på Vigatunet. Mållaget og Makkamjøls-klubben har skipa til kveldseta.

PERSONALET

Talet på tilsette har variert ein del det siste året. Men framleis har me berre to faste stillingar.

I stillinga som konservator/styrar er *Roy Høibo* tilsett. Han har hatt permisjon frå 28.05. for å granska dei sosiale og kulturelle verknadene av Ulla/Førre-utbygginga.

Frå same tidspunkt har *Målfrid Snørteland* vikariert i denne stillinga. Som museumsassistent er tilsett *Gaute Berge Nilsen*.

I mellombels stillingar og engasjement har desse arbeidd for museet:

Gudrun Bårdsen, preparering og katalogisering. Delvis engasjert vinteren 1985.

Åse Mikkelsen, kontorassistent. 4/5 stilling fram til 1.07.85.

Ståle Moe, handverkar fram til 18.10.85.

Erling Ritland, sivilarbeidar fram til 30.11.85.

Eldbjørg Møgedal, vask. Deltid frå 30.05.

Helga Møgedal, intervjuarbeid. Deltid.

Toril Møgedal, vakt sommaren 1985.

Museet har engasjert fylgjande personar som tilsynsfolk ved dei ulike anlegga:

Ommund Berge, Kolbeinstveit, *Sigurd Foss*, Kvednahaola, *Kari Furre*, Barkeland, *Øystein Randa*, Viga, *Hans Risa Johnsen*, Jelsa skolemuseum. Tilsynsfolka har hatt ymse omvisingar.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Ryfylkemuseet opplever no ein heller dempa vekst i høve til tidlegare år. Det har siste året vore svært liten auke i dei ordinære driftsinntektene. Løyvingane av omframme midlar til særlege prosjekt utgjer omlag halvparten av museet sitt samla budsjett.


Ryfylkemuseet er svært skuffa over at Rogaland Fyl-

keskommune heller ikkje i år har funne rom for å oppretta fast stilling for handverkar og kontorhjelp. I realiteten har personalsituasjonen blitt verre det siste halvåret då me har mista både mellombels tilsett kontorhjelp og handverkar. Kontorassistenten var lønna av sysselsetjingsmidlar som ikkje er blitt fornva. Handverkaren var løna ved hjelp av omframme tilskot. At han sa opp engasjementet sitt heng delvis saman med at museet ikkje kunne tilby fast tilsetjing og sikre arbeidsforhold. Med minimal auke i driftstilskotet er det heller ikkje særleg rom for ekstrahjelp ved museet.

Samtidig ser ein at ein stadig større del av budsjettet blir bunde opp i kontor- og administrasjonsutgifter, husleige, straum osv. Dette gjer at ein stor del av verksemda ved museet som f.eks. vedlikehald av bygningar, katalogisering og preparering av gjenstandar, utoverretta verksemnd og meir spesielle tiltak blir meir avhengige av tilfeldige inntektskjelder og omframme tilskot.

Utan vesentleg auke i dei ordinære driftsmidlane kan ikkje museet auka verksemda ytterlegare. Dette vil særleg hindra oss i å fylla oppgåva vår som regionmuseum for heile Ryfylke.

Innanfor kommunane Sauda, Suldal og Hjelmeland har museet etter kvart fått dokumentert sentrale sider ved folks liv og arbeid, sjølv om mykje enno står att. Museet sitt mål har vore å dokumentera dei næringane som står sterkest eller har vore mest typiske for den enskilde kommune eller distrikt. Dette betyr m.a. at me har lagt vekt på frukt- og bærdfyrking i Hjelmeland, jordbruk, skogbruk og anleggsvirksemnd i Suldal og industri i Sauda. På denne måten håpar museet å få ein samla dokumentasjon av dei viktigaste sidene ved arbeidslivet i Ryfylke. Men enno er det langt fram. Av viktige granskingsområde kan ein m.a. nemna veksthusnæringa på Ryfylkeøyane, småindustrien i Hjelme-



Målfrid Snorteland har vikarert i stillinga som konservator sidan 28. mai.

land, brislingfiske og anna sjøbruk, fjordafarten, støls- og utmarksbruket.

Ein slik arbeidsmåte, som det her er gjort greie for, samsvarer og med den desentraliserte strukturen til Ryfylkemuseet. Museet har samlingar på bortimot tjue plassar. Til fem av dei som kan reknast som hovudsamlingar er det knytta lokale museumslag. Museumslaga er viktige medspelarar når det gjeld å samla inn og ta

vare på gjenstandar og anna dokumentasjonsmateriale frå lokalmiljøet.

Me har samtidig sett det som viktig å kunna samarbeida med ulike lag og organisasjonar med tilknytning til aktivitetar og verksemder som museet ynskjer å dokumentera.

For leiinga ved museet har det vore viktig å sjå institusjonen si verksemd som ein heilskap slik at ulike distrikts og sosiale grupper innan regionen blir representerte i museet sine samlingar.



Gudrun Bårdesen har gitt seg i kast med ei av dei mange grytene i samlinga.



Valborg Havrevoll på Hamrabø i sving med kinna.

TILVEKST

Museet sine samlingar omfatter bygningar, gjenstandar, foto, intervjumateriale, arkivstoff og anna dokumentasjonsmateriale. I meldingsåret har tilveksten til samlingane vore noko mindre enn året før. Det har til saman komme inn 24 gåver. Men mange av

gåvene omfattar fleire ting slik at talet på innkomne gjenstandar blir langt høgre. Det er særskild grunn til å nemna ei stor boksamling frå Odd Espedals dødsbu.

Gjevarane dette året er: Albert Moe, Odd Stråpa, Jon Bråteit, Lindum v/Ommund Berge, Borghild Kvæstad, Otto Bjerga, Ottar Meltveit, Per Bromme-




Berta Mo eltar smør i Handelslaget på Nesflaten.

land, Anders Kleiveland, Bjørg Jørgensen, Dagny Nærheim, Maria Nerheim, Marie (Mossi) Rasmussen, Grete Holmboe, Odd Espedals dødsbu v/Aage Hagen, Bertha Slagstad, Olaf og Rasmus Vidvei, Anne Marie Brekke, Anne Kristin Nilsen, Rasmus J. Mikkelsen, Gaute Berge Nilsen.

Museet kjøpte og 100 gjenstandar frå Einar Gundersens dødsbu, Sand, for 4000 kroner. Det er verktøy og reiskapar. Ein del er fra vervalda — skipsbyggings-perioden på 1800-talet. Frå denne omfattande verksenda i Ryfylke hadde museet berre 1 gjenstand frå før.

Museet har framleis ikkje noko samla oversyn over



Ståle Moe til høgre og Erling Ritland i aksjon i Ryfylkemuseet sitt hus i Håkonsgata i Sauda.

talet på gjenstandar. Me har dette året ikkje hatt midlar til å registrera gjenstandar i miljøavdelingane. Av samlinga på Sand er no ein stor del av tinga registrerte.

Museet har i 1985 drive omfattande registrering og avfotografering av gamle fotografi i Hjelmeland. Av ein samla tilvekst på ca. 1620 reprofoto er omlag 1450



frå Hjelmeland. Innsamlingsarbeidet er utført i samarbeid med kulturkontoret i Hjelmeland. Ein vonar at arbeidet kan resultera i ei biletbok liknande «Folk og hus i Suldal».

Museet har dessutan tatt omlag 580 eigne registerings- og dokumentasjonsfoto. Det meste er i svart/kvitt som museet framkallar og kopierer sjølv, men det er også ein del dias.




Frå samrådsmøtet med registratorane på Fister.

Frå høgre ser me Gaute Nilsen, Njål Tjeltveit, Trygve Brandal, Kari Fister, Else Vargevik, Jorunn Kleppa og Mikkel Lid.

Intervjumaterialet har også fått ein viss tilvekst. Det er tatt fire intervju om gamle handverk på Sand. Museet har også dokumentert kining og elting av smør i Øvre Suldal. Men hovudtyngda av intervjumaterialet er også i år konsentrert om anleggsverksemda i Suldal. Som lekk i konservator Roy Høibo sitt forskningsprosjekt er

det samla inn 21 spørjelisteintervju om kulturelle og sosiale forhold i Suldal og 23 meir omfattande intervju med personar som har hatt særlege føresetnader for å observera og vurdera utviklinga under anleggsdrifta.

Ryfylkemuseet har etter kvart samla eit eineståande materiale om anleggsdrift og vasskraftutbygging, og er utan tvil det museet her i landet som har gjort mest for å dokumentera ulike sider ved denne verksemda. Me



Glytt inn i Johs-utstillinga.

har i denne samanhengen fått Suldal kommune med på eit nytt initiativ ovanfor Statkraft (tidlegare NVE) med forslag om å etablera eit anleggsmuseum i kommunen. Museet har og vore i kontakt med Vestlandsverka som stiller seg positiv til eit slikt tiltak.

Tilveksten av bøker og tidsskrift ligg på omlag same nivå som tidlegare år. Budsjettet tillet ikkje større eller systematisk innkjøp av faglitteratur og oppslagsverk. Dette er eit sakn ved eit regionmuseum. Ein vesentleg del av tilveksten er årbøker og publikasjonar frå andre museer som me får i byte for vårt eige tidsskrift. Museet har dessutan tatt vare på ei stor mengd avisutklypp som kan vera med å dokumentera arbeidsliv og kulturelle forhold i Ryfylke.

OPPBEVARING OG VEDLIKEHALD

Det har vore til stor hjelp for restaurerings- og vedlikehaldsarbeidet ved museet at ein har hatt høve til å engasjera handverkar Ståle Moe det meste av året. Me må beklaga at museet ikkje kunne tilby han fast stilling.

At handverkaren sa opp engasjementet sitt førde m.a. til at restaureringsarbeida i Håkonsgt. 51–53 stoppa opp. Dette arbeidet har likevel komme eit godt stykke på veg i 1985. Fyrste og andre etasje i eine delen av huset er ferdige. Her er det laga til rom for kontor, møterom, kjøkken og utstillingslokale. Med god innsats av sivilarbeidar Erling Ritland har ein og komme i gong med arbeidet i den andre delen av huset. Her skal det innreisast to husvære som syner kordan industriarbeidarane i Åbø-byen budde på ulike tidspunkt. Fyrste



Viga-tunet i Hjelmeland.

etasje skal førast tilbake til tida kring 1920, medan 2. etasje skal syna eit interiør frå 1960-åra.

Me har no fått lovnad på lokale handverkarar, og vonar at det meste av dette arbeidet vil vera ferdig til våren 1986.

Restaureringsarbeidet på Viga er så godt som ferdig. Våren 1985 blei det skifta kledning på ein del av løa og sett inn nye vindauge. Det er og lagt inn nytt elektrisk opplegg i hovudhuset.

På Røynevarden, Kolbeinstveit og skulehuset på Håland er det utført mindre vedlikehalds- og ettersynsarbeid.

Utan fast handverkarstilling kan ikkje museet i

lengda makta å ta seg av den store bygningsmassen. Museet har i dag omlag 50 hus å ta vare på. Det aller meste av restaurerings- og vedlikehaldskostnader ved desse husa er til no finansierte ved ekstraordinære løyvingar.

Men det vil ikkje vera råd å få slike midlar til alminneleg vedlikehald. Utan vesentleg større budsjetttrammer vil bygningane stå i fare for å forfalla på ny.

Oppbevaring og vedlikehald av museet si gjenstandssamling er ei anna viktig oppgåve som ikkje er løyst på nokon tilfredsstillande måte. Ein stor del av gjenstandssamlinga på Sand er preparert, men enno er det mange gjenstandar det ikkje er gjort noko med. At me manglar skikkelege magasinforhold er likevel eit større problem.



Frå Frukt- og bær-utstillinga på Hjelmeland Bygdemuseum.

På Sand har ein magasinpllass i den gamle Tysdal-verkstaden. Bygningen er berre delvis brannsikker. Klimaforholda i bygningen er heller ikkje tilfredsstillande — særleg ikkje vinterstid.

I miljøavdelingane er dette problemet langt større. Særleg der ein ikkje har innlagt straum eller høve til å ha på varme. Gjenstandssamlinga i Erfjord, som kanskje er den mest interessante enkeltsamlinga, er i så måte den som lir mest under därlege magasinforhold.

Også mykje av arkivmaterialet, lydband, foto og film lyt i dag lagrast utan brannsikring i Rasmussen-sjøhuset. Noko av dette har museet elles fått plass til i kommunehuset på Sand. Slikt materiale blir i dag stadig viktigare for museet, då det er med å utfylla og dokumentera andre sider ved menneska sitt liv og verksmed enn det gjenstandane åleine kan fortelja.

Det hastar såleis å komma i gong med utbygginga av faste lokale for sentralfunksjonane slik styret har vedtatt.

Ved å kjøpa Nesa-huset vil ein og verna eitt av dei to



Noresjøen på Jelsa.

gamle sjøhusa som framleis står att på strandstaden. Denne sjøhustypen har vore ein så sentral del av bygningskulturen langs kysten av Ryfylke at museet og av den grunn bør sikra at han blir teken vare på.

UTOVERRETTA TILTAK

Den utoverretta verksemda ved Ryfylkemuseet femner om aktivitetar som omvisingar, utstillingar og andre til-

stellingar, publikasjonar, föredrag, artiklar og omtale i NRK, aviser og tidsskrift.

Museet må beklaga at besøkstalet har gått noko ned det siste året. Dette skuldast først og fremst at vitjinga av skuleklassar har vore langt mindre i år enn i fjar. Publikumstilstrøyminga elles har halde seg nokonlunde stabil. Besøkstalet ville nok ha stige ein god del om museet hadde hatt høve til lengre opningstider. Men billettinntektene vil langt frå dekka utgiftene til vakt-hald slik at dette førebels ikkje er økonomisk mogeleg.



Skulehuset på Bru.



Kor blir det av anleggsmuseet?

PUBLIKUMSSTATISTIKK 1985

	I alt	Betalande		Fritt		Skuleelevar
		V	B	V	B	
Røynevarden	74	39	5			30
Kolbeinstveit	428	144	48	60		176
Sand	1056	657	125	195	37	42
Erfjord	10		10			
Jelsa	260			120		140
Barkeland	115			115		
Viga	318	196	40	52	30	
	2261	1046	218	542	67	388

På Røynevarden, Kolbeinstveit og Viga har det vore ope 3 timer kvar sundag frå mai til august. På Barkeland, Jelsa og Erfjord har samlingane berre vore opne etter avtale. På Sand har museet vore ope i kontortida så sant personalet har vore til stades. Elles har ein hatt ope laurdag føremiddag og sundag ettermiddag. Turiststraumen til Sjøhuset har ikkje vore stor, men nokså

jamn i løpet av sommaren. Det er tydeleg at det gamle og særprega bygningsmiljøet i Norenden fangar interessa hos mange tilreisande og dette trekker samtidig fleire besökande til museet.

Samarbeidet med Ryfylke Kunstlag har vore positivt for museet. Forutan sommarutstillinga av amatørarbeid frå distriktet, har Kunstlaget hatt utstillingar av



Registreringskurs hjå fylkeskonservatoren. Gaute Nilsen orienterer.

Johan Riis, Kjell Pahr-Iversen og fotoutstilling av Inge Bruland og Anne Kr Espedal. Laget har og, i samarbeid med kulturkontoret i Suldal, skipa til kulturveld på museet og føredragskveld om målaren Hertervig ved Helge Kofoed. Rimelegvis har Kunstlaget då fått del i billettinntektene.

Det er god von om at samarbeidet med Ryfylke Kunstlag vil få fastare form i 1986. Dei er interesserte i å få faste lokale i Rasmussen-sjøhuset. Forutan det fag-

lege utbyte av ei slik ordning vil laget då vera med å bera noko av leigekostnadane.

Udstillinga «Frukt og bær i Hjelmeland» blei vist på Hjelmeland Bygdemuseum i tida 27. oktober til 8. desember. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Ryfylkemuseet, Hjelmeland Bygdemuseum og Makkmjølsklubben. Mange fruktdyrkarar var gilde og lånte oss gjenstandar, diplomar og anna materiell til utstillinga. Utstillinga hadde omlag 315 besökande (medrekna skulelevar) og blei vél motteken av bygdefolket. Utgangspunktet for tiltaket var ein dokumentasjon av

frukt og bærdyrking i Hjelmeland som Trygve Brandal utførte for Ryfylkemuseet i 1982.

Dei gode røynslene med dette samarbeidsprosjektet gjer at museet gjerne vil fylgja opp med liknande tiltak neste år.

Saman med Sand Handels- og Industriforening blei det under Ryfylkedagane skipa til kulturkveld på museet. Spelemannen Torkjel Tveiten og andre lokale utøvarar deltok.

I august hadde museet eit samarrangement med Sjøfartsmuseet i Stavanger. Me fekk vitjing av jekta «Anna af Sand» og lystskipet «Wyvern». Lokale partyfolk var særskilt innbedne, og fartya trekte elles til seg mange interesserte.

Tidsskriftet vårt, «Folk i Ryfylke», har no komme i fast gjenge. Det er blitt vél mottatt og har fått god omtale — både mellom medlemmar og i museumskrinsar. «Folk i Ryfylke» 2/85 blei utgitt i samarbeid med «Foreningen Suldalsdampen» og Suldal kulturkontor i høve 100-års jubileet for Suldalsdampen. Tidsskriftet har utan tvil vore med å auka medlemstalet og gjort museet betre kjend i regionen. Men enno treng me fleire abonnentar viss det skal bera seg økonomisk.

I samarbeid med Dreyer Bok har Ryfylkemuseet dette året gitt ut boka «Frå torvskurd til tingsal» av Lars Hellemo.

Rogaland Fylkeskommune har støtta utgjevinga økonomisk med 20.000 kroner. Salet har vore rimeleg bra, og tiltaket vil komma ut med overskot.

Museet sine tilsette har halde enkelte föredrag i lokale lag og foreningar.

Museet har og hatt høve til å presentera arbeidet og oppgåvene sine for Ryfylkerådet.

NRK og pressa har elles hatt velvillig omtale av aktivitetane våre.

TILTAK UTANFOR MUSEET

Museet har i meldingsåret engasjert seg i fleire kulturverntiltak på ulike stader i Ryfylke.

Gjennom bruks- og verneplanutvalget for Åbø-byen er museet framleis engasjert i dette vernearbeidet. Utvalet arbeider no i fyrste rekke med rettleiing og tilrådingar i samband med istandsetting og påbygging av husa.

Museet har dessutan vore med i avslutningsarbeidet av reguleringsplanane for Jelsa og Nordenden på Sand.

Me har vidare vore konsulentar for rehabiliteringa av eit gammalt skulehus på Bru i Rennesøy.

Museet har vore engasjert i restaureringa av Bakkanustet i Kvilldal. Me har gitt råd og rettleiing i samband med registreringa av faste kulturminne på Sand, og har hjelpt til med søknader om økonomisk støtte til restaureringa av Lølandsbua.

Museet er sekretariat for Rogaland Folkemusikkklag. Laget har i løpet av året samla ein del folkemusikk frå fylket. M.a. har Sondre Bratland vore på fleire innsamlingsferder i Suldal. Men det har synt seg vanskeleg å basera drifta av folkemusikkarkivet på friviljug innsats.

Arbeidet har dessutan vore hemma av at laget manglar offentleg status. Det er difor tatt initiativ til å få Rogaland Folkemusikkarkiv formelt oppretta ved Ryfylkemuseet.

Museet har i meldingsåret skipa til to registreringskurs etter oppmøding frå Fylkeskonservatoren. I april blei det halde kurs i registrering av gamle hus på Lindum. Her møtte interesserte frå heile fylket.

I november hadde museet ansvaret for eit kurs i gjensstandsregistrering for bygdemusea i Rogaland. Kurset blei halde hos Fylkeskonservatoren i Stavanger.

I september deltok museet i eit seminar om museer og kulturvern i Rogaland skipa til av Fylkeskultursjefen

i samarbeid med Stavanger Lærarhøgskule. Som ei oppfylgjing av dette kurset vil Stavanger Lærarhøgskule starta eit kurs i museumsutdanning våren 1986. Museet har vore med å planleggja dette kurset og vil seinare vera med som førelesarar.

I april deltok konservator Roy Høibo på eit seminar på Hadeland kor ein tok opp samtidsskematasjon i jordbrukskunsten.

Han er elles med i styret for Norsk Landbruksmuseum, og medlem av NKKM si arbeidsgruppe for dokumentasjon av industri- og anleggsverksemder.

At museet har høve til å delta i slike fylkes- og landsomfattande tiltak gir nye idear og perspektiv på vårt eige arbeid. Det gir også høve til å gjera museet og arbeidet vår kjend i vidare krinsar.

Styret vil avslutningsvis takka for det gode samarbeidet ein har hatt med vertskommunen Suldal, fylkeskommunen sine kulturorgan og kulturkontora i Sauda og Hjelmeland.

Sand, 30. januar 1985

Ola Meltveit (sign.)
formann

Målfrid Snørteland (sign)
styrar

BUDSJETTSØKNAD 1987

Som nemnt i årsmeldinga er auken i driftstilskotet frå fylket svært liten frå år til år. Det er lite som tyder på at dette vil bli særleg betre til neste år. Frårekna lønsutgiftene er det i budsjettet for 1987 rekna med ei prisstigning på 5% og i tillegg er det lagt inn ein volumauke på 30.000 kroner knytta til drifta av Håkonsgt. 51-53 og auka aktivitet i Hjelmeland.

I særskilde søknader bør det på ny søkast om opprettning av faste stillingar for handverkar og kontorhjelp og dessutan om oppjustering av stillinga til Gaute Berge Nilsen.

FORSLAG TIL DRIFTSBUDSJETT FOR 1987

Billettinntekter	8.000
Varesal	5.000
Ordinært driftstilskot	797.434
Renteinntekter	5.000
	<hr/>
	815.434

Løn faste stillingar	318.403
Andre løner	50.000
Sivil tenestepliktig	13.700
Indirekte lønskostnader	72.331
Innkjøp bibliotek, utstyr og samling	52.000
Vedlikehald bygning og anlegg	39.000
Straum, husleige og forsikring	112.000
Kontorutgifter	54.000
Reiser og transport	52.000
Varekjøp	2.000
Vedlikehald av utstyr og samlingar	13.000
Utoverretta verksemd	20.000
Foto	11.500
Andre driftsutgifter	5.500
	<hr/>
	815.434

TILRÅDING FRÅ VALNEMNDA

På årsmøtet i fjor blei valnemnda med Kolfinn Fløgstad, Sauda, Knud O. Staurland, Hjelmeland og Thoralf Vandvik, Suldal attvalde som valnemnd for 1986.

Valnemnda har lagt fram slik tilråding om val av styre for 1986/87:

Frå Hjelmeland:

Styremedlem: Kaare Jordal (ny)
Varamedlem: Åse Jensen (ny)

Frå Suldal:

Styremedlem: Ommund Berge (attval)
Varamedlemmar: Gunnvor Bakka (attval)
Borghild Moe (attval)

Frå Sauda:

Styremedlem: Olav I. Oftedal (attval)
Varamedlem: Aslaug Astad (attval)

Det ligg føre to forslag på ny formann:

1. Bjørge Skeie
2. Ommund Berge

Kolfinn Fløgsta og Knud O. Staurland

Thoralv Vandvik

Rekneskap 1985

INNTEKTER OG UTGIFTER INNANFOR TILSKOTSORDNINGA

Billettinntekter	7.432
Salsinntekter	5.611
Driftstilskot	681.592
Renteinntekter	8.054
	<hr/>
Løn faste stillingar	298.428
Løn mellombels stillingar	42.349
Sivil tenestepliktig	8.580
Indirekte lønskostnader	72.994
Innkjøp samling, inventar og bibliotek	46.394
Vedlikehald av bygningar og anlegg	7.058
Kontorutgifter	54.488
Straum og reinhald	33.360
Husleige og forsikringar	69.828
Reise og transport	42.841
Varekjøp for sal	75
Vedlikehald samlingar og utstyr	6.306
Udstillingar og publikasjonar	10.306
Reklameutgifter	5.432
Fotoutgifter	7.592
Andre driftsutgifter	5.924
	<hr/>
	711.956

INNTEKTER OG UTGIFTER UTANFOR TILSKOTSORDNINGA

Medlemspengar	28.165
Varesal	37.256
Sjukepengar	5.712
Tilskot og gåver	377.690
Reklameinntekter	18.500
Renteinntekter	22.042
Forbruk av tidlegare løyvingar	163.300
	<hr/>
	652.665
Lønskostnader	220.684
Vedlikehald av bygningar og anlegg	106.905
Varekjøp	103.952
Foto	7.328
Reiseutgifter	25.050
Andre driftsutgifter	896
Overføring av unytta løyvingar	118.000
Unytta overskot	69.850
	<hr/>
	652.665

BALANSE

Kasse	2.573	Skuldig skattetrekk	16.140
Postgiro	3.658	Interimskonto	31.519
Bankinnskot	491.652	Overført løyvingar Rekneskapsm. overskot Kapital	294.500 60.584 95.140
	<u>497.883</u>		<u>497.883</u>

Sand 31. desember 1985/28. januar 1986

Ola Meltveit
formann

SR-Rekneskapsservice
Nils Torsteinsbø
rekneskapsførar

Ryfylkemuseet takkar følgjande firma
for støtte til drifta av museet:



Tor Underbakke

Sport-Båt-Motor-Bensinautomat
SAND. TLF. 97 486



ALT I KOLONIAL

SULDAL INSTALLASJON
SAND

TELEFON 97 319



**Meling Bygg &
Jernvare a/s**

JERN-BYGGEVAREFORRETNING
Spesial listverk-panel på bestilling

Kaldheim & Sønn

UR - OPTIKK
Telefon 97 660 - 4230 SAND

Hjelmeland Sparebank

14130 HJELMELAND

TELEFON 04 - 44 04 17

DnC

Suldal

LOKALBANKEN MED
STORBANKENS FORDELER



EIN SERVICEBANK
FOR HEILE DISTRIKTET


BUSTAD

herreekvipering a s

TLF. 97 148
SAND

A.s Sands Laksefiske

P.O.B. 44 - STAVANGER



ALT I
LANDBRUK
OG
SKOGBRUK

Møgedal
mek. verksted

SAND - TLF. 97 112



VERN VERNEVERDIGE VERDIER
VERNOLIN -
linoljemaling med sinkhvit

SAUDA INTERIØR TLF. 93 044

Elkem
FERROLEGERINGER

SAUDA SΜΕΛΤΕΒΕΡΚ A/S

Singel og Grus A.s

ÅRDAL

Hovedkontor: SANDNES - Tlf. 04 - 57 52 77

En sikker
medspiller



SAUDA - TELEFON 92 411



AARTUN
TREVAREFABRIKK
SAUDA - TLF. (047) 92 202

*For Sundhet og velvære -
spis klikavring fra*

SAUDA BAKERI

TLF. 92 167 - SAUDA


AKSEL HANSSON

møbelfabrikk Hjelmeland
Tlf. (04) 44 03 00

møbelforretning Stavanger
Løkkeveien 40
Tlf. (04) 52 36 83 - 52 12 46

JÆRSTOLER

Hetlelid Møbelverkstad
Hjelmeland
Tlf. (04) 44 15 46



FRÅ TORVSKURD TIL TINGSAL

Dette er ei bok om arbeidslivet på Jæren og i Ryfylke, om slått og høyonn og korn og malt. Om gardvord og gamle juleskikkar, rim og replikk og Ryfylkelyrkk. Og om personlegdomar og ferdslle på gamle fjellvegar. Ei bok om det gamle Rogaland, skriven av ein som kjenner stoffet frå ei langvarig interesse for tida før maskinane tok til å endre både landskap og arbeidsmåtar.

Lars Hellemo er fødd på Sand i 1917. Til hovudfag-eksamen i norsk tok han som hovudoppgåve «Ord og nemningar frå arbeidslivet i Suldal og Røldal». Denne vart seinare omarbeidd og utvida og gitt ut av Norsk Målførarkiv under tittelen «Frå det gamle arbeidslivet». Hellemo har elles skrive fleire artiklar med emne frå Ryfylke.

Pris medl. kr 65-, andre kr 78,-

RYFYLKEMUSEET - 4230 SAND - TELEFON 047 - 97 377